3. Kommunestyret godkjenner «Rutine for eigarskapsstyring».
4. Ordføraren får delegert fast fullmakt til å møte på vegne av Herøy kommune som eigarrepresentant på generalforsamlingar, representantskap og årsmøte m.v. Varaordføraren kan møte i ordføraren sin stad. Formannsskapet får fullmakt til å oppnemne andre dersom ordføraren eller varaordføraren er forhindra frå å møte.

Særutskrift:

Kontrollutvalet i Herøy
Ordførar
Rådmann
Økonomileiar for oppfølging

Vedlegg:

- 1 Økonomisk modell selskapskontroll

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunane har eigarinteresser i ei mengde ulike selskap, og det er viktig at kommunane er gode eigarar. Som eigar bør ein vurdere kva ein skal eige, og korleis ein skal eige. Ved å utøve eigarskapet på ein måte som sikrar langsikteheit og forutsigbarheit, skapar ein gode rammevilkår for selskapa.

Oppgåver og tenester som tidlegare vart ytt direkte av kommunane, vert i dag ofte utført av eigne selskap som er eigd av ei kommune, eller er eigd i fellesskap av fleire kommunar og/eller private. At oppgåveløysing/tenesteproduksjon som normalt er eit kommunalt ansvar vert løyst via eigne selskap, skaper utfordringar vedkomande demokratisk kontroll, innsyn, ansvar m.m. for eigarane av desse selskapa. I tillegg til lovmessige krav om at kommunane skal føre kontroll med desse selskapa, vil utføring av godt eigarskap være svært viktig for å sikre den oppgåveløysinga og tenesteproduksjonen som skjer i desse selskapa.

På grunnlag av lovmessige krav om tilsyn og kontroll, tok kontrollutvala i alle sju kommunane på Søre Sunnmøre initiativ til å få utarbeida rutinar for forvaltinga av kommunane sine interesse i ulike selskap. Framlegg til rutinar for eigarskapskontroll vart utarbeidd av økonomisjefane i kommunane Ulstein, Herøy og Vanylven i 2007, og kommunestyra vedtok desse i 2007/2008. I Herøy kommune vart vedtak gjort i K-sak 183/2007.

Rådmannsgruppa etablerte i 2015 ei arbeidsgruppe for å revidere rutinen, og å kome med eit felles saksframlegg til ny rutine. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå Herøy, Ulstein, Vanylven og Ørsta.

Arbeidsgruppa har vurdert den tidlegare rutinen som god når det gjeld innsyn og kontroll, men at den delen som gjeld eigarskapsstyring bør løftast opp. Administrasjonen si oppfølging av rutinen har ikkje vore god nok i alle kommunane, og det er naudsynt å konkretisere og forenkle rutinen for å sikre oppfølging og utføring.

Utøving av eigarskap

Tradisjonelt har dei politiske rollene til folkevalde vore:

- ombodsrolla
- myndeutøvingsrolla
- samfunnsutviklarrolla

I tillegg kjem to roller som ofte vert utelatne, når folkevalderoller er tema. Desse er eigarrolla og arbeidsgjevarrolla. I denne saka er det eigarrolla som er tema.

Kommunestyret har ei eigarrolle med omsyn til selskap der kommunen er eigar/deleigar. Godt eigarskap betyr at kommunen brukar moglegheita til aktivt å utøve strategisk eigarskap. For å kunne utøve strategisk eigarskap er det naudsynt med ein klar og presis eigarstrategi, der eigar sine forventningar til selskapet er formulert. Er føremålet å skape inntekter til eigarane, eller er føremålet å realisere ulike politiske og samfunnsmessige oppgåver/føremål. Det er viktig med ei tverrpolitisk forståing for kvifor kommunen eig selskapet.

Ein strategisk eigar deltek aktivt i representantskap og generalforsamling i dei aktuelle selskapa. Eigarrepresentanten representerer kommunen som eigar og såleis ikkje seg sjølv eller som representant for noko parti. Sidan eigarrepresentantane i generalforsamling og representantskap skal målbera kommunens interesser i den enkelte sak, vil eigarrepresentanten måtte undersøke fullmaktene sine og eventuelle vedtak/føringar frå kommunestyret før vedkomande møter på vegne av kommunen i desse organa.

Det viktigaste motivet ein kommune har ved å etablere eller engasjere seg i eit sjølvstendig selskap, må vere at selskapet gir eit ekstra bidrag til kommunen sin samla tenesteproduksjon. Så lenge selskapet er med på å realisere kommunen sine

målsetjingar, er eigarskapet nyttig og interessant. Dersom selskapet ikkje lenger er naudsynt for å nå kommunale mål, eller kanskje til og med er ein trussel mot kommunal måloppnåing, må engasjementet i selskapet vurderast på nytt.

Mange kommunale selskap er oppretta for å tilby tenester til innbyggjarane i kommunen. I slike selskap vil det vere spesielt krevjande å uttøve eigarrolla, då dei folkevalde både skal representere brukarane (ombodsrolla) og eigarrolla i selskapet.

Kommunen sitt eigarskap vert direkte utøvd i føretaket sitt eigarorgan, som er generalforsamlinga i eit AS eller representantskapet i eit IKS. Det er eit viktig selskapsrettsleg skilje mellom dette eigarorganet, og styret. Kommunen kan formelt ikkje utøve direkte eigarskap i styret, eller involvere seg i den daglege drifta. Styret er utnemnt av eigarorganet, og har saman med dagleg leiar, ansvaret for den daglege drifta. Dette er likevel ikkje til hinder for uformelle kontaktar mellom eigar og styre/dagleg leiar, om prinsipielle og viktige saker. Gjennomføring av eigarmøter mellom eigar og styre/dagleg leiar vil være eit eigna forum for slike saker.

Ein kommunestyrerepresentant har ulike roller og det kan til tider vere vanskeleg å skilje dei. Fleire kommunar har innført reglar eller vurderer å innføre reglar der kommunestyre- eller formannskapsmedlemmer ikkje skal ha styreverv i selskap der kommunen har eigarinteresser. Slike reglar blir ikkje foreslått her, men det vert anbefalt at ikkje same representant sit både i eigarorganet og styret.

Det er viktig at eigarrepresentanten er kjent med si rolle, og det ansvar han har som eigarrepresentant. Det er viktig at eigarrepresentanten kan søke råd i kommunen sin administrasjon, og at han er gjort kjent med kva som er eigaren sine synspunkt i saker som vert teke opp i eigarorganet. Det er viktig at kommunen syt for å lære opp og løpande følgje opp desse representantane.

Eigarrepresentanten har ansvar for å vidareformidle informasjon til eigar, og å aktivt søke å få avklara eigar sine synspunkt inn mot møter i eigarskapsorganet. I viktige saker som vedtektsendringar og kapitalendringar, bør representanten alltid søke slik avklaring før møtet i eigarskapsorganet.

Formål og overordna prinsipp for god eigarstyring

Formål og vedtekter

Kommunen må ha eit definert føremål og strategi med sitt eigarskap. Føremålet kan være finansielt, politisk eller samfunnsmesseg. Ofte vil desse føremåla overlappe, og føremålet kan og endrast over tid. Ein eigarstrategi bør definere kvifor kommunen eig selskapet eller har eigarinteresser i det. Dersom formålet med eigarskapet endrar seg, bør kommunen vurdere sitt eigarskap.

Selskapet si verksemd og føremål bør tydeleggjerast i selskapet sine vedtekter. Innan rammene for vedtektene bør selskapet ha klare mål og strategiar for si verksemd. Vedtektene dannar ramma for selskapet si verksemd, og desse bør være tilstrekkeleg klare til at verksemda vert drive i samsvar med eigar sitt føremål. Ønskjer eigarane å innskjerpe styret og dagleg leiar sitt handlingsrom, kan dette skje via vedtektsendringar. For kommunen som eigar, er det viktig å ha ei aktiv rolle i samband med vedtektsendringar.

Prinsipp for god eigarstyring

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) har 30.okt 2014 gitt ei anbefaling for eigarstyring og selskapsleiing. Anbefalinga er primært retta mot

børsnoterte selskap, men gjev uttrykk for ein «beste praksis» for godt eigarskap og selskapsleiing. Oppstillinga nedanfor er delvis basert på NUES si anbefaling, samt Bergen, Kristiansand og Tromsø sine eigarskapsmeldingar.

Kommunen ønskjer å ha følgjande prinsipp nedfelt for sitt eigarskap:

1. Selskapet si verksemd bør tydeleggjerast i vedtektene
2. Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risiko
3. Eigarane skal handssamast likt
4. Eigarskapet vert utøvd i selskapet sine eigarorgan
5. Det skal være openheit knytt til kommunen sitt eigarskap
6. Styresamansetninga skal representere kompetanse og mangfald
7. Kommunen gjev som eigar klare langsiktige mål for selskapet. Styret er ansvarleg for realiseringa av måla.
8. Godtgjersle til styre og leiar skal ligge på eit moderat nivå i selskap der kommunen er ein stor eigar
9. Eigarskapet skal fremme samfunnsansvarleg forretningsdrift
10. Selskapet er ansvarlig for rapportering til eigarane

Representasjon i selskapsorgan

Kriterium for val av representantar til eigarorgan, styre o. l.

Her må ein skilje mellom kommunen sine representantar i eigarorgana representantskap og generalforsamling på den eine sida og styrerepresentantar på den andre sida.

Kommunen utøvar direkte eigarmakt berre i eigarorgana representantskap og generalforsamling. Kommunestyret utpeikar kommunen sine representantar til representantskap og generalforsamling. Det er ikkje nødvendig at desse er medlemmar av kommunestyret eller er folkevalde, men det vert likevel anbefalt at ordførar eller andre sentrale politikarar vert utpeika til kommunen sin representant i eigarorgana.

Den viktigaste oppgåva for generalforsamlinga og representantskapet er å velje styre. Eigarane sine representantar som møter i generalforsamling eller representantskap, må derfor vite kva eigarane ynskjer med selskapet og velje det styret som samla er best til å ivareta selskapet på vegne av alle eigarane. Det er anbefalt å nytte valnemnd ved val av styrerepresentantar.

Eigarorganet (eventuelt valnemnda) må ha ei meining om kva kompetanse ein skal sjå etter når ein skal utpeike styrerepresentantar. Nokre selskap har ei rein kommersiell målsetjing, medan andre kan til dømes vere oppretta for å få gjennomført ei konkret samferdselssak. Det vil derfor vere ulike kriterium som bør vektleggast ved val av styremedlemmar.

Følgjande kriterium bør vektleggast:

- kva kompetanse treng selskapet
- kva erfaring er viktig å få inn i styret
- tid/kapasitet til å utføre styrevervet
- mangfald og kjønnsfordeling
- habilitet

Styret har det overordna ansvaret for forvaltinga av selskapet, og skal ivareta den strategiske leiinga av selskapet innan dei rammene som er gitt av eigaren. Det er kva som er tenleg for selskapet som skal være det primære fokuset til styremedlemmane i utøvinga av styrevervet. Styremedlemmar kan bli haldne personleg erstatnings- og straffeansvarleg for sine disposisjonar i styret.

Opplæring og oppfølging

Det er eit stort ansvar å skulle representere betydelege samfunnsinteresser gjennom røystefullmakt på generalforsamling/representantskap eller gjennom styreverv i ulike selskap. Eigar bør derfor legge forholda til rette slik at den som blir utpeika til slike verv, får nødvendig kompetanse til å utføre vervet, og naudsynt kunnskap om det ansvaret som ligg til den oppgåva som han/ho blir sett til å utføre.

Kommunen som eigar har eit ansvar for at denne type opplæring blir gitt. I 2012 og 2016 har Vest kontrollutvalssekretariat arrangert kurset «Eigar-, styre-, og kontrollrolla i kommunale/interkommunale selskap og AS» for kommunale styrerepresentantar, eigarskapsrepresentantar og administrasjonen i kommunane.

Administrasjonen i kommunen må vere tilgjengeleg for rådgjeving overfor kommunalt valde representantar. Ved generalforsamlingar og representantskapsmøte kan kommunen sin representant på førehand drøfte og vurdere selskapet sitt rekneskap og årsmelding med kommunen si økonomiavdeling. Tilsvarende vil det vere naturleg å bruke juridisk eller anna kommunal kompetanse når det er behov for det. I samband med generalforsamlingar og representantskapsmøte kan det vere aktuelt at administrasjonen deltek saman med politisk valde utsendingar for å gje råd i saker som kjem fram under møtet.

Rapportering til eigar

For å kunne ivareta si rolle som ein god og strategisk eigar, er kommunen avhengig av god kommunikasjon med sine eigarrepresentantar, og at informasjon frå selskapet vert arkivert og gjort tilgjengeleg for politikarar, offentlegheit og administrasjon i kommunen.

I Norge har vi eit prinsipp om offentlegheit i forvaltinga, og openheit og forutsigbarheit aukar tillita til det kommunale eigarskapet. Kommunen ønskjer å legge til rette for meiroffentlegheit i kommunalt eigde selskap så langt det er mogleg, og ikkje i strid med teieplikt og forretningsmessige omsyn.

Eigarane skal varslast om møter i representantskapet (IKS) med minst 4 vekers varsel, og om møter i generalforsamling (AS) med minst 1 vekers varsel. Korte fristar gjer det vanskeleg å handsame viktige saker for eigarane politisk innan fristen. Det er derfor viktig at eigarrepresentanten i forkant orienterer kommunen om spesielt viktige saker eller saker som er svært relevante for kommunen sitt engasjement i selskapet, slik at kommunen kan vurdere sitt standpunkt, før saka kjem opp til avgjer i selskapet sine styrande organ.

Det vert anbefalt at ordførar eller andre sentrale politikarar vert utpeika til kommunen sin representant i eigarorgana. Dette for å sikre at kommunikasjon mellom selskapet og eigarkommunen skjer raskt, og at informasjon tilflyt politiske organ.

Kontroll og økonomisk oppfølging

Kommunen sitt eigarskap i selskap, er underlagt kontroll av både kontrollutval, revisor og administrasjon. Kontrollutvalet, revisor og administrasjonen si oppfølging er som følgjer:

Selskapskontroll – Kommuneleva § 80

Kommunen sin revisor og kontrollutvalet har etter § 80 i kommuneleva rett til utvida innsyn i alle interkommunale selskap (IKS) og i aksjeselskap som er 100 % eigde av ei eller fleire kommunar i fellesskap, samt i heileigde dotterselskap av desse.

Kommunestyret vedtek eigne retningsliner for kontrollutvalet sin selskapskontroll, og det er kontrollutvalet som avgjer omfanget av sin eigen selskapskontroll. Formålet med selskapskontrollen er å kontrollere om den som utøver kommunen si eigarinteresse, utøvar denne mynda i samsvar med lovverket og følgjer opp kommunen sine eigarinteresser slik desse er klargjorde i dei vedtak og formål som ligg til grunn for eigarskapet i selskapet. Selskapskontrollen omfattar ikkje ein regelmessig kontroll med forretningsmessige disposisjonar. Dette er ein kontroll som fell inn under styret sitt ansvarsområde.

Kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m. m. – Kommuneleva § 77 nr 5

Kontroll / oppfølging med kommunen sine engasjement i selskap som fell utanfor kontrollutvalet sin innsynsrett etter kommuneleva § 80, kan gjennomførast utifrå § 77 nr 5:

"Kontrollutvalet skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet m. m."

Omgrepet "interesser" i kommuneleva. § 77 nr 5, vil omfamne dei fleste engasjement, som kommunen har i ulike selskap, foreiningar, stiftingar o. l. Grunnlaget for kontrollen er kommunestyret sitt eige frittstående formål for å engasjere seg i organisasjonen/selskapet.

For at kommunen skal krevje innsyn/kontroll i desse engasjementa, er det naudsynt å krevje rett til innsyn/kontroll i selskapsavtalen eller vedtektene. Krav om innsyn/kontroll kan og setjast som ein føresetnad for kommunale tilskot eller næringsstøtte. Det kan til dømes setjast krav til innsyn/kontroll i samband med kommunale garantiar.

Administrativ oppfølging av selskapa sin økonomi

Den administrative oppfølginga av kommunen sitt eigarskap og interesser, vil bli gjort i ei årleg sak til kommunestyret. Saka skal omfatte ei samla oversikt av kommunen sine eigarinteresser i ulike selskap, samt ei oversikt over næringslån og garantiar.

I selskap der kommunen har vesentlege eigarinteresser, vil det bli gjort ei økonomisk analyse av selskapet si økonomiske utvikling. Det er utarbeida ein oppfølgingsmodell der viktige økonomiske nøkkeltal vert nytta til ei enkel analyse. Nøkkeltala er henta frå offentleg tilgjengeleg informasjon. Dersom det er behov for ytterlegare informasjon, kan selskapet kontaktast for nærare avklaringar.

I selskap der kommunen har mindre eigarinteresser og med låg risiko, vil den årlege rapporteringa berre omfatte balanseverdi og eigarpart.

Eigarskapsmelding

KS tilrår alle kommunar å utarbeide ei eiga Eigarskapsmelding over kommunen sine eigarinteresser i ulike selskap. Formålet med ei Eigarskapsmelding vil være å skape ei større merksemd kring kommunen sitt eigarskap, og å gjere kommunen til ein tydelegare eigar, ved mellom anna å stille eigarkrav til selskapa basert på nærare definerte formål og mål med eigarskapet.

I NOU 2016:4 "Ny kommunelov" vert det føreslått å gjere det obligatorisk for kommunane å utarbeide Eigarskapsmelding. Denne rutinen omhandlar dei fleste moment som ei Eigarskapsmelding skal innehalde. Dersom Eigarskapsmelding vert obligatorisk, vil denne rutinen være eit godt grunnlag for å utarbeide ei ordinær Eigarskapsmelding.

Rutine for eigarskapsstyring

1. Etablering av selskap og nye engasjement.

Bakgrunnen for at kommunen engasjerer seg som eigar i eit selskap skal gå fram av etableringsvedtaket.

1.1. Strategi for kva ein vil oppnå med eigarskapet/engasjementet

Det skal gå klart fram kva formål og strategi kommunen har for oppretting av selskapet, og om formålet kan oppfyllest innanfor eksisterande organisasjonsstruktur.

1.2. Val av selskapsform

Ved val av selskapsform må det vurderast kva selskapsform som er best egna til å oppnå målsetjingane med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av denne selskapsforma, og gir selskapsforma tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen? Kva behov ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet?

Selskap som driv konkurranseutsett verksemd i tillegg til monopolverksemd, bør som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

1.3. Finansiering / eigenkapital til oppretting av selskapet

Kommunen skal budsjettere med midlar til eigenkapital / tilskot til opprettinga. Om behov skal det også budsjetterast med ytterlegare tilskot i økonomiplanperioden. Kostnads- og ansvarsfordeling mellom eigarane skal definerast.

1.4. Krav om innsyn

I IKS, selskap etter § 27 i koml. og heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80. Ved oppretting av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal krevje rett til innsyn i selskapet, jf koml. § 77, 5. ledd. Slik innsynsrett skal normalt krevjast. Rett til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.

Ved tilsegn om kommunale garantiar, næringstøtte og andre tilskot skal kommunestyret vurdere om det skal krevjast rett til innsyn i selskapet / organisasjonen, jf. koml. § 77, 5. ledd. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.

2. Endringar av kommunen sin eigarandel i selskap og endringar av vedtekter

Ved endringar i vedtekter eller eigarstruktur i selskap der kommunen er inne som eigar, skal ein spesielt vurdere dei forholda som går fram av punkta under:

2.1. Strategi for vidare eigarskap

Det skal vurderast om selskapet framleis oppfyller formålet som ligg til grunn for eigarskapet/engasjementet.

2.2. Økonomisk utvikling

Følgjande forhold skal spesielt vurderast:

- Er innskoten kapital i behald?
- Er det naudsynt med utviding av eigenkapitalen og eventuelt innskot av ny eigenkapital?
- Er drifta økonomisk forsvarleg, og i samsvar med regelverket?
- Representerer dagens drift ein økonomisk risiko for eigarane?
- Gjev den økonomiske analysen etter analysemodellen grunn til særskilt oppfølging, og er trenden i utviklinga positiv / negativ?
- Er tidlegare merknader vedkomande drifta følgd opp?

Ved endring av drifta bør ein som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

2.3. Kommunen sin representasjon i eigarorgan

Er kommunen representert i forhold til eigardel eller selskapsavtale? Har kommunen vore representert på generalforsamling eller representantskap? Er det behov for å endre kommunen sin representasjon?

2.4. Generalforsamling og representantskap

Gjev årsrekneskap, årsmelding eller andre saker på generalforsamlinga eller representantskapet grunnlag for å skifte ut eller gjere endringar i styret?

Er forslag til vedtektsendringar i samsvar med lov og kommunen sine politiske vedtak?

Vert det gitt tilbakemelding til kommunestyret frå generalforsamlinga eller representantskapet?

2.5. Kommunen sin kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement

Er kommunen sikra rett til innsyn i selskapet i medhald av koml. § 77, 5. ledd? Er det ønskeleg med eit utvida rett til innsyn?

Er det kravd og gjennomført innsyn i selskapet, og er eventuelle avvik i rapportar følgd opp?

Gjev utført administrativ oppfølging, jf pkt 3, grunn til å vurdere kommunen sitt eigarskap i selskapet?

3. Oppfølging av selskapa

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over dei selskapa som kommunen er engasjert i, kven som til ei kvar tid representerer kommunen som eigar i selskapet og kva føremålet med engasjementet er. Det skal gjennomførast ein årleg kontroll. Målsetjinga med kontrollen er å følgje opp økonomisk utvikling og strategi med eigarskapet.

Det kan skiljast mellom generell rapportering og enkeltrapportering. Alle rapportar skal som utgangspunkt til kommunestyret. Kommunestyret kan pålegge kontrollutvalet å utføre ytterlegare kontroll.

3.1. Generell rapportering

Generell rapportering skal leggst fram for kommunestyret kvart år. Den årlege kontrollen med økonomiske nøkkeltal og kommentarar skal vere grunnlaget i rapporten. Dette er ein generell rapport som viser status. Kommunestyret kan med bakgrunn i rapporten be administrasjonen utføre vidare kontrollar, jfr punkt 3.2.

I rapporteringa skal det leggst fram liste over alle selskapa som kommunen har eigardel i,

Det vert føretatt ei administrativ vurdering av kva selskap som vert analysert med oppfølgingsmodellen, jfr vedlegg. Selskap av liten verdi eller med liten risiko inngår normalt ikkje i denne analysen.

Grunnlaget for analysen er den økonomiske situasjonen til selskapa basert på årsmelding og årsrekneskap frå offentleg tilgjengelege rapportering. Dersom det gjennom analysen kjem fram særskilde avvik, kan det vere naturleg å ta kontakt med selskapet for nærare avklaring av situasjonen.

3.2 Enkeltrapportering

Kommunestyret kan på bakgrunn av rapporteringa i punkt 3.1, be om at det vert gjennomført eigen utvida rapport for eit enkelt selskap.

4. Representasjon i styre og generalforsamling/ representantskap

Generelt:

Ved innstilling av representantar bør det vurderast om det er eit kommersielt selskap eller eit selskap med eit ideelt eller politisk formål. KS tilrår at ordførar eller rådmann ikkje bør vere medlem av styre. Vidare vert det anbefalt at styremedlemmar i morselskap ikkje bør sitje i styre til dotterselskap.

For å skilje dei ulike rollene bør ein unngå at same person møter i både styret og eigarorganet (generalforsamling og representantskapet).

Styremedlemmar:

Styremedlemmar vert valt av generalforsamling eller representantskapet. KS anbefalar bruk av valnemnd ved val av styremedlemmar.

Følgjande kriterium bør vektleggast ved val av styremedlemmar:

- a) kva kompetanse treng selskapet
- b) kva erfaring er viktig å få inn i styret

- c) tid/kapasitet til å utføre styrevervet
- d) mangfald og kjønnsfordeling
- e) habilitet

Folkevalde bør registrere alle styreverv i Styrevervregisteret.

Representasjon i generalforsamling/representantskap

KS har i "anbefaling om eigarskap" anbefalt at kommunestyret oppnemner sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i generalforsamling/representantskapsmøte. Oppnemning av sentrale folkevalde til eigarorgan vil bidra til å forenkle samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet.

Ved val av eigarrepresentantar bør ein vurdere om ein fast folkevald (t.d. ordførar) gjennomgåande skal vere kommunen sin representant.

5. Opplæring og oppfølging

5.1 Opplæring

Representantar i styre, representantskap og generalforsamlingar, skal få tilbod om opplæring i starten av ny kommunestyreperiode. I opplæringa skal ein spesielt legge vekt på:

- informere om rettar og plikter representanten tek på seg ved å la seg velje til vervet
- la representanten få innsikt i kva ansvar han/ho kan pådra seg
- orientere om kven ein skal vere lojal overfor som vald representant. I dette ligg å skilje mellom verv der ein skal representere kommunen som eigar og styreverv der ein har ansvar overfor generalforsamlinga/representantskapet og selskapet
- informere om korleis eit selskap er organisert, forskjellen mellom generalforsamling og styre
- få generell opplæring i styrearbeid

Denne opplæringa kan med fordel gjennomførast felles for fleire kommunar.

5.2 Oppfølging

Representantane kan be kommuneadministrasjonen om å få utlevert offentleg dokumentasjon som kommunen har om

- formålet med kommunen sitt engasjement i selskapet
- eventuelle strategiar for eigarskapet
- vedtak i kommunen om forhold som gjeld selskapet
- økonomiske vurderingar som administrasjonen har gjort mot selskapet
- anna relevant informasjon som kan vere viktig for representanten for å kunne utøve vervet

Dei valde representantane skal gjerast kjende med at dei kan nytte den kommunale administrasjonen som støttespelar i utøvinga av vervet dei er valde til å ivareta.

6. Løpande dialog med eigarrepresentantane

Representantane som møter på representantskap og generalforsamling, skal representere kommunen og følgje dei vedtaka som kommunen har gjort enten dette gjeld:

- eit konkret politisk vedtak som gjeld ei spesiell sak som skal til behandling i selskapet
- generelle føringar som gjeld selskapet eller som framgår av grunngjevinga for at kommunen oppretta eller engasjerte seg i selskapet
- generelle retningslinjer i kommunen sin eigarskapspolitikk.

Representantane må på eige sjølvstendig initiativ løpande vurdere om:

- saker til handsaming skal drøftast med kommunen på førehand.
- saker som gjeld vedtektsendring, bør leggjast fram for kommunen på førehand.
- opplysningar som dei blir kjende med ved utøving av vervet, skal tilbakerapporterast eller vurderast av kommunen,
- ein ynskjer å ha med seg representantar frå administrasjonen til generalforsamling/representantskap,

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 02.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Driveklepp



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/508
		Arkiv:	K24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
87/16	Formannskapet	10.05.2016
77/16	Kommunestyret	25.05.2016

PLASSERING AV DEPONI FOSNAVÅG HAMN - SVAR PÅ KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK FRÅ 18.2.2016

Møtebehandling:

Stig Arne H. Sævik reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er leiar i Herøy Fiskarlag som har kome med merknader i saka. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Stig Arne H. Sævik vart samrøystes kjend habil.

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Svein Gjølseth (Ap) kom med slikt framlegg:

- «1. Herøy kommunestyre gjer om inkje vedtak om deponi Fosnavåg hamn av 10.12.2015 pkt. 1.
2. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ indre hamn Fosnavåg skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.»

Det vart halde gruppemøte.

H, Frp og Krf v/Arnulf Goksøyr (H) kom med slikt framlegg:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 –ytte- del av Fosnavåg skal nyttast til deponering av ureine masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Reine masser skal nyttast til oppfylling av næringsareal i tilknytning til Fosnavåg Pelagic.
3. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjekt som skissert i saka. Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansierings- løysingar for prosjektet.

4. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gang reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.
5. Indre almenningsskai til og med Fosnavåg Pelagic. Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.

Framlegget frå H, Frp og Krf vart vedteke mot 4 røyster.

Svein Gjelseth, Per Kristian Furø, Olaug Andreassen og Kjell Runde røysta imot.

Tilråding i Formannskapet - 10.05.2016

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 –ytre- del av Fosnavåg skal nyttast til deponering av ureine masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Reine masser skal nyttast til oppfylling av næringsareal i tilknytning til Fosnavåg Pelagic.
3. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjekt som skissert i saka. Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansierings- løysingar for prosjektet.
4. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gang reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.
5. Indre almenningsskai til og med Fosnavåg Pelagic. Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.

Tilråding:

Herøy kommunestyret vedtek at alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

Særutskrift:
Kystverket

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 1_Møteprotokoll 18 februar 2016 -KST
- 2 2_Kommunestyrevedtak 10122015_og_18022016
- 3 3_referat_jan_leine_,_fl_9_mars
- 4 4_referat_pelagic_9_mars
- 5 5_svar_pelagic_frå_møte_9-mars
- 6 6_Kartskisse_pelagic
- 7 7_referat_sævik_9_mars
- 8 8_referat_voldnes_9_mars
- 9 9_referat_voldnes_9_mars_følgebrev_frå_robert
- 10 10_takst_nausteigedomar
- 11 11_Svar frå Jonny K Pettersen m_fl
- 12 12_svar frå Rune Pettersen
- 13 13_Torsken_kommune_informasjon
- 14 14_Tilbod frå kommunen til Igesund og Nordmar
- 15 14_B_Tilbod frå kommunen til Igesund og Nordmar kartskisse 1
- 16 14_C_Tilbod frå kommunen til Igesund og Nordmar kartskisse 2
- 17 15_Aksept av tilbod frå Igesund og Nordmar
- 18 16_Notat angående eventuell flytting av FIO
- 19 16_B_Skisse over nytt anlegg utkast 2
- 20 17_kalkyle_oppfylling

Saksopplysningar:

Saka søker å gi svar på kommunestyret si bestilling frå 18 februar 2016. Det har ikkje lukkast å få på plass ein intensjonsavtale, men ei rekkje forhold er avklara så langt det let seg gjere innanfor tidsramma ein har hatt til rådighet.

Vedtak i Kommunestyret - 10.12.2015

6. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 –ytre- del av Fosnavåg skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
7. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjekt som skissert i saka. Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansierings- løysingar for prosjektet.
8. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gang reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.
9. Indre almenningsskai til og med Fosnavåg Pelagic. Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.

Oppfølging av vedtak 10.12.2015:

Sak om planprogram for reguleringsarbeidet vart fremja i formannskapet 19 april 2016, men behandlinga vart utsett i påvente av svar på kommunestyresak frå 18 februar 2016.

Med omsyn til reguleringsarbeid som skissert i pkt 4 er dette ikkje påbegynt då ein har prioritert pkt 1 i vedtaket. Dette har med tilgjengelege planressursar å gjere.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Herøy kommunestyre er svært opptekne av at Fosnavåg hamn skal utdjupast til 8,3 m i tråd med tidsplanane til Kystverket. Tidsramma for tilrettelegging av landdeponi er knapp, og dermed avgjerande viktig for å lykkast med dette arbeidet.

Kommunestyret er opptekne av at overskotsmassane skal gjere nytte for seg til beste for utviklinga av Fosnavåg for framtida.

Kommunestyret ber administrasjonen ta kontakt med grunneigarane på indre hamn med sikte på å få gjort intensjonsavtalar for å muleggjere evt. deponi på indre hamn.

- Ein intensjonsavtale må baserast på kostnadsdekking av naudsynt grunnkjøp, inkl. sjøhus/naust på indre Almenning dersom dette skal overtakast av privat næringsaktør.

- Avtalen må innehalde ein rett til at Kystverket kan etablere deponi framfor privat eigde kaier/grunn.

- Det må foreligge avtale om at grunneigarane tek over grunnen vederlagsfritt når deponiet er bygd og klar for overlevering frå Kystverket.

- Vidare utvikling og opparbeiding av overteken grunn skal vere i tråd med reguleringsplan og kostast av grunneigarane.

- Avtalen skal innehalde avklaringar der evt. opparbeiding av ny kaifront er kostnadsfri/kostnadsnøytral for Herøy kommune.

- Kommunestyret ber også om at kommunen sine samla kostnader og avtaler for deponi på ytre hamn vert lagt fram i same sak.

Kommunestyret ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 19.04.2016 og i kommunestyret 28.04.2016 dersom ein oppnår naudsynte kostnadsnøytrale avtalar for kommunen.

Oppfølging av kommunestyrevedtaket:

Ein har gjennomført møte med grunneigarar og taksert nausteigedomane på indre hamn. Taksten er oversendt til respektive grunneigarar og Fosnavåg Pelagic for uttale. Det er og innhenta opplysingar frå Torsken kommune som har vore gjennom liknande avtaler med utbygging av kai til fiskerisektoren. Saka har og vore sendt til Fiskarlaget for kommentarer med omsyn til siste skisse frå kystverket, molo over hamna.

Nausteigedomar

Det vart gjennomført møter med representantar for grunneigarane på gnr 34 bnr 481 og desse var positive til å selje eigedomane. Det vart ikkje gjennomført eigne særskilde møter med grunneigarane for dei bebygde nausttomtene, men dei er

informert løpande om prosessen og var tilstades sjølve eller med representantar ved taksering og har fått oversendt takstgrunnlaget for kommentarar.

34/481 – Ubebygd nausttomt, taksert til 290 000 kroner.
Svar frå eigarane: Aksepterer taksten og vil selje

34/491 – Bebygd nausttomt, taksert til 1 410 000 kroner.
Svar frå eigar pr. epost 27.4.2016:

*Har sett på takst,oppsett angående Tomt og sjøhus. Angående,Beligenhet
Dypgående ut for Sjøtomt skulle tilsi en bedre pris til sammenligning inst inne der det
på fjære sjø er tørt.*

*Angående Sjøhus som er av nyere dato, med forhudningspapp og tjørepapp innen
for bordkledning,samt i hovedetasje er det teke høgde for å kjøre med truck.*

Vil med dette ha en ny takst,da eg synest taksten er alt for lav.

34/510 – Bebygd nausttomt, taksert til 1 235 000 kroner.
Svar frå eigarane, epost 26.4.2016:

*Viser til tidligere mail, og en takst over eiendommen. 34.510, eid av Leiv Pettersen
og Atle Knut Pettersen. Da den ene av eierne ikke vil selge må vi takke nei til tilbud
om å selge sjøbuden.*

*Eieren ønsker å ha en sjøbu på indre havn og mener derfor at tilbudet ikke er godt
nok for den ulempen han måtte ha for å selge denne eiendommen.*

*Dersom det kan komme et alternativ med en tomt eller sjøbu på indre havn eller i
umiddelbar nærhet vil eieren revurdere dette.*

Kommunen har tilbode tomt på Kvalsund hamn, men dette er ikkje aktuelt då ingen av eigarane har sertifikat.

Fosnavåg Pelagic, møte 9 mars

I møtet med kommunen 9 mars 2016 vart det orientert om bakgrunn for møte og status i arbeidet med omsyn til andre involverte eigedomar som er berørte av kommunestyrevedtaket frå 18 februar 2016. Karsten Sævik orienterte om planane til Fosnavåg Pelagic og arbeidet ein har fått utført til no med sikte på å utvide og utbetre bedrifta.

Ein vart samde om at Fosnavåg Pelagic skulle ettersende ei oppsummering av planar og arbeid som er utført som grunnlag til kommunestyresaka. Saman med oppsummeringa skulle skisser, masseberegningar, økonomiske vurderingar og løysingar ligge ved som avtalt i møtet. Det vart og vist til Torsken havprodukter sitt samarbeid med Torsken kommune som kan ha relevans for saka.

Fosnavåg Pelagic, svar 18.4.2016

Den 18 april 2016 mottok Herøy kommune epost frå Fosnavåg Pelagic der dei kom med følgjande utfyllande informasjon.

Bygging av ny kai

Når det gjelder kostnader knyttet til bygging av ny kai ber vi kommunen legge til rette for en søknadsprosess opp mot Kystverkets ordning om 50 % kostnadsdekning for en foreløpig estimert kostnad på NOK 2,8 million til bygging av ny kai. De resterende 50 % søkes finansiert gjennom Kommunalbanken der Fosnavaag Pelagic dekker avdrag og kapitalkostnader. Dette vil være en ordning der Fosnavaag Pelagic bærer kostnadene for bygging av ny kai.

Kailengde på vedlagte skisser er på 40 meter.

Nausteigedomar

Fosnavaag Pelagic er villig til å ta over de berørte naust eiendommene til takst tilrettelagt gjennom Herøy Kommune.

Svar på spørsmål stilt av Robert Voldnes i møte av 9 mars til Fosnavåg Pelagic AS.

Daglig leder i Fosnavaag Pelagic har gjennomført møte med vedkommende der han hadde ingen innvendinger mot etablering av deponiet i front av Fosnavaag Pelagic.

Gerhard Voldnes As v/Robert Voldnes

I møtet med kommunen 9 mars 2016 vart det orientert om bakgrunn for møte og status i arbeidet med omsyn til andre involverte eigedomar som er berørte av kommunestyrevedtaket frå 18 februar 2016.

Robert Voldnes er nøgd slik det er i dag og har ikkje behov for ytterligare utviding på eigen grunn. Ein er ikkje negativ til å etablere deponi på indre hamn, men kan ikkje ta på seg kostnadar med prosjektet.

Robert Voldnes peikar og på eigedomsforhold kring gnr 33 bnr 82 som må avklarast. Robert Voldnes sender inn dokumentasjon på dette og dette ligg vedlagt referatet. Spørsmål kring uavklarte eigedomsforhold vart oversendt til Fosnavåg Pelagic for uttale.

Svaret frå Fosnavåg Pelagic er at det er gjennomført møte Robert Voldnes og han hadde ingen innvendinger mot etablering av deponiet i front av Fosnavaag Pelagic. Dette er bekrefta av Robert Voldnes pr.telefon 26.4.2016.

I møte vart det lagt fram skisse som Fosnavåg Pelagic har fått utarbeidd. Robert Voldnes har ingen innvendingar til denne skissa.

Robert Voldnes har i eige brev kome med sine krav:

Som grunneigar av 33/5 gjev vi herved løyve til å anlegge landdeponi framfor vår eigedom.

Løyvet er gitt under vilkår av;

1- at vi minst får behalde like lang kaifront/line som i dag (33/5)

2- vi får full eigedomsrett og råderett over den nye kaifronten /lina og arealet som vert fylt ut

3- vi skal overta det utfyllte arealet og kaifront/lina vederlagsfritt

4 - vi skal ikkje kunne påleggast noko form for påkostningar av toppdekke, kaifront etc. før vi sjølv finn det formålstenleg. Dette fordi vi ikkje har drift som tilsei bruk av det utfylte arealet. Ein må difor pårekne at dette kan verte liggande urørt frå vår side på ubestemt tid. Massen må difor frå Kystverkets side vere slik at dette kan ligge på ubestemt tid utan innsats frå vår side

5 -vi krev at det vert laga til ein høveleg kaifront (utan kostnad for oss) som gjer at vi kan nytte kaia (som vi kan i dag)

6 - eigedomsretten til sjøarealet framfor den delen som Fryseriet/nabo har ein «åremåls-bruksrett» på må avklarast. Etter vår meining tilhøyrer den 33/5 og skal ha same rettar som pkt 1 tom 5 over.

Vi er sjølv sagt innforstått med at utnytting av arealet må skje ihht. den ein kvar tid gjeldande reguleringsplan for området i Ura.

Sævik Invest


I møtet med kommunen 9 mars 2016 vart det orientert om bakgrunn for møte og status i arbeidet med omsyn til andre involverte eigedomar som er berørte av kommunestyrevedtaket frå 18 februar 2016.

Sævik Invest tykkjer dette er ei utfordrande sak. Kostnadane som kan kome på grunneigarane vil ikkje vere forsvarleg sett ifrå deira synstad. Sævik Invest ønsker å selje eigedomen og hadde på møtetidspunktet aktuelle kjøparar. Sævik Invest signaliserte vidare at skal ein vere med vidare ser ein for seg ei maksgrense på 2 millionar kroner som dei kan vere delta med.

I møte vart det lagt fram skisse som Fosnavåg Pelagic har fått utarbeidd. Sævik Invest har ingen innvendingar til denne skissa.

Vurdering:

Den skisserte løysinga frå kystverket har til den 14 april 2016 vore å etablere ein spuntvegg over hamna som skissert under.



Kystverket er innforstått med at deponisaken skal til ny behandling i kommunestyret nå i april. Vi har så langt overlatt deponivalget til kommunen og stilt oss åpne for begge alternativ.

Etter at det ble klart at saken skulle opp til ny behandling bestilte vi imidlertid en ny konsulentvurdering av indre deponi med stålsjunt. Vi har nå mottatt en forhåndsrapport som tilsier kostnader som langt overskrider selve mudringsarbeidet. Dersom indre alternativ velges må derfor sannsynligvis tiltaket i Fosnavåg opp til ny vurdering på overordnet plan. Alternativt må kommunen være aktiv part, også økonomisk i etableringen.

Basert på denne eposten vart det gjennomført eit skypemøte med kystverket der ordførar, Svein Gjelseth, rådmann og utviklingsleiar deltok.

I møtet bekrefter Kystverket at å etablere ein sjuntkonstruksjon som tidlegare skissert vert forkasta som løysing og ein vurderer no å etablere ein ordinær molo over hamna. Moloen må etablerast som vist på skisse under for å romme dei massene som skal mudrast.

Kystverket bekreftar vidare i møtet at det kan søkjast om tilskot om bygging av offentlege kaier inntil 50 % og at desse avtalane har ei bindingstid på 20 år. Nasjonale tilskot til offentlege kaier har ein storleik på omlag 40 millionar årleg og vert tildelt over statsbudsjettet. Siste år var det 5 søknadar om bygging av offentlege kaier i vår region og kystverket tykkjer ein har fått bra utteljing. Nasjonalt er det søknadar om tilskot for meir enn 3 gongar tilskuddspotten. Kystverket kan ikkje gi garantiar om tilskot på førehand då desse er basert på årlege søknadar/behandling og avhengig av politisk godkjenning og rammer gitt over statsbudsjettet.


Det vart og stilt spørsmål frå kommunen om skissa frå Fosnavåg Pelagic (oversendt til Kystverket tidlegare for kommentarer) om deponiet som dei har lagt fram er tilstrekkeleg for prosjektet. Kommentaren frå kystverket var at sjunting er uaktuelt for dette prosjektet og ein går ikkje vidare med denne løysinga.

Med omsyn til finansiering av prosjektet er dette over NTP med startfinansiering og mogleg fullfinansiering i 2017. Eventuelle restbeløp vil verte sett i bundne midlar for 2018. Kystverket bekreftar i møte begge alternativa, indre eller ytre, er innanfor dei ein meiner er finansiert sjølv om ein molo i ytre noko dyrare. Dei legg vidare vekt på at eit indre deponi, som og er den rimeligaste løysinga (kystverket sine kostnader), vil vere den beste for vidareutvikling av Fosnavåg som fiskerihamn. Kystverket er tydeleg på at dersom sjuntløysing skal leggst til grunn må prosjektet utredast på nytt og dette vil ta fleire år .

Kostnader som private eller andre må dekkje er reine masser over avslutning deponi, topplag og kaier som må etablerast. Tekniske anlegg kjem i tillegg til desse kostnadane.

Med omsyn til reine masser viser ein til dei siste skissene av molokonstruksjon på indre hamn som viser at ein må påregne 1 meter med oppfylling av reine masser. Arealet som ein snakkar om er om lag 12 000 m².

Skisse for etablering av sjete for indre deponi




Høyden for innskissert kai stemmer ikke med virkeligheten, da høyden på kaien til Fosnavåg Pelagic ikke er mer enn ca 2,8 m iht sjøkartet

Foreløpig massebergning/kapasitet:

Utdyping -8,3m = 61591 m³

Sjete totalt = 37953 m³

Kapasitet deponi +2 = 68250 m³



Rosa areal er mudringsområde, grått areal er mogleg deponiområde i bakkant av planlagt molo.

Konklusjon:

Det ligg ikkje føre nokon intensjonsavtale slik kommunestyret ba om, men ein har følgjande avklaringar til kommunestyret pr. 29.4.2016

- Ein intensjonsavtale må baserast på kostnadsdekking av naudsynt grunnkjøp, inkl. sjøhus/naust på indre Almenning dersom dette skal overtakast av privat næringsaktør.

Kommentar: Fosnavåg Pelagic bekreftar at ein vil løyse inn til takst. Ein må merke seg at grunneigarane på bnr 481 har sagt seg villige til å selje til takst, grunneigarane på bnr 510 er ikkje nøgd med takseringa og grunneigarane på bnr 491 er delt i synet på sal.

- Avtalen må innehalde ein rett til at Kystverket kan etablere deponi framfor privat eigde kaier/grunn.

Kommentar: Ingen av grunneigarane har signalisert i møte at dei ikkje vil kunne godta at deponi vert plassert framfor eignedomane.

- Det må foreligge avtale om at grunneigarane tek over grunnen vederlagsfritt når deponiet er bygd og klar for overlevering frå Kystverket.

Kommentar: Kystverket bekreftar at oppfylt areal kan eigast av private, men at kaier som mottek offentleg støtte må eigast av kommunen. Det vil derfor vere naudsynt at areal fram til desse kaiene og må vere offentlege. Det ligg ikkje føre skisser kva område som må vere i offentleg eige då kaier ikkje er «plasserte».

- Vidare utvikling og opparbeiding av overteken grunn skal vere i tråd med reguleringsplan og kostast av grunneigarane.

Kommentar: Ingen av grunneigarane ein har hatt møte med er imot at utvikling og at opparbeiding av overteken grunn skal vere i tråd med reguleringsplan. Med omsyn til at utvikling og opparbeiding av overteken grunn skal kostast av grunneigarane stiller det seg noko annleis.

Fosnavåg Pelagic bekrefter at dei tek kostnadane innanfor det området som dei disponerer og at dei vil imøtekome å dekkje kommunen sine kostnader med bygging av kai og at der er ei bindingstid på at kaia i 20 år er open for allmenn bruk.

Robert Voldnes bekrefter i møte og i si tilbakemelding at han ikkje kan vere med på å dekkje kostnadane med oppfylling av areal og etablering av kai.

Sævik Invest bekreftar i møte at dei har ei kostnadsramme på maks 2 millionar dei vil vere med på å dekkje. Sævik Invest AS har tidlegare lagt til grunn at dei skal behalde same kaifasilitetar som i dag utan ekstra kostnader.

- Avtalen skal innehalde avklaringar der evt. opparbeiding av ny kaifront er kostnadsfri/kostnadsnøytral for Herøy kommune.

Kommentar: Det er mogleg å få til avtalar som er kostnadsfri/kostnadsnøytrale for Herøy kommune med omsyn til etablering av offentlege kaier. Ein viser då til prosjekt frå Torsken kommune der ein gjekk inn avtale med Nils Sperre AS/Torsken havprodukter AS der desse firmaene betjener lån på avdrag, renter og øvrige finanskostnader.

Fosnavåg Pelagic har bekrefta at dei vil kunne på inn på ein avtale lik det som er gjort med Torsken kommune.

Robert Voldnes har tydeleg signalisert at ein ikkje kan ta desse kostnadane.

Sævik Invest har lagt til grunn ei maks kostnadsramme i eit evt. prosjekt på 2 millioner som ein kan vere med på.

Kostnader

Ytre alternativet

Dei framforhandla avtalane om grunnnerverv har desse kostnadane:

Samla tilbod til Igesund Eigedom 2 704 900 kroner + omkostningar.

Samla tilbod til Nordmar Eigedom 2 178 000 kroner + omkostningar.

Totale grunnnervervkostnader: 4 882 900 kroner + omkostningar

Kart:



Kommunen kjøper Areal A + B inklusive tilflot- og sjørettar og alle tilflot- og sjørettar nord om areal med grøn farge. Dette betyr at kostnader med å fylle opp areal frå kystverket si avslutning av deponi på dette arealet (nord for areal med grøn farge) vil kommunen måtte pårekne å dekke.

Skisse utarbeid av kystverket og oversendt til kommunen 29.4.2016:

B, kommunen sitt areal - stipulert oppfylingskostnad 6640m² x 294kr = 1 952 160 kroner

Eggesbø eigedom AS – Isanlegg

Det er ikkje ført forhandlingar med denne grunneigaren direkte. Ein vil likevel vise til dialogen som har vore mellom kommune og Måløy havneservice AS der firmaet har vist interesse for å flytte verksemda si til indre hamn.

Bakgrunnen for dette er som Måløy hamneservice As skriver:

Fosnavåg Is og Oljeservice AS ble sommeren 2013 spurt om vi var villige til å flytte virksomheten vi driver i sentrum av Fosnavåg til en annen lokalitet, for å gi plass til bygging av nytt administrasjonsbygg for virksomheten som drives av Åge Remøy og hans selskaper. Det ble i den anledning avholdt et møte mellom Åge Remøy, Fosnavåg Kommune ved ordfører Arnulf Goksøyr og vårt selskap. Vi ble bedt om å vurdere alternative lokaliteter for slik flytting.

18. februar 2014 bekrefter Møller at Kystverket er positive til planene. Området inne i vågen var den eneste alternative plasseringen vi fant som egnet seg for flytting av vår virksomhet.


Dette ønsker ein å etablere:

- Lagerhall/kontor: ca 10 x 18 meter
- Bensinstasjon
- Isanlegg
- Tanker (1 x 225 m³ Farget autodiesel, 1 x 225 m³ Marine gassolje , 1 x 65 m³ blank autodiesel, 1 x 15 m³ parafin).



Utsnitt over området som ein ønsker å etablere seg i.

Indre alternativet



Område A – ca 7300 m².

Kostnader med å fylle opp arealet med masser og kostnader med etablering av kai vert dekt av Fosnavåg Pelagic i sin heilskap

Område B – ca 4700m²

Her er to grunneigarar involvert der Voldnes signaliserer at ein ikkje har kan vere med å dele på kostnadane og Sævik Invest har angitt ei maksimum ramme på 2 millioner kroner.

Kaikostnader til desse to eigedomane er ikkje berekna. Legg ein til grunn tilbagemeldingane frå grunneigarane, at eigedomane skal ha same kaifasilitetar, vil kailengde vere på om lag 24 m (Voldnes) + 28 m (Sævik).

Område C- Nausteigedomane

Fosnavåg Pelagic vil ta desse innløyingskostnadane basert på takseringsgrunnlaget.

Oppfyllingskostnader (NB! grove stipuleringar)-

Ein har inn ei **grov** stipulering (ingen fasit) av kostnader knytt til å fylle opp areal A og B, 12 000m², i tråd med skisse utarbeidd av kystverket. Kostnadane er innhenta frå entreprenør og er totalt stipulert til 3 535 000 kroner. Massene er forutsatt henta frå Mjølstadneset. Dette vil seie ein m² pris på om lag 294 kroner pr. m² . Større tekniske anlegg og toppdekke er ikkje med i denne prisen (eks. asfalt)

Basert på desse tala kan ein stipulere desse kostnadane fordelt på område :

A, stipulert oppfyllingskostnad 2 146 200 kroner

B, stipulert oppfyllingskostnad 1 381 800 kroner

Referanse priser kai-

Ein har etterspurt Kystverket om referansepriser på kaier som er bygd i liknande prosjekt. Tilbakemeldinga frå kystverket er at dei ikkje har bygd nye kaier dei siste åra og har derfor ikkje relevante kostnadsestimat. Dei har likevel sjekka litt rundt og har fått antydningar om at ei kai på om lag 25 meter vil ligge på rundt 10 millioner kroner.

Oppsummerande tabell, kommunen sine kostnader (stipulerte og grove anslag).

Beskrivelse	Indre	Ytre	Kommentarer
Grunnkjøp	0*	4 882 900	
Oppfylling, 1 meter	1 381 800	1 952 600	Basert på m2 pris på 294 kr.
Kaibygging	20 000 000	0	2 kaier à 10 millioner (Sævik og Voldnes)
Miljømudring	675 000	675 000	Tildekking (frå sak 36/16)
Miljømudring	950 000	950 000	Mudring (frå sak 36/16)
Tilskot	-10 000 000	0	Mogleg å søkje 50 % tilskot

*Forutsetter grunnkjøp av nausteigedomar vert dekt av private

Tilråding:

Begge alternativa er med på å gi rom for utvikling, men på ulike måtar. Det ytre alternativet gir rom for utvikling av sentrum og funksjonar knytt til dette og det indre gir rom for næringsutvikling.


Prosjektet med å mudre Fosnavåg hamn skal ta til i 2017. Før mudring kan gjennomførast må det utarbeidast reguleringsplan med alle tilhøyrande utredningar som ein vil måtte krevje for eit slikt tiltak (uavhengig av kva ein vel av lokalisering). Planprosessen er omfattande og ein er i tidsnød for å rekke dei fristane som er satt for gjennomføringa. Kvar eit deponi skal plasserast må kommunestyret ta stilling til og fastslå. Planprogram for deponi i ytre del er utarbeidd og klar for stadfesting jfr. tidlegare sak som vart fremja for formannskapet i april.

Med bakgrunn i dei tilbakemeldingane som ein har fått i prosessen, der ein søker å etablere eit deponi på indre hamn, ser rådmannen det som vanskeleg å rekkje tidsfristane som er satt. Ved det indre alternativet viser det seg utfordringar med å få erverve naudsynt areal frivillig. Ein må rekne med å ekspropiere arealet gjennom reguleringsplan. Vidare viser det seg at to av tre sentrale grunneigarar vil bidra med begrensa eller ingen ressursar i etableringa av nytt areal. Kostnader med å erstatte kaier vil kunne ligge i størrelseorden 20 000 000 kroner. Det vil vere mogleg å søkje 50% tilskot til kaier, men der er ein risiko på kva ein kan forvente å få jfr. tidlegare opplysningar i saksutgreiinga. Usikre moment er kostnader knytt til bygging av kaier, kva tilskot som er mogleg å få for å dekke kaikostnadane og evt. risiko med å få dekt inn kommunen sine utgifter gjennom private avtalar (slik det er forutsatt).

Ved å velje det ytre alternativet er grunnerverv avklara med sentrale grunneigarar og kostnader ligg føre gjennom aksept av tilbod. Ein har ei grov oversikt over ekstra kostnader som kjem i samband med oppfylling av arealer. Ein har avklart at

isanlegget kan flyttast til indre hamn og planprogrammet for reguleringsarbeidet har vore på høring, bearbeidd og klar til politisk stadfesting.

Med omsyn til å tilrettelegge for næringsutvikling på indre hamn vil administrasjonen følgje opp vedtaket frå 10.12.2015. Der ba kommunestyret om at det vart sett igong reguleringsarbeid for utviding av næringsareal. Planområdet som ein ser for seg er aktuelt er som vist på skisse nedanfor. Med visning til tilbakemeldingane som er framført i saka vil ein måtte pårekne å ekspropriere deler av arealet.



Raudt område viser aktuelt landområde å legge til rette for næringsutviding. Endeleg plangrense må avklarast i samråd med næringsaktørane. Tilrettelegginga krev ei reguleringsendring frå gjeldande plan.

Med visning til kommunestyret sitt vedtak 18.2. 2016, føringar som ein har lagt til grunn og seinare avklarar, rår ein til at deponiet vert plassert i ytre del av Fosnavåg.

Fosnavåg, 29.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	18.02.2016
Tid:	16:30 – 21:50

Medlemer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Rakel Anett Gjelseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK
Frank Roy Moltu	Medlem	FOLK

Forfall:

Runar Stave	MEDL	AP
Camilla Storøy	NESTL	KRF
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP

Varamedlemer som møtte:

Arne Ringstad	Runar Stave	AP
Anniken Myking	Camilla Storøy	KRF
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Tor Inge Sporstøl	Dag Kåre Nærø	FRP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Kulturleiar Eileen Gjerde
Barnehageleiar Laila Kvalsund Solhaug
Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy

Møtet vart annonsert med fullstendig sakliste i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene i kvar gruppe.

Det møtte 29 faste medlemer og 4 varamedlemer, fulltallig.
Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Grunngitt spørsmål frå Per Kristian Furø (Ap) - Utøving eigarskap.
Ordføraren svara i slutten av møtet.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiararen vart desse valde:
Gerd Kopperstad og Sigurd Voldsund Nygard

K-sak 37/16 vart trekt frå saklista.
Dei andre sakene vart handsama i oppsett rekkefølge.

Ole Brubakk vart vald som settevaraordfører i varaordførar Camilla Hermansen sitt fråvær.

underskrifter

Gerd Kopperstad

Arnulf Goksøyr
ordfører

Sigurd Voldsund Nygard

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 18/16	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 19/16	Protokoll frå førre møte.
PS 20/16	Delegerte saker
PS 21/16	Referatsaker
PS 22/16	Tertialrapportering pr 01.01.2016.
PS 23/16	Reglement for Herøy kommunestyre.
PS 24/16	Reglement for Herøy formannskap, maritim og tekniske komite, komite for næring, kultur og idrett, komite for helse og omsorg, komite for oppvekst.
PS 25/16	Overordna reglement for delegasjon av mynde.
PS 26/16	Delegasjon til ordføraren.
PS 27/16	Delegasjon til rådmannen.
PS 28/16	Felles reglement for dei politiske organa.
PS 29/16	Reglement for administrasjonsutval
PS 30/16	Reglement for arbeidsmiljøutvalet.
PS 31/16	Reglement for klageutval
PS 32/16	Reglement for plan og byggenemnd.
PS 33/16	Høyring frå Møre og Romsdal Fylkeskommune - Skjøtselplan 2015 Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen
PS 34/16	Økonomisk avslutning - Trafikktryggingstiltak - Veglys skuleområdet på Bergsøy
PS 35/16	Økonomisk avslutning - Trafikktryggingstiltak - Kryssingspunkt Moltu skule
PS 36/16	Årsplan 2016
PS 37/16	Søre Sunnmøre Landbrukskontor - organisering.
PS 38/16	Miljøopprydding Fosnavåg hamn - deponering av masser og miljøprosjekt

Delegerte saker frå avdelingane

DS 39/16	Harald Hoddevik 56/62 - Løyve til oppføring av garasje som tilbygg til bustad
DS 40/16	Lene Voldsund og Daniel A. Muren 13/115 - Mellombels bruksløyve
DS 41/16	Gnr 16 Bnr 2 - Frådeling av bebygd eigedom
DS 42/16	Gnr 25 Bnr 85 - Frådeling av tomt til næringsformål
DS 43/16	Westplast AS 25/47 - Rammeløyve for utlegging av betongflåte og dispensasjon frå reguleringsformål
DS 44/16	Simen Snarud 59/21 - Ferdigattest
DS 45/16	Gnr 34 Bnr 1 - etablering av festepunkt
DS 46/16	Lillenes 62/4 - Ferdigattest for rehabilitering av skorstein
DS 47/16	Henriette Sjøstad og Stian Belden - 45/154 - Igangsettingsløyve
DS 48/16	Gnr 33 Bnr 1 Fnr 8 - Etablering av sjølveigartomt frå festenummer
DS 49/16	Rogne AS 26/0 - Ferdigattest
DS 50/16	Ferdigattest - 60/430 - seksjon nr 1 og 2
DS 51/16	Ferdigatteast - veg og teknisk anlegg - 22/72
DS 52/16	Christian Voldnes - 56/55 - Tilbygg
DS 53/16	Sentrumsteigen as - 34/99 - IG betongelement, rørleggerarbeid og heis
DS 54/16	Gnr 42 Bnr 1 Frådeling av 5 nausttomter

Referatsaker

RS 6/16	Pasient- og brukerombudets årsmelding 2015.
---------	---

PS 18/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkallinga.

K-sak 37/16 vert trekt frå saklista.

Grunngitt spørsmål frå Per Kristian Furø (Ap) - Utøving eigarskap.
Ordføraren svara i slutten av møtet.

PS 19/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 20/16 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 21/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 22/16 TERTIALRAPPORTERING PR 01.01.2016.

Møtebehandling:

Kulturleiar Eileen Gjerde, barnehageleiar Laila Kvalsund Solhaug og skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy møtte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

PS 23/16 REGLEMENT FOR HERØY KOMMUNESTYRE.**Møtebehandling:**

Svein Gjelseth (Ap) kom med slikt framlegg:

«§24 Oppmoding om ny handsaming – vert stroken i si heilheit.»

Formannskapet si tilråding vart vedteke mot 12 røyster.

Dei 12 røysta for framlegget frå Ap.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Kommunestyret vedtek reglementet med dei endringane som går fram av saksutgreiinga.

PS 24/16 REGLEMENT FOR HERØY FORMANNSKAP, MARITIM OG TEKNISKE KOMITE, KOMITE FOR NÆRING, KULTUR OG IDRETT, KOMITE FOR HELSE OG OMSORG, KOMITE FOR OPPVEKST.**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Kommunestyret vedtek reglementet med dei endringane som går fram av saksutgreiinga.

PS 25/16 OVERORDNA REGLEMENT FOR DELEGASJON AV MYNDE.**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Kommunestyret har ikkje merknader til reglementet slik det ligg føre.

PS 26/16 DELEGASJON TIL ORDFØRAREN.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Kommunestyret har ikkje merknad til delegasjonsvedtaket slik det ligg føre.

PS 27/16 DELEGASJON TIL RÅDMANNEN.

Møtebehandling:

Per Kristian Furø (Ap) kom med framlegg om å stryke siste kulepkt. i pkt. 9.5.15 Alkoholova i reglement for delegasjon frå kommunestyret til rådmannen.

Framlegget frå Ap vart trekt.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

I reglementet for delegasjon frå kommunestyret til rådmannen vert det gjort slike endringar:

1. Tillegg til pkt 9.3, 4. ledd:

Rådmannen skal til vanleg utgreie «**og kome med innstilling**» i saker ...

2. Nytt underpunkt under pkt 9.5:

Rådmannen kan fremje påtale etter straffelova § 79, 5. ledd

PS 28/16 FELLES REGLEMENT FOR DEI POLITISKE ORGANA.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

PS 29/16 REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVAL

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

PS 30/16 REGLEMENT FOR ARBEIDSMILJØUTVALET.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

PS 31/16 REGLEMENT FOR KLAGEUTVAL

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

PS 32/16 REGLEMENT FOR PLAN OG BYGGENEMND.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

**PS 33/16 HØYRING FRÅ MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE -
SKJØTSELPLAN 2015 HERØY GAMLE KYRKJESTAD OG KLOSTERHAUGEN**

Møtebehandling:

Kulturleiar Eileen Gjerde møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Herøy kommune har ingen merknader til framlegg til «Skjøtselplan 2015 - Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen».

Intensjonsavtale/skjøtselavtale med tilhøyrande økonomiske konsekvensar vert godkjent slik framlagt.

**PS 34/16 ØKONOMISK AVSLUTNING - TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK - VEGLYS
SKULEOMRÅDET PÅ BERGSØY**

Møtebehandling:

Tilråding frå maritim og teknisk komite vart utdelt.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

1. Prosjektrekneskapen for 50015 nye veglys ved skuleområdet på Bergsøya, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 104.838,-

2. Mindreforbruket på kr **55.162,-** vert overført til trafikktryggingsmidlar for 2016, anvarsnummer 5011 og funksjonsnummer 301.

**PS 35/16 ØKONOMISK AVSLUTNING - TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK -
KRYSSINGSPUNKT MOLTU SKULE**

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

1. Prosjektrekneskapen for 50142 utbygging av kryssingspunkt ved Moltu skule, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 198.899,-

2. Mindreforbruket på kr 160.101,- vert overført til trafikktryggingsmidlar for 2016, anvarsnummer 5011 og funksjonsnummer 301.

PS 36/16 ÅRSPLAN 2016

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

1. Kommunestyret vil understreke at hovudutfordringa i 2016 er å skape samsvar mellom dei kommunale inntektene og utgiftene, slik at det kan leggjast til rette for investeringar i budsjett- og økonomiplanperioden.
2. Kommunestyret ber om at budsjetttrundskrivet vert lagt fram for formannskapet innan utgangen av mai.
3. Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:
 - Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall
 - Herøy ressurscenter
 - Nedre Dragsund 2
 - Bergsøy skule
 - Fosnavåg driftsbasis
 - Herøy kulturhus – framtidig bruk
4. Kommunestyret ber om at kommunedelplan for bustadpolitikk vert oversendt kommunestyret til slutthandsaming i 1. tertial 2016.
5. Kommunestyret er klar over at personalsituasjonen er krevjande i ein del avdelingar og at framdrifta av ein del saker er avhengig av kva for personalressursar som vert stilt til disposisjon.

PS 37/16 SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR - ORGANISERING.

Møtebehandling:

Saka vart trekt frå saklista.

PS 38/16 MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN - DEPONERING AV MASSER OG MILJØPROSJEKT

Møtebehandling:

Linn Therese Hansen Sævik (Krf) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med eigar i Sævik Invest AS, som er grunneigar i området. Ho gjekk frå underhandsaming av habilitet. Mona Grethe Ryssevik (Krf) tok plass.

Linn Therese Hansen Sævik vart kjend inhabil mot 5 røyster, etter KL. §40, Fvl. § 6, 2. ledd.

Stig Arne H. Sævik (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er leiar i Herøy Fiskarlag som har kome med merknader i saka. Han gjekk frå underhandsaming av habilitet. Jan Arve Drabløs (H) tok plass.

Stig Arne H. Sævik vart samrøystes habil.

Janne Katrin Hansen Sævik (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er svoger til eigar i Sævik Invest AS, som er grunneigar i området. Ho gjekk frå underhandsaming av habilitet. Knut Tandberg (H) tok plass.

Janne Katrin Hansen Hansen Sævik vart samrøystes kjend habil.

Marthe Vågsholm Sævik (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er datter til Stig Arne H. Sævik, leiar i Herøy Fiskarlag. Ho gjekk frå underhandsaming av habilitet. Lars Ivar Moldskred (H) tok plass.

Marthe Vågsholm Sævik vart samrøystes kjend habil.

Dokument utdelt:

Epost av 11.11.2015 frå Fosnavaag Pelagic

epost av 28.10.2015 frå Gerh. Voldnes AS

epost av 29.10.2015 frå Sævik Invest AS

epost av 15.10.2015 frå Kystverket/Terje B. Misund

epost av 16.10.2015 til grunneigarane

eksp. K-sak 96/15, eksp. K-sak 195/15

epost av 16.02.2016 frå Rem Offshore ASA v/Åge Remøy

brev av 17.02.2016 frå Herøy Fiskarlag v/Stig Arne H. Sævik

epost av 16.02.2016 frå Igesund Eigedom AS/Nordmar Eigedom AS

Høgre, Krf og Frp v/Arnulf Goksøyr (H) kom med slikt oversendingsframlegg:

«Herøy kommunestyre er svært opptekne av at Fosnavåg hamn skal utdjupast til 8,3 m i tråd med tidsplanane til Kystverket. Tidsramma for tilrettelegging av landdeponi er knapp, og dermed avgjerande viktig for å lykkast med dette arbeidet. Kommunestyret er opptekne av at overskotsmassane skal gjere nytte for seg til beste for utviklinga av Fosnavåg for framtida.

Kommunestyret ber administrasjonen ta kontakt med grunneigarane på indre hamn med sikte på å få gjort intensjonsavtalar for å muleggjere evt. deponi på indre hamn.

- Ein intensjonsavtale må baserast på kostnadsdekking av naudsynt grunnkjøp, inkl. sjøhus/naust på indre Almenning dersom dette skal overtakast av privat næringsaktør.

- Avtalen må innehalde ein rett til at Kystverket kan etablere deponi framfor privat eigde kaier/grunn.
- Det må foreligge avtale om at grunneigarane tek over grunnen vederlagsfritt når deponiet er bygd og klar for overlevering frå Kystverket.
- Vidare utvikling og opparbeiding av overteken grunn skal vere i tråd med reguleringsplan og kostast av grunneigarane.
- Avtalen skal innehalde avklaringar der evt. opparbeiding av ny kaifront er kostnadsfri/kostnadsnøytral for Herøy kommune.
- Avtalen må gjelde for alle grunneigarane som vert involverte i samband med etablering av deponi.

Kommunestyret ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 19.04.2016 og i kommunestyret 28.04.2016 dersom ein oppnår naudsynte kostnadsnøytrale avtalar for kommunen.»

Bjarne Kvalsvik (Folk/Sp) kom med slikt framlegg:

1. Med bakgrunn av nye opplysningar frå partane på indre hamn, om planar for framtidig drift og vidare utvikling av fiskemottak i Fosnavåg, ser Herøy kommunestyre stor verdi av å trygge eksisterande drift, samt legge til rette for at bedriftene her har naudsynt areal å vekse og utvikle seg på.
2. Herøy kommunestyre finn det difor med bakgrunn i dette, rett å gjere vedtak i K-sak 195/15 av 10.12.2015 om inkje.
3. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3, indre del av Fosnavåg hamn, skal nyttast til deponering av forureina masser i samband med utdjuving av hamna.
4. Det skal leggst til rette for at nytt areal får godt tilflot, og kan nyttast til næringsareal.
5. Herøy kommune startar opp reguleringsarbeid i indre del av hamna for å legge til rette for deponi/nytt industriareal.
6. Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode løysingar, både for kommunen og bedriftene i området. Samt finne gode finansielle løysingar, i samarbeid med alle involverte.
7. Skulle det i samband med reguleringsarbeide bli avdekka ting som tilseier store økonomiske konsekvensar for kommunen, skal saka på ny leggst fram for kommunestyret.

Det vart halde gruppemøte.

Det vart lagt fram slikt nytt oversendingsframlegg frå Høgre, Frp, Krf, Ap og V:

«Herøy kommunestyre er svært opptekne av at Fosnavåg hamn skal utdjuvast til 8,3 m i tråd med tidsplanane til Kystverket. Tidsramma for tilrettelegging av landdeponi er knapp, og dermed avgjerande viktig for å lykkast med dette arbeidet. Kommunestyret er opptekne av at overskotsmassane skal gjere nytte for seg til beste for utviklinga av Fosnavåg for framtida.

Kommunestyret ber administrasjonen ta kontakt med grunneigarane på indre hamn med sikte på å få gjort intensjonsavtalar for å muleggjere evt. deponi på indre hamn.

- Ein intensjonsavtale må baserast på kostnadsdekking av naudsynt grunnkjøp, inkl. sjøhus/naust på indre Almenning dersom dette skal overtakast av privat næringsaktør.

- Avtalen må innehalde ein rett til at Kystverket kan etablere deponi framfor privat eigde kaier/grunn.
- Det må foreligge avtale om at grunneigarane tek over grunnen vederlagsfritt når deponiet er bygd og klar for overlevering frå Kystverket.
- Vidare utvikling og opparbeiding av overteken grunn skal vere i tråd med reguleringsplan og kostast av grunneigarane.
- Avtalen skal innehalde avklaringar der evt. opparbeiding av ny kaifront er kostnadsfri/kostnadsnøytral for Herøy kommune.
- Kommunestyret ber også om at kommunen sine samla kostnader og avtaler for deponi på ytre hamn vert lagt fram i same sak.

Kommunestyret ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 19.04.2016 og i kommunestyret 28.04.2016 dersom ein oppnår naudsynte kostnadsnøytrale avtalar for kommunen.»

Alternativ røysting:

Framlegget frå Bjarne Kvalsvik (Folk/Sp) fekk 4 røyster.

Oversendingsframlegget frå H, Frp, Krf, Ap og V fekk 29 røyster

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Herøy kommunestyre er svært opptekne av at Fosnavåg hamn skal utdjupast til 8,3 m i tråd med tidsplanane til Kystverket. Tidsramma for tilrettelegging av landdeponi er knapp, og dermed avgjerande viktig for å lykkast med dette arbeidet. Kommunestyret er opptekne av at overskotsmassane skal gjere nytte for seg til beste for utviklinga av Fosnavåg for framtida.

Kommunestyret ber administrasjonen ta kontakt med grunneigarane på indre hamn med sikte på å få gjort intensjonsavtalar for å muleggjere evt. deponi på indre hamn.

- Ein intensjonsavtale må baserast på kostnadsdekking av naudsynt grunnkjøp, inkl. sjøhus/naust på indre Almenning dersom dette skal overtakast av privat næringsaktør.
- Avtalen må innehalde ein rett til at Kystverket kan etablere deponi framfor privat eigde kaier/grunn.
- Det må foreligge avtale om at grunneigarane tek over grunnen vederlagsfritt når deponiet er bygd og klar for overlevering frå Kystverket.
- Vidare utvikling og opparbeiding av overteken grunn skal vere i tråd med reguleringsplan og kostast av grunneigarane.
- Avtalen skal innehalde avklaringar der evt. opparbeiding av ny kaifront er kostnadsfri/kostnadsnøytral for Herøy kommune.
- Kommunestyret ber også om at kommunen sine samla kostnader og avtaler for deponi på ytre hamn vert lagt fram i same sak.

Kommunestyret ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 19.04.2016 og i kommunestyret 28.04.2016 dersom ein oppnår naudsynte kostnadsnøytrale avtalar for kommunen.

MØTET SLUTT KL. 21:50.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/508
		Arkiv:	K24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
225/15	Formannskapet	01.12.2015
195/15	Kommunestyret	10.12.2015
38/16	Kommunestyret	18.02.2016

MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN - DEPONERING AV MASSER OG MILJØPROSJEKT

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka . Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløyningar for prosjektet.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.

Møtebehandling:

Brev frå Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS vart delt ut i møte.

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte.

Det vart halde gruppemøte.

Høgre, Krf og Frp kom med slikt nytt framlegg til pkt. 1i tilrådinga :

Herøy kommunestyre vedtek alternativ 2 og 3 som deponi. Dette omhandlar «huken» ved fiskarkona og frå indre almenning t.o.m. Fosnavåg Pelagic.

Pkt. 2 og 3 som i rådmannen si tilråding.

AP og Folkelista/SP kom med slikt endra framlegg til tilråding:

4. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 – indre del av Fosnavåg, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

Pkt. 2 som rådmannen si tilråding.

3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i indre del av hamna.

Røysting:

Rådmannen si tilråding- 0 røyster.

Framlegget frå Høgre, Krf og Frp – 5 røyster.

Framlegget frå AP og Folkelista/SP – 4 røyster.

Tilråding i Formannskapet - 01.12.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek alternativ 2 og 3 som deponi. Dette omhandlar «huken» ved fiskarkona og frå indre almenning t.o.m. Fosnavåg Pelagic.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka . Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløysingar for prosjektet.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Birgitte Sævik Pedersen reiste habilitetsspørsmål.

Ho er svigerinne til niesa til ein av moglege seljarar av grunn til tiltaket.

Ho går frå under handsaming av habilitet.

Birgitte Sævik Pedersen vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, 2. ledd.

Anniken Kessler-Myking møtte som vara for Birgitte Sævik Pedersen.

Jan Arve Drabløs reiste habilitetsspørsmål. Han er medlem av styret i Herøy

Fiskarlag som har kome med innspel i saka.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Jan Arve Drabløs vart samrøystes kjend habil.

Det vart halde gruppemøte.

Egil Leikanger kom med slikt framlegg til vedtak:

Herøy kommune finn av økonomiske grunnar ikkje å kunne finansiere miljøopprydding av Fosnavåg hamn.

Framlegget fekk 1 røyst.

Høgre kom med slikt framlegg til vedtak:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 –ytre- del av Fosnavåg skal

- nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjekt som skissert i saka.
Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløyningar for prosjektet.
 3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gang reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.
 4. Indre almenningsskai til og med Fosnavåg Pelagic.
Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.

Framlegget frå Høgre fekk 17 røyster.

AP, V og Folkelista/SP kom med slikt framlegg til vedtak:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alt. 3 – indre del av Fosnavåg hamn, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka.
Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløyningar for prosjektet.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett igong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i indre del av hamna.

Framlegget frå AP, Venstre og Folkelista/SP fekk 16 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 10.12.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 –ytre- del av Fosnavåg skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjekt som skissert i saka.
Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløyningar for prosjektet.
3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gang reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.
4. Indre almenningsskai til og med Fosnavåg Pelagic.
Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.

Møtebehandling:

Linn Therese Hansen Sævik (Krf) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med eigar i Sævik Invest AS, som er grunneigar i området. Ho gjekk frå underhandsaming av habilitet. Mona Grethe Ryssevik (Krf) tok plass.

Linn Therese Hansen Sævik vart kjend inhabil mot 5 røyster, etter KL. §40, Fvl. § 6, 2. ledd.

Stig Arne H. Sævik (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er leiar i Herøy Fiskarlag som har kome med merknader i saka. Han gjekk frå underhandsaming av habilitet. Jan Arve Drabløs (H) tok plass. Stig Arne H. Sævik vart samrøystes habil.

Janne Katrin Hansen Sævik (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er svoger til eigar i Sævik Invest AS, som er grunneigar i området. Ho gjekk frå underhandsaming av habilitet. Knut Tandberg (H) tok plass. Janne Katrin Hansen Hansen Sævik vart samrøystes kjend habil.

Marthe Vågsholm Sævik (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er datter til Stig Arne H. Sævik, leiar i Herøy Fiskarlag. Ho gjekk frå underhandsaming av habilitet. Lars Ivar Moldskred (H) tok plass. Marthe Vågsholm Sævik vart samrøystes kjend habil.

Dokument utdelt:

Epost av 11.11.2015 frå Fosnavaag Pelagic
epost av 28.10.2015 frå Gerh. Voldnes AS
epost av 29.10.2015 frå Sævik Invest AS
epost av 15.10.2015 frå Kystverket/Terje B. Misund
epost av 16.10.2015 til grunneigarane
eksp. K-sak 96/15, eksp. K-sak 195/15
epost av 16.02.2016 frå Rem Offshore ASA v/Åge Remøy
brev av 17.02.2016 frå Herøy Fiskarlag v/Stig Arne H. Sævik
epost av 16.02.2016 frå Igesund Eigedom AS/Nordmar Eigedom AS

Høgre, Krf og Frp v/Arnulf Goksøyr (H) kom med slikt oversendingsframlegg:

«Herøy kommunestyre er svært opptekne av at Fosnavåg hamn skal utdjupast til 8,3 m i tråd med tidsplanane til Kystverket. Tidsramma for tilrettelegging av landdeponi er knapp, og dermed avgjerande viktig for å lykkast med dette arbeidet. Kommunestyret er opptekne av at overskotsmassane skal gjere nytte for seg til beste for utviklinga av Fosnavåg for framtida.

Kommunestyret ber administrasjonen ta kontakt med grunneigarane på indre hamn med sikte på å få gjort intensjonsavtalar for å muleggjere evt. deponi på indre hamn.

- Ein intensjonsavtale må baserast på kostnadsdekking av naudsynt grunnkjøp, inkl. sjøhus/naust på indre Almenning dersom dette skal overtakast av privat næringsaktør.
- Avtalen må innehalde ein rett til at Kystverket kan etablere deponi framfor privat eigde kaier/grunn.
- Det må foreligge avtale om at grunneigarane tek over grunnen vederlagsfritt når deponiet er bygd og klar for overlevering frå Kystverket.
- Vidare utvikling og opparbeiding av overteken grunn skal vere i tråd med reguleringsplan og kostast av grunneigarane.
- Avtalen skal innehalde avklaringar der evt. opparbeiding av ny kaifront er kostnadsfri/kostnadsnøytral for Herøy kommune.
- Avtalen må gjelde for alle grunneigarane som vert involverte i samband med etablering av deponi.

Kommunestyret ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 19.04.2016 og i kommunestyret 28.04.2016 dersom ein oppnår naudsynte kostnadsnøytrale avtalar for kommunen.»

Bjarne Kvalsvik (Folk/Sp) kom med slikt framlegg:

1. Med bakgrunn av nye opplysningar frå partane på indre hamn, om planar for framtidig drift og vidare utvikling av fiskemottak i Fosnavåg, ser Herøy kommunestyre stor verdi av å trygge eksisterande drift, samt legge til rette for at bedriftene her har naudsynt areal å vekse og utvikle seg på.
2. Herøy kommunestyre finn det difor med bakgrunn i dette, rett å gjere vedtak i K-sak 195/15 av 10.12.2015 om inkje.
3. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3, indre del av Fosnavåg hamn, skal nyttast til deponering av forureina masser i samband med utdjuping av hamna.
4. Det skal leggst til rette for at nytt areal får godt tilflot, og kan nyttast til næringsareal.
5. Herøy kommune startar opp reguleringsarbeid i indre del av hamna for å legge til rette for deponi/nytt industriareal.
6. Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode løysingar, både for kommunen og bedriftene i området. Samt finne gode finansielle løysingar, i samarbeid med alle involverte.
7. Skulle det i samband med reguleringsarbeide bli avdekka ting som tilseier store økonomiske konsekvensar for kommunen, skal saka på ny leggst fram for kommunestyret.

Det vart halde gruppemøte.

Det vart lagt fram slikt nytt oversendingsframlegg frå Høgre, Frp, Krf, Ap og V:

«Herøy kommunestyre er svært opptekne av at Fosnavåg hamn skal utdjupast til 8,3 m i tråd med tidsplanane til Kystverket. Tidsramma for tilrettelegging av landdeponi er knapp, og dermed avgjerande viktig for å lykkast med dette arbeidet. Kommunestyret er opptekne av at overskotsmassane skal gjere nytte for seg til beste for utviklinga av Fosnavåg for framtida.

Kommunestyret ber administrasjonen ta kontakt med grunneigarane på indre hamn med sikte på å få gjort intensjonsavtalar for å muleggjere evt. deponi på indre hamn.

- Ein intensjonsavtale må baserast på kostnadsdekking av naudsynt grunnkjøp, inkl. sjøhus/naust på indre Almenning dersom dette skal overtakast av privat næringsaktør.
- Avtalen må innehalde ein rett til at Kystverket kan etablere deponi framfor privat eigde kaier/grunn.
- Det må foreligge avtale om at grunneigarane tek over grunnen vederlagsfritt når deponiet er bygd og klar for overlevering frå Kystverket.
- Vidare utvikling og opparbeiding av overteken grunn skal vere i tråd med reguleringsplan og kostast av grunneigarane.
- Avtalen skal innehalde avklaringar der evt. opparbeiding av ny kaifront er kostnadsfri/kostnadsnøytral for Herøy kommune.
- Kommunestyret ber også om at kommunen sine samla kostnader og avtaler for deponi på ytre hamn vert lagt fram i same sak.

Kommunestyret ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 19.04.2016 og i kommunestyret 28.04.2016 dersom ein oppnår naudsynte kostnadsnøytrale avtalar for kommunen.»

Alternativ røysting:

Framlegget frå Bjarne Kvalsvik (Folk/Sp) fekk 4 røyster.

Oversendingsframlegget frå H, Frp, Krf, Ap og V fekk 29 røyster

Vedtak i Kommunestyret - 18.02.2016

Herøy kommunestyre er svært opptekne av at Fosnavåg hamn skal utdjupast til 8,3 m i tråd med tidsplanane til Kystverket. Tidsramma for tilrettelegging av landdeponi er knapp, og dermed avgjerande viktig for å lykkast med dette arbeidet.

Kommunestyret er opptekne av at overskotsmassane skal gjere nytte for seg til beste for utviklinga av Fosnavåg for framtida.

Kommunestyret ber administrasjonen ta kontakt med grunneigarane på indre hamn med sikte på å få gjort intensjonsavtalar for å muleggjere evt. deponi på indre hamn.

- Ein intensjonsavtale må baserast på kostnadsdekking av naudsynt grunnkjøp, inkl. sjøhus/naust på indre Almenning dersom dette skal overtakast av privat næringsaktør.
- Avtalen må innehalde ein rett til at Kystverket kan etablere deponi framfor privat eigde kaier/grunn.
- Det må foreligge avtale om at grunneigarane tek over grunnen vederlagsfritt når deponiet er bygd og klar for overlevering frå Kystverket.
- Vidare utvikling og opparbeiding av overteken grunn skal vere i tråd med reguleringsplan og kostast av grunneigarane.
- Avtalen skal innehalde avklaringar der evt. opparbeiding av ny kaifront er kostnadsfri/kostnadsnøytral for Herøy kommune.
- Kommunestyret ber også om at kommunen sine samla kostnader og avtaler for deponi på ytre hamn vert lagt fram i same sak.

Kommunestyret ber om at saka vert lagt fram for formannskapet 19.04.2016 og i kommunestyret 28.04.2016 dersom ein oppnår naudsynte kostnadsnøytrale avtalar for kommunen.

Særutskrift:

- Kystverket, Region-Midt.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavingdelinga.
- Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Maritim teknisk komité.
- Anlegg- og driftsavingdelinga.

Vedlegg:

1. Saksprotokoll K-sak 96/15, 27.8.2015.
2. E-post frå Gerh Voldnes AS, datert 28.10.15.
3. E-post frå Sævik Invest AS, datert 29.10.15
4. E-post frå Fosnavåg Pelagic AS, datert 11.11.15.
5. Kostnadsoverslag frå Rambøll AS, datert 9.11.15.


Bakgrunn:

Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn. I følgje Kystverket sine planar skal hamna mudrast frå dagens – 6 m vassdjup til -8.3 m vassdjup. Prosjektet er gitt prioritet i NTP. Det er sett av 50 millionar og tiltaket er planlagt igangsett i 2017.

NGI gjennomførte miljøundersøking i hamna i 2010. Undersøkinga avdekte at det er behov for miljøtiltak i hamna. Nye undersøkingar gjennomført av Rambøll AS i 2013, stadfesta dette. Både i 2010 og 2013 vart det påvist meget sterk forureining av TBT og sterk forureining av PAH, kvikksølv, sink, cadmium og kopar. I tillegg vart det påvist høge konsentrasjonar av bly og PCB.

Rambøll AS konkluderte med at dataene frå undersøkingane er tilstrekkeleg som grunnlag for utarbeiding av tiltaksplan for botnsedimenta i hamna. Det vart også peika på at eventuell forureining på land må kartleggjast/vurderast og at eventuelle tiltak på land bør iverksetjast så fort som mogleg.

Kystverket har ansvar for forureining i hamnebassenget. Kystverket tek berre på seg arbeidet med mudring av delar av hamna. Området markert med lys blå skravur nedanfor viser i grove trekk området som skal mudrast i regi av Kystverket. Mørk blå farge viser arealet mellom mudringsområdet og land/kai. Kystverket forutset erklæringar frå kaieigarane med tanke på mudring av desse områda. Grøn farge viser området utanfor Slippen som innehar forureina sediment og som ligg utanfor Kystverket sitt prosjekt.



Maritim og teknisk komite (MTK, 23.4.2013) og formannskapet (14.5.2013) har gjennom vedtak gjeve klart uttrykk for ønskje om å få rydda opp i heile hamneområdet, for å hindre utleking av miljøgifter til hamnebassenget over tid.

Sitat frå vedtak:

“Formannskapet går inn for at det vert sett i gong arbeid med å få til eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar, med tanke på miljøopprydding i Fosnavåg hamn.”

Miljøopprydding i Fosnavåg hamn har som siktemål:

1. Mudring for å oppnå auka seglingsdjupne (- 8.3 m). Store mengder forureina sediment vil bli fjerna frå hamna.
2. Utviding av mudringsprosjektet slik at ein får fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, slik at hamna blir rein.
3. Sikre aktive miljøkjelder på land, for å hindre at miljøgifter renn ut og forureinar hamna på nytt.
4. Opprydding og utbygging av avløp i hamna (jf. Hovudplan for avløp).

Rambøll AS har gjennomført undersøkingar på land i regi av Herøy kommune, som har avdekt område som er aktive kjelder til forureining i hamnebassenget. Med bakgrunn i undersøkingane, har Rambøll AS utarbeidd tiltaksplan for opprydding av forureina grunn på land. Risikovurderinga viser at det må iverksetjast oppryddingstiltak innanfor fleire område, særleg i delområde som kan bli påverka av tidevatnet. Grunneigar har ansvar for forureining på land.

Parallelt med undersøkingane i hamna og på land, har kommunen i samarbeid med Kystverket arbeidd mykje med å finne eigna lokalitet for deponering av masser.

Administrasjonen sitt arbeidd er tufta på kommunestyret sitt vedtak av 27.8.2015, k-sak 96/15:

1. *Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.*
2. *Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.*
3. *Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.*
4. *Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekkar kostnader med utdjuping, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi.*

Kommunestyret har bestemt at massene kan deponerast i ytre eller indre del av hamna. Kommunestyret har ikkje endeleg teke stilling til om ein skal gå for ei rein mudring eller om ein skal gå for miljøprosjekt.

Saksopplysningar:

Masseberekning

Rambøll AS har på oppdrag av Kystverket gjennomført ei ny og oppdatert masseberekning, som viser mengd masse som skal deponerast i samband med mudring av hamna.


Utrekningane viser at det er 64.000 m³ som skal deponerast. Av dette er ca. 4400 m³ fjell.

Dersom ein går for ei utviding av mudringsprosjektet, slik at ein får sikra eller fjerna dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, må ein ta med området utanfor Slippen i utrekningane. Ein har pr. i dag ikkje tal knytt til mengde masse inn mot private kaier.

Rambøll AS skisserer to alternativ til løysing for området utanfor Slippen:

1. Tildekking av massene med ca. 40- 50 cm masse. Seglingsdjupna vert redusert betydeleg.
2. Mudring ned til 50 cm sedimentdjup og deretter tildekking med 50 cm reine masser. Det ligg pr. i dag ikkje føre nok informasjon til å kunne vurdere kor stort område som vil vere reint etter mudring. Prøvetaking og analyser av sjøbotnen etter mudring vil kunne avklare dette (jf. kostnadoverslag frå Rambøll AS, datert 9.11.2015).

Dersom ein går for alternativ 2 ovanfor, med mudring ned til 50 cm sedimentdjup over eit areal på 4604 m², viser utrekningar at det er ca. 2300 m³ som må fjernast utanfor Slippen.



Kartet ovanfor viser Kystverket sitt tiltaksområde (innanfor grøn og gul skravering) og Slippen (raud markering). Blå markering viser område som kan vere aktuelt for depони.

Total masse som skal deponerast er 65657 m³. Dersom grunneigarane på land vert pålagt av fylkesmannen å fjerne forureina masser på land, og massene er eigna for deponering i deponiet, må ein ta høgde for at det skal deponerast meir masse.

Det er ikkje gjennomført utrekningar som viser mengd forureina masse på land.

Deponeringsalternativ


Kommunestyret har vedteke at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser. Felles for begge alternativa, er at huken kan nyttast til utfylling.

Alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg




Alternativ 2, slik det vart presentert for k-styret

Kystverket sin plan for eit deponi i ytre del av hamna, går så langt ut på å etablere ei tradisjonell steinfylling / molo, der mudringsmassene vert deponert bak moloen. Over mudringsmassene må det leggjast på eit stabilt topplag før etablering av eit pelefundamentert kaidekke.



Prinsippskisse som viser oppbygging av molo


Deponiet kan utformast på ulike måtar, avhengig av kor mykje masse deponiet skal romme.



Skissene ovanfor viser ulike utformingar av deponiet. Endeleg utforming må prosjekterast og vurderast gjennom reguleringsplanarbeidet.


Alternativ 3 – indre del av hamna

Kystverket sin plan for deponi i indre del av hamna, går så langt ut på etablering av ein stålvegg (spunt) som avgrensar området der mudringsmassane kan deponerast. Over mudringsmassene må det leggjast på eit stabilt topplag før etablering av kaidekke.



Prinsskisse som viser oppbygging av spunt

Spuntveggen vil i front gi ein forholdsvis slett front mot hamna, der skip kan gå heilt inntil når kai er etablert på toppen.



Skisse som viser førebels avgrensing av deponi i indre hamn. Deponiet rommar ca. 66.657 m³.

Sikkerheit

Det vert stilt strenge krav til rutiner for deponering, kontroll i anleggsperioden, overvaking og sikkerhetstiltak i samband med etablering av alle typar deponi. Det vert også stilt strenge krav til kontroll og overvaking av ferdig deponi.

Kystverket skal søkje om løyve etter forureiningslova til å fjerne (mudre) masser i hamna. Etaten skal også søkje om løyve til å deponere massene. Søknadene skal handsamast av fylkesmannen. Kystverket skal i samband med søknadene mellom anna gjere greie for tiltaka, hensyn til omgjevnadene, plan for overvaking og etterkontroll.

I samband med utarbeiding av reguleringsplan, vil det bli utarbeidd konsekvensutgreiing (KU). Konsekvensutgreiinga vil mellom anna omhandle naturmangfald, transport/ulukker, hamn, kaianlegg, støy og lukt. Det vil også bli utarbeidd ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), som del av reguleringsplanarbeidet.

Kostnader:

Kystverket tek på seg kostnader knytt til etablering av steinfylling/molo eller spunt. Kystverket fyller opp med masser opp til eit gitt nivå. Kystverket skal også stå for overvaking i anleggsperioden og overvaking/etterkontroll av deponiet.

Kostnader knytt til etablering av topplag og kaidekke/kaifront vert ikkje dekt av Kystverket. Kostnadene må dekkjast av framtidig kaieigar. Kommunen legg til grunn at grunneigar på land, skal eige utfyllt areal utanfor sin eigedom.

Kostnader knytt til fjerning (mudring) av masser utanfor Slippen, samt kostnader knytt til deponering av desse massene, inngår ikkje i Kystverket sitt prosjekt, og må dekkjast av andre instansar.

Rambøll AS har på oppdrag av Herøy kommune, berekna kostnadene i samband med mudring og tildekking av området ved Slippen. Rambøll AS viser til at det ikkje er mogleg å fastslå dei faktiske kostnadene ved mudring og tildekking før arbeidet vert kontrahert.

MUDRING	Lav	Høy	Lav	Høy
Mengde (m3)	2 302	4 604	Sum	Sum
Enhetspris	200	250	460 400	575 500
Massehåndtering	100	150	230 200	345 300
Sum			690 600	920 800
Rigg og drift påslag 10 - 15 %			69 060	138 120
			759 660	1 058 920
TILDEKKING	Lav	Høy	Lav	Høy
Areal (m2)	4 604			
Enhetspris	120	170	552 480	782 680

Tabell 1. Ca. kostnader ved mudring og tildekking av slippområdet i Fosnavåg.

Utrekningane i tabellen ovanfor viser at mudring av området utanfor Slippen ned til 50 cm kan kome til å koste ca. 800.000 kroner ved låg einingspris og ca. 1.1 mill. ved høg einingspris (median 950.000). Tildekking av arealet er kostnadsrekna til ca. 550.000 kroner ved låg einingspris og ca. 800.000 kroner ved høg einingspris (median 675.000 kroner). Det vert gjort merksam på at kostnader knytt til deponering av massene ikkje er teke med i utrekninga. Det er lagt til grunn at Kystverket vil ta i mot massene. Deponikostnader utgjer ein vesentleg del av kostnadene ved mudring.

Ei rein tildekking vil vere eit noko rimelegare alternativ, særleg dersom deponikostnadene for mudringsmassane vert teke med i reknestykket.

Utrekningane viser at det sannsynlegvis kan vere same kostnad ved å mudre djupare (djupare enn 50 cm) til sjøbotnen er rein, i staden for å utføre både mudring og tildekking. Rambøll AS meiner det også truleg vil vere tilfelle sjølv om deponikostnadene vert teke med i vurderinga, sidan volumet av masser frå Slippen er såpass lite samanlikna med det øvrige mudringsvolumet i hamna som Kystverket vil stå ansvarleg for.

Kommunen kan søkje klima- og miljødepartementet om tilskot til opprydding av marin forsøpling (jf. kap.1420, post 71. Rundskriv T-1/15. Tilskotsordningar for 2016). Målgruppa for tilskotsordninga er frivillige organisasjonar og statlege, kommunale og fylkeskommunale føretak eller verksemder som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt, som ideelle stiftingar, interkommunale avfallsselskap og friluftsråd.

I tillegg er det mogleg å søkje på Fylkesmannen sine skjønnsmidlar. Skjønnsmidlane skal i utgangspunktet dekkje skeivheiter i høve til kommunen sitt inntektssystem. I tillegg fins det ein eigen pott til ekstra uforutsette kostnader, som kommunen kan søkje på. Tildeling skjer kvar haust.

Alternativ 2 – Ytre	Kostnader	Alternativ 3 - Indre	Kostnader
Grunnkjøpskostnader:	Avtaleutkast akseptert frå grunneigar den 19.11.2015.	Kostnader knytt til erstatning for naust	Ikkje taksert
Rein tildekking:	675.000,-.	Rein tildekking:	675.000,-
Mudring:	950.000,-.	Mudring:	950.000,-

Herøy kommune skal utarbeide reguleringsplan med tilhøyrande dokument (planprogram, konsekvensutgreiing mm), oppgradere infrastrukturen i området og rydde opp i VA-anlegg.

Kontakt med grunneigarar

Herøy kommune har vore i kontakt med grunneigarane tilgrensande alternativ 2 og 3, for å få synspunkt på korleis dei ser på prosjektet så langt.

Alternativ 2- ytre

Det er gjennomført fleire forhandlingsmøte med omsyn til å sikre areal for å deponere masser i ytre del av Fosnavåg. Administrasjonen meiner forhandlingsklimaet har vore konstruktivt.

Kommunen si tilnærming har vore at strandlina er det viktigaste å sikre i offentleg eige og at det er gjeve rom for å etablere framtidige kaianlegg, serviceanlegg og promenader.

Den 19.11.2015 aksepterte Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS eit avtaleutkast som sikrar at deponi kan etablerast på eigedomane deira. Avtalen går i hovudsak på at kommunen erverver område A og B (sjå kart nedanfor) samt alle sjø- og tilflotsrettar framom areal A, B og grønt område markert på kartet.

Avtalen vert lagt fram kommunestyret for godkjenning i eiga sak straks den er klar. Dersom kommunestyret ikkje vel å gå inn for deponi på Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS sine eigedomar vil det ikkje vere grunnlag for å gå inn avtalen med respektive firma.

Kommunen har i sitt tilbud lagt til grunn erfaringspriser fra grunnkjøp i Fosnavåg sentrum herunder kaiareal for sitt tilbud. Med omsyn til og kompensasjon knytt til alle sjø- og tilflotsrettar er desse vurdert av vår kommuneadvokat og lagt til grunn i tilbudet som er akseptert av grunneigarane.




Nils Sperre AS/Torsken havprodukter slutter seg til planene og vil, når anlegget er ferdigstilt, inngå leieavtale for bruk av anlegget.

Nils Sperre AS/Torsken havprodukter vil med sin leie bidra til at kommunens netto løpende driftsutgifter på anlegget blir tilnærmet null.

Foreliggende tilbud på prosjektering fra Barlinhaug Consult datert 10.3.2011 pålydende kr 80 000,- ekskl. mva betales av Torsken havprodukter.

Sted: Ellingsøy dato: 27/4/11

TORSKEN HAVPRODUKTER AS

Nils Sperre AS/Torsken havprodukter

Sted: Gryllefjord dato: 3/5-2011

Torsken Kommune
Ordfører



Postadresse
Torsken kommune, Boks 17, 9379 Gryllefjord
E-post: postmottak@torsken.kommune.no

Besøksadresse
Kommunehuset, Gryllefjord
www.torsken.kommune.no

Telefon
778 73000
Telefaks
778 73009

Bank
4808 07 00191
Post
0801 59 77400



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Offl. § 14

Saksnr
2015/1593

Arkiv
611

Dykkar ref
«REF»

Avd /sakshandsamar
UTV / JMM

Dato
17.11.2015

GRUNNERVERV 34/22, 35/31 OG 31/73,148 - JUSTERT TILBOD OM KJØP AV GRUNN

Viser til korrespondanse i saka og seinast dykkar mail datert 15.4.2015 ved Tor Igesund som representant for begge firma.

Kommunen er i sluttfasen på saksførebuingane knytt til etablering av deponi i samband med mudring av Fosnavåg hamn. For å få ei best mogleg oversikt over kostnadsbildet i saka vil det vere naudsynt å avklare grunnerverv knytt til dei respektive eigedomane som Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS besitter og som er aktuelle for etablering av deponi. Tilbakemeldingane som vi mottek innan fristen vil eller kan vere avgjerande for vedtaket som kommunestyret i desember skal treffe.

Basert på korrespondanse, samtalar m.v vil kommunen kome med eit nytt og revidert tilbod. **Tilbodet som er framsatt gjeld til fredag 20.11.2015 kl 15** og vert vurdert som endeleg frå kommunen si side.

Oppsummert siste tilbod frå Nordmar Eigedom AS (slik kommunen forstår det):

1. Areal A på kart 3.3.15 er akseptert i tråd med tilbodet.
2. Kompensasjon på tilflot og kai på kr 2 mill.
3. Disponering i tråd med kart 10.3.15

Kommunen si vurdering av tilbod som er framsatt :

Nordmar Eigedom AS-

1. OK

2. I vårt førre tilbod er det gitt ein rund sum kompensasjon på kr 1 452 000 for kai og tilflottsrettar. Denne står fast.
3. OK

Oppsummert siste tilbod frå Igesund Eigedom AS (slik kommunen forstår det):

1. Areal B på kart 3.3.15 er akseptert i tråd med tilbodet.
2. Kompensasjon på tilflot på kr 2 mill.
3. Klippfiskbygg deponeres i fylling
4. Dersom areal framfor areal B vert fylt ut skal den bakre linje flyttes framover.
5. Justert eigedomsgrense mot nord og mot framtidig kommunalt areal

Kommunen si vurdering av tilbod som er framsatt :

Igesund Eigedom AS-

1. OK
2. Strandlinje er berekna til om lag 215 meter, normal kompensasjon ligg på kr 1260 pr løpemeter basert på erfaringspriser. Legg ein til grunn løpemeter pris lik det som vart gitt for Nordmar eigedom AS sine kaiarealer inneberer det ein kostnad på kr 473 000 (215m x kr2200)
3. OK for kommunen, men bør innlemmast i forprosjektet til etablering av deponi. Ein del av reguleringssaka og miljørisiko må vurderast.
4. OK, men viss promenaden vert utvida til off.trafikkformål (les gang og sykkelveg) må det vere rom for det. Det skal ikkje etablerast ny bebyggelse foran areal B som vist på kartskisse 3.3.2015
5. NEI, kommunen held fast på opprinneleg linje.

Oppsummering og konklusjon frå kommunen si side:

Kommunen vurderer at i store trekk er partane samde, men eit avgjerande punkt er spørsmålet om kompensasjon. Det samla tilbodet kommunen gav i førre runde var på kroner 4 409 900 + omkostningar.

Kommunen har tatt eitt grundig søk i skjønnspraksis, der ein i liten grad finn støtte for dei beløp som Igesund Eigedom AS og Nordmar Eigedom AS krev. Den praksis som finst er i stor grad knytta til totale erverv, med erstatningar utmålt som «gjenanskaffelsesverdi»- altså noko heilt anna enn i denne saka.

Kommunen vurderer det som eit sentralt poeng i saka, grunnleggande skjønnsforutsetning, at tilflot ikkje vert mist. Slik kommunen vurderer det vert tilflot delvis vidareført ved at selskap får tilgang til offentlege kaiarealer når dei vert etablert. Retten er ikkje eksklusiv, men tilgangen er der for alle.

Kommunen legg vidare til grunn at selskapa får betydeleg, sentral tomtgrunn, gratis som en del av «pakken». Ein vurderer dette i seg sjølv som ein stor verdi.

Kommunen sitt siste tilbod og som vert lagt til grunn for kommunetyresaka som vert fremja i desember 2015:

Igesund Eigedom-

Grunnprisen for m2 er satt til 1100 kroner.

2029m2 (B) x 1100 kroner = 2 231 900 kroner

Kompensasjon for tilflotsrettar m.v 473 000 kroner (lik kompensasjon som for Nordmar Eigedom AS, 215 meter strandline à 2200kroner)

Samla tilbod til Igesund Eigedom 2 704 900 kroner + omkostningar.

Nordmar Eigedom AS-

Grunnprisen for m2 er satt til 1100 kroner.

660m2 (B) x 1100 kroner = 726 000 kroner

Ulempesvederlag for kaiareal og erstatning for tilflotsrettar 1 452 000 kroner

Samla tilbod til Nordmar Eigedom 2 178 000 kroner + omkostningar.

Oppsummert totalt tilbod frå kommunen:

Samla tilbod til Igesund Eigedom 2 704 900 kroner + omkostningar.


Samla tilbod til Nordmar Eigedom 2 178 000 kroner + omkostningar.

Frist for aksept fredag 20.11.2015 kl 15. Bekreftelse sendes til
jarl.martin.moller@heroy.kommune.no

Med helsing


Jarl Martin Møller
Utviklingsleiar

Vedlegg:
Kart datert 3.3.2015 og 10.3.2015



artopplysninger som vert kravd ved omsetting
eigedomar, skal tingast skriftleg hjå
mmunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig.
ituasjonsskart som skal nyttast i søknadar SKAL
påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000
ler 1:500.

Holmefjorden



Mottatt, det verte meldt inn i saka som vert fremja til kommunestyret. Vår advokat vil sette opp avtale etter kommunestyrebehandlinga.

Helsing

JARL MARTIN MØLLER

Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

Fra: Tor Igesund [mailto:tor@igesund.as]

Sendt: 19. november 2015 11:43

Til: Jarl Martin Møller

Emne: <uten emne>

Hei,

Viser til justert tilbod om kjøp av grunn, datert 17.11.2015.

Igesund Eigedom As og Nordmar Eigedom As sin styre har vedtatt å akseptere det fremlagte tilbodet, datert 17.11.2015.

Partane må etterkvart sette opp ein avtale om dette.

Med vennlig helsing

Igesund Eigedom As
Nordmar Eigedom As

Tor Igesund

Måløy, 5. august 2013

Ordfører Arnulf Goksøy


Notat an gående eventuell flytting av Fosnavåg Is og Oljeservice

Det henvises til møte mellom Per Magne Eggesbø og ordfører Arnulf Goksøy. Det ble ønsket et innspill fra Fosnavåg Is og Oljeservice AS (FIO).

Dersom flytting skal gjennomføres, har styret sett for seg etablering på en eller flere av tomtene:

- 34/251 – Vi ønsker å legge ut flytebrygge på enden av kaia.
- 34/252
- 34/250

På grunn av sikkerhetssoner rundt tanker, ser vi det som sannsynlig at alle tre tomter må disponeres.




FIO trenger plass til:

- Lagerhall/kontor: ca 10 x 18 meter
- Bensinstasjon

- Isanlegg
- Tanker (1 x 225 m3 Farget autodiesel, 1 x 225 m3 Marine gassolje , 1 x 65 m3 blank autodiesel, 1 x 15 m3 parafin).

Dersom dere trenger ytterligere opplysninger, er det bare å ta kontakt.


Med vennlig hilsen



Gaute Vorren

Økonomisjef, Måløy Havneservice AS

Direkte: 57 85 36 54 | Mobil: 97 53 63 55



Fylling Deponi Indre havn

Beskrivelse	Ant / Mengde	Enh	Pris	Sum
Rigg / HMS	1	RS	kr 80 000	kr 80 000
Adm og GPS DATA	1	RS	kr 50 000	kr 50 000
Sprengningsplaner	1	RS	kr 10 000	kr 10 000
Avgraving steintak	1	RS	kr 60 000	kr 60 000
Boring og sprenging	10000	m3	kr 50	kr 500 000
Pigging av blokkstein	1	RS	kr 50 000	kr 50 000
Lessing av stein	12000	m3	kr 20	kr 240 000
Transport av stein	12000	m3	kr 40	kr 480 000
Planering av stein	12000	m3	kr 25	kr 300 000
komprimering	1	RS	kr 10 000	kr 10 000
Levering av pukk	3600	m3	kr 150	kr 540 000
Utlegging av pukk	3600	m3	kr 25	kr 90 000
Komprimering	1	RS	kr 10 000	kr 10 000
Levering av grus	1900	m3	kr 200	kr 380 000
Avretting og komprimering	12000	m2	kr 30	kr 360 000
SF-Kummer	12	stk	kr 10 000	kr 120 000
Grøt for Sanfangskummer	300	m	kr 850	kr 255 000
Asfalt	12000	m2	kr -	kr -
Div kostnad			kr -	kr -
TOT				kr 3 535 000

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2015/1763
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
67/16	Formannskapet	19.04.2016
88/16	Formannskapet	10.05.2016
78/16	Kommunestyret	25.05.2016

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 35, BNR. 31 MFL. I FOSNAVÅG - STADFESTING AV PLANPROGRAM

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte.

Rådmannen si tilråding vart vedteke mot 4 røyster.

Svein Gjelseth, Per Kristian Furø, Olaug Andreassen og Kjell Runde røysta imot.

Tilråding i Formannskapet - 10.05.2016

Herøy kommunestyre stadfestar, i medhald av plan- og bygningslova § 12-9, forslag til planprogram – detaljreguleringsplan for gnr. 35, bnr. 31 mfl. i Fosnavåg, datert 2.2.2016.

Planprogrammet skal leggjast ved forslag til reguleringsplan ved utlegging til offentlig ettersyn.

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide og leiar for utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller orienterte.

Ap, Svein Gjelseth fremja forslag om å utsette saka.

Svein Gjelseth sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Saka vert utsett.

Tilråding:

Herøy kommunestyre stadfestar, i medhald av plan- og bygningslova § 12-9, forslag til planprogram – detaljreguleringsplan for gnr. 35, bnr. 31 mfl. i Fosnavåg, datert 2.2.2016.

Planprogrammet skal leggjast ved forslag til reguleringsplan ved utlegging til offentlig ettersyn.

Særutskrift:

- Møre og Romsdal fylkeskommune, post@mrfylke.no
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postmottak@fmmr.no
- Statens vegvesen, region Midt, firmapost-midt@vegvesen.no
- Fiskeridirektoratet, postmottak@fiskeridir.no
- Noregs vassdrags- og energidirektorat, nve@nve.no
- Bergens Sjøfartsmuseum, marinarkeologi@sjofartsmuseum.no
- Fosnavåg rederipark AS, Postboks 23, 6099 Fosnavåg
- Kystverket, post@kystverket.no

Vedlegg:

1. Forslag til planprogram, datert 2.2.2016.
2. Innspel frå Fiskeridirektoratet, datert 8.2.2016.
3. Innspel frå Statens vegvesen, datert 17.2.2016.
4. Innspel frå Fosnavåg rederipark AS, datert 29.2.2016.
5. Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 8.3.2016.
6. Innspel frå Bergens Sjøfartsmuseum, datert 17.3.2016.
7. Innspel frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 18.3.2016.
8. Innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 30.3.2016.
9. Innspel frå Kystverket, datert 1.4.2016.
10. E-post frå Kystverket, datert 5.4.2016.

Saksopplysningar:

Denne saka ei er oppfølging av k-sak 195/15 (10.12.2015), oppstart av reguleringsplanarbeid og høyring av planprogram.

Det vert lagt fram eiga sak i tråd med k-sak 38/16 (18.2.2016), vedr. intensjonsavtalar mm. så snart ein har fått inn tilstrekkeleg informasjon til saka.

Bakgrunn

Bakgrunn for planarbeidet er at Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn, frå dagens - 6 meter til – 8.3 meter. Arbeidet er planlagt igangsett i 2017. I samband med mudring av hamna, er det behov for etablering av lokalt deponi for forureina og reine masser. Kystverket sin plan går så langt ut på å etablere ei tradisjonell steinfylling / molo, der mudringsmassene vert deponert bak moloen. Over massene må det leggjast på eit stabilt topplag, før etablering av dekke for bygging eller etablering av kai.

Deponiet kan utformast på ulike måtar. Endeleg utforming vert prosjektert av Kystverket og vil gå fram av forslag til reguleringsplan.

Herøy kommunestyre gjekk i møte 10.12.2015, sak 195/15 inn for følgjande:

1. *Herøy kommunestyre vedtek av alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.*
2. *Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet som skissert i saka. Administrasjonen skal i det vidare planarbeidet søkje etter gode finansieringsløyisingar for prosjektet.*
3. *Herøy kommune vedtek at det vert sett i gong reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.*
4. *Indre allmenningskai til og med Fosnavåg Pelagic. Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.*

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak, er det sett i gong detaljreguleringsplanarbeid med tanke på tilrettelegging for etablering av massedeponi i ytre del av Fosnavåg.

Mål

Hovudformålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan som legg til rette for etablering av massedeponi i samband med mudring av Fosnavåg hamn. Det skal planleggast for utfylling og utplanering for næringsareal på land. Delar av området, der det ikkje ligg føre konkrete planar for tiltak, vil ikkje bli detaljplanlagt i tilsvarende grad som dei andre.

Formålet med planprogrammet er å avklare:

- Kva problemstillingar som er vesentlege i høve til miljø, naturressursar og samfunn.
- Kva tema som krev ytterlegare kartlegging og utgreiing.

Vidare skal planprogrammet sikre at konsekvensutgreiinga fokuserer på tilhøve som det er nødvendig å få sett søkjelys på.

Krav til konsekvensutgreiing (KU) og planprogram

Herøy kommune har vurdert tiltaket etter «Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven, datert 19.12.2014» og har konkludert med at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing. Planen fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing, jf. Forskrifta, § 2, bokstad d) og f). Området er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd.

Planprogrammet skildrar forslag til tema/problemstillingar som det er relevant å utgreie nærare i samband med planprosessen. Endeleg stadfesta planprogram skal leggjast til grunn for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan med KU.

KU-tema:

- Naturmangfald
- Landskap
- Forureining (herunder forureining av sjø og land, støv, støy)
- Beredskap og ulukkesrisiko
- Havnivåstigning
- Stormflo
- Omsyn til barn og unge
- Trafikk og parkering
- Grunntilhøve

Det kan kome til fleire moment som følgje av planprosessen.

Som del av planprosessen skal det utarbeidast ROS-analyse. Analysen skal avdekke farar og kome med framlegg til tiltak som kan hindre at uønskete hendingar skjer.

Medverknad

Det vert lagt opp til medverknad på fleire nivå under planprosessen. Ein ønskjer god kontakt med fylkeskommune, fylkesmann, Kystverket og andre regionale mynde og høyringsorgan, berørte partar, interessegrupper og andre.

Annonsering av oppstart av planarbeidet skjer samstundes med at planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn (6 veker). Kommunen skal på bakgrunn av innkomne uttalar/merknader, fastsetje endeleg planprogram for plan- og utgreiingsarbeidet. Det skal gjerast greie for innkomne uttalar og merknader og korleis desse er vurdert og ivaretekne i planprogrammet. Planprogrammet skal vedtakast av kommunestyret.

Informasjon og medverknad elles i planprosessen vil bli sikra på vanleg måte ved offentleg ettersyn. Som del av planarbeidet vil det bli halde folkemøte der grunneigarar, naboar, organisasjonar og «særskilde» grupper vil bli innkalla

Innspel til planarbeidet

Varsel om oppstart av planarbeid og offentleg høyring av planprogram vart kunngjort 5.2.2016. Frist for å kome med innspel til planarbeidet var sett til 21.3.2016.

Innspel frå:	Innhald:	Kommentar:
Fiskeridirektoratet, 8.2.2016 (FD)	FD meiner planprogrammet er kompakt og oversiktleg. FD meiner det må gjerast vurderingar opp mot eksisterande prosess-industri som hentar sjøvattn i området. Eksisterande næringsverksemd må ikkje bli negativt berørt av tiltaket. Region Midt føreset at det vert nytta siltskjørt/siltgardin eller tilsvarande under utfylling av masse i sjø, for å redusere spreiding av partiklar. Utfylling av masse bør primært skje på hausten og tidleg vinter.	Problemstillingane FD peikar på, vil bli nærare utgreidd i samband med Kystverket si detaljprosjektering, og vil inngå i konsekvensutgreiinga.
Fosnavåg Rederipark AS, 29.2.2016 (FR)	FR forutset følgjande i høve til deira eigedom:	Det vert stilt strenge krav til rutiner for deponering, kontroll i anleggsperioden, overvaking og

	• At dei ikkje blir påført skade / ubehag ved at "giftig masse" vert plassert framfor eigedommen deira. • Arealet vert sikra både mot "storbåra" og mot land og kaiene. • Arealet vert planert ferdig og påført tilfredsstillande toppdekke over tilført masse. • Arealet vert ferdigstilt i alle endar, både mot sjø og etablert landområde før entreprenørane forlet området. Ønskjer ikkje at arealet vert liggjande uferdig.	sikkerhetstiltak i samband med etablering av alle typar deponi. Det vert også stilt strenge krav til kontroll og overvaking av ferdig deponi. Sjå elles kommentar til fylkesmannen sitt innspel nedanfor.
Fylkeskommunen (FK), 8.3.2016	FK har ingen særskilde merknader til oppstart av planarbeidet. FK saknar at planprogrammet gjer meir greie for kva som skal utgreiast gjennom planarbeidet/ konsekvensutgreiinga.	Planprogrammet listar opp 9 ulike tema som skal utgreiast nærare. Elles ingen kommentar.
Bergens Sjøfartsmuseum, 17.3.2016	Museet kjenner ikkje til kulturminne ved innseglinga til Fosnavåg, som kan bli direkte råka av tiltaket. Museet minner om at tiltakshavar pliktar å gi melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.	Ingen kommentar.
Noregs vassdrags- og energidirektorat, 18.3. 2016 (NVE)	NVE slår fast at det ved utfyllingar i sjø, må gjerast ei geoteknisk vurdering av områdestabilitet og grunnforhold, slik at tiltaket ikkje medfører risiko for utglidingar eller setningskader	Det vil bli gjennomført geotekniske vurderingar i regi av Kystverket i samband med detaljprosjektering av deponiet.
Fylkesmannen, 30.3.2016 (FM)	FM meiner forureiningsfaren under sjølve tiltaket bør konsekvensutgreiast (luktproblematikk). Fylkesmannen viser vidare til at mudring og/eller dumping i sjø må skje etter særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå fylkesmannen. Sjøkantdeponi krev og særskilt løyve etter forureiningslova § 11. FM stiller følgjande spørsmål, som han meiner ein med fordel kan utgreie i samband med reguleringsplanen: - er området stabilt geoteknisk ? Kan området bli utsett for ras og utglidingar ? - er sjøbotnen der deponiet skal ligge forureina. Det må takast prøver av sjøbotnen for å avklare dette. - Muddermassane må truleg avvatnast på ein eller annan måte. Korleis skal dette gjerast ? FM viser til at det skal gjennomførast ei ROS-analyse for planområdet. FM føreset	Kystverket skal søkje om løyve etter forureiningslova til å fjerne (mudre) masser i hamna. Etaten skal også søkje om løyve til å deponere massene. Søknadene skal handsamast av FM. Kystverket skal i samband med søknadene mellom anna gjere greie for tiltaka, omsyn til omgjevnadene, plan for overvaking og etterkontroll. Temaene FM stiller spørsmål ved vil bli nærare utgreidd i samband med Kystverket si detaljprosjektering. Som del av planarbeidet, skal det utarbeidast ROS-analyse.

	at det i samband med reguleringsplan-arbeidet vert gjennomført ei meir grundig ROS-analyse av planområdet. FM minner om at dersom ROS-analysen avdekkjer område med fare, risiko eller sårbarheit, skal dei markerast i planen med omsynssone.	
Kystverket, 1.4.2016	Kystverket si planavdeling, slår fast at det på eit tidleg tidspunkt må vurderast om planområdet har nødvendig størrelse i høve til masse/volum som skal deponerast. Kystverket meiner følgjande må vurderast/utgreiast nærare: - Geotekniske vurderingar og alternative løysingar. - Miljøundersøkingar av eksisterande masser. - Luktproblematikk og avbøtande tiltak. - Straumforhold, bølger og stormflo. - Påkøyringsfare skip / skade på deponi. - Bølgeanalyse og straumforhold mtp. eksisterande innseglingssløp til hamna. - Manøvreringsrom ved inn/utsegling mellom Vågsholmen og ny utfylling. Breidde, djupneforhold og eventuelle endringar av navigasjonsinstallasjonar. - Auka bruk av indre hamnebasseng, støy og farbarhet i innseglingssløpet kontra nærføring av småbåtar/fritidsbåtar langs innseglinga.	Kystverket ved Terje B Misund har i e-post av 5.4.2016, presisert nærare kva tema dei avklarar i samband med detaljprosjekteringa. - Marinarkeologi. - Geoteknikk. - Miljøundersøkingar. - Luktproblematikk. - Straumforhold. - Påkøyringsfare. - Bølgeanalyse. - Manøvreringsareal og oppmerking.
Statens vegvesen, 17.2.2016 (SV)	SV har ingen merknad til planarbeidet og planprogrammet	

Kopi av innspela til planprogrammet er lagt ved saka.

Vurdering:

Forslag til planprogram har lege ute til offentlig ettersyn i perioden 5.2.16 – 21.3.2016. Fylkesmannen fekk utvida høyringsfrist til 30.april, grunna kurs. Kystverket sitt innspel vart registrert 4.4.2016.

Det kom inn i 8 innspel til planprogrammet ved offentlig ettersyn og alle innspela er oppsummert og kommentert i saka. Etter rådmannen si vurdering sikrar forslag til planprogram at nødvendige utgreiingar vert gjennomført som ein del av planprosessen.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at planprogram for detaljreguleringsplan for gnr. 35, bnr. 31 mfl. i Fosnavåg vert stadfesta. Planprogrammet vil vere eit godt grunnlag for det vidare planarbeidet med konsekvensutgreiinga.

Fosnavåg, 01.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide


DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 35, BNR. 31 MFL., I FOSNAVÅG, HERØY KOMMUNE

(TILRETTELEGGING FOR ETABLERING AV MASSEDEPONI)



FORSLAG TIL PLANPROGRAM

2.2.2016



HERØY KOMMUNE

INNHALDSLISTE

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn for planarbeidet	3
1.2 Formål med planarbeidet	3
1.3 Planstatus	4
1.4 Planavgrensing	5
2. Planprosess	6
2.1 Forslag til framdrift	6
2.2 Medverknad	6
2.4 Konsekvensutgreiing (KU) og planprogram	6
2.5 ROS-analyse	7
3. Skildring av planområdet	7
3.1 Lokalisering	7
3.2 Arealbruk	8
3.3 Landskap	9
3.4 Vegetasjon, dyre- og fugleliv	10
3.5 Kulturminne og kulturmiljø	10
3.6 Landskap og jordvern	10
3.7 Forureining (støy, luft og vatn)	10
3.8 Lokalklimatiske forhold	10
3.9 Risiko for havstigning	10

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Bakgrunnen for planarbeidet er at Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn, frå dagens - 6 meter til – 8.3 meter. Arbeidet er planlagt igangsett i 2017. I samband med mudring av hamna, er det behov for etablering av lokalt deponi for forureina og reine masser.

Kystverket sin plan går så langt ut på å etablere ei tradisjonell steinfylling / molo, der mudringsmassene vert deponert bak moloen. Over massene må det leggjast på eit stabilt topplag, før etablering av dekke for bygging eller etablering av kai.

Deponiet kan utformast på ulike måtar. Endeleg utforming vert prosjektert av Kystverket og vil gå fram av forslag til reguleringsplan.

Herøy kommunestyre gjekk i møte 10.12.2015, sak 195/15 inn for følgjande:

- 1. Herøy kommunestyre vedtek av alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.*
- 2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet som skissert i saka. Administrasjonen skal i det vidare planarbeidet søkje etter gode finansieringsløyisingar for prosjektet.*
- 3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gong reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.*
- 4. Indre allmenningskai til og med Fosnavåg Pelagic. Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.*

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak, vert det sett i gong detaljreguleringsplanarbeid med tanke på tilrettelegging for etablering av massedeponi.

1.2 Mål med planarbeidet

Hovudformålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan som legg til rette for etablering av massedeponi i samband med mudring av Fosnavåg hamn. Det skal planleggast for utfylling og utplanering for næringsareal på land. Delar av området, der det ikkje ligg føre konkrete planar for tiltak, vil ikkje bli detaljplanlagt i tilsvarende grad som dei andre.

Formålet med planprogrammet er å avklare:

- Kva problemstillingar som er vesentlege i høve til miljø, naturressursar og samfunn.
- Kva tema som krev ytterlegare kartlegging og utgreiing.


Vidare skal planprogrammet sikre at konsekvensutgreiinga fokuserer på tilhøve som det er nødvendig å få sett søkjelys på.

1.3 Planstatus

Reguleringsplan

Området som skal regulerast omfattar del av gjeldande reguleringsplan for Sjøsidea Eigedom AS (godkjent 28.11.2013, plan ID 201289), (vertikal skravur), del av gjeldande reguleringsplan for Fosnavåg (godkjent 27.3.1987, plan ID 198701), (skråstilt skravur) og delar av reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, tomt f9 (godkjent 23.11.2001, plan ID 200104), (gitter skravur).


Reguleringsplan for Fosnavåg hamn (godkjent 26.3.2015, plan ID 201263), (horisontal skravur) grensar til planområdet. Resterande areal er lagt ut til sentrumsformål (S1) i kommuneplanen sin arealdel (godkjent 30.10.2014, plan ID 201250).



Figur 1. Utsnitt frå planbase – eksisterande reguleringsplanar i området

Kommuneplanen sin arealdel 2014-2025 (plan ID 201250)


Delar av planområdet er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til sentrumsføremål (S1). Planen vart godkjent i kommunestyret 30.10.2014, plan ID 201250).



Figur 2. Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel

1.4 Planavgrensing

Planområdet er avgrensa som vist på kartutsnittet nedanfor. Området på om lag 56.5 daa.



Figur 3. Avgrensing av planområdet

2. Planprosess

2.1 Forslag til framdrift

Varsel om oppstart av reguleringsplan og utlegging av planprogram skjer i februar 2016, og det er pr. i dag skissert følgjande framdrift i planarbeidet:

Aktivitet	Ca. tidsplan
Planprogram og varsel om oppstart vert sendt ut på høyring. Frist 6 veker	Februar 2016
Planprogrammet vert justert. Vedtak i kommunestyret.	Mai 2016
Utarbeiding av konsekvensutgreiing og reguleringsplan	Febr. – juni 2016
Sakshandsaming – reguleringsplan ut til offentleg ettersyn	Juni 2016
Reguleringsplan med konsekvensutgreiing ut til offentleg ettersyn (6 veker)	Juli – sept. 2016
Revisjon av planforslag etter høyring	Sept. – okt. 2016
Vedtaksprosess, handsaming i formannskap og kommunestyre	Nov. – des 2016

Skisserte framdriftsplan er usikker. Justeringar vil bli gjennomført under vegs i planarbeidet.

2.2 Medverknad

Det vert lagt opp til medverknad på fleire nivå under planprosessen. Ein ønskjer god kontakt med fylkeskommune, fylkesmann og andre regionale mynde og høyringsorgan, berørte partar, interessegrupper og andre.

Annonsering av oppstart av planarbeidet skjer samstundes med at planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn (6 veker). Kommunen skal på bakgrunn av innkomne uttalar/merknader, fastsetje endeleg planprogram for plan- og utgreiingsarbeidet. Det skal gjerast greie for innkomne uttalar og merknader og korleis desse er vurdert og ivaretekne i planprogrammet. Planprogrammet skal vedtakast av kommunestyret.

Informasjon og medverknad elles i planprosessen vil bli sikra på vanleg måte ved offentleg ettersyn. Som del av planarbeidet vil det bli halde folkemøte der grunneigarar, naboar, organisasjonar og «særskilde» grupper vil bli innkalla.

2.3 Konsekvensutgreiing (KU) og planprogram

Herøy kommune har vurdert tiltaket etter «Forskrift om konsekvensutredning for plan- og bygningsloven» og har konkludert med at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing.

Planen fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing, jf. forskrifta, § 2, bokstav d) og f. Området er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd.

Konsekvensutgreiinga skal omhandle naturmangfald, landskap, forureining (herunder forureining av sjø og land, støy, støv), beredskap og ulukkesrisiko, havnivåstigning, stormflo, omsyn til barn og unge, trafikk og parkering, grunntilhøve. Det kan kome til fleire moment som følgje av planprosessen.

Forslag til planprogram skal sendast på høyring til berørte mynde og interesseorganisasjonar og leggjast ut til offentleg ettersyn.

Det skal skje samstundes med varsling av oppstart av planarbeid. Ved utarbeiding av planframlegg skal det gjerast greie for konsekvensane ved planframlegget


2.4 ROS-analyse

Analysen skal avdekke farar og kome med framlegg til tiltak som kan hindre at uønskte hendingar skjer.

3. Skildring av planområdet

3.1 Lokalisering

Planområdet ligg i ytre del av Herøy kommune, nærare bestemt ved Fosnavåg sentrum. Fosnavåg er kommunesenteret i kommunen, som er ei av dei største fiskerikommunene i landet. Hamna er ein fin stoppestad før og etter Stadt. Frå planområdet er det kort veg til nesten alle sentrumsfunksjonar.



Figur 4. Lokalisering av planområdet




Figur 5. Planområdet sett frå lufta (foto: Harald M Valderhaug)



Figur 6. Planområdet sett frå fjellsida nedanfor Hornseten (foto: Berit Sandvik Skeide)

3.2 Arealbruk

Store delar av arealet innanfor plangrensa er utfylt område som ikkje er bebygd. Tidlegare Sunnmørsfisk AS (no Igesund Eigedom AS) sine lokaler utgjer det meste av bygningsmassen innanfor området. I lokala har det tidlegare vore produksjon av ferske og frosne filetprodukt av kvitfisk. Det har ikkje vore produksjon i lokala det siste året.



Figur 7. Avgrensning av planområdet

Igesund Eigedom AS har planar om å leggje til rette for leiligheiter, kontor, butikk mm. innanfor området. Kai, parkanlegg, parkeringsareal og gangpromenade vil og vere naturlege formål i planen.

3.3 Landskap

Landskapet på Bergsøya er eit strandflatelandskap forma av is og hav. Kystlinja er dominert av bratte svaberg med innslag av langgrunne strender. Busetnaden er konsentrert til lune vikar og hovudvekta av strandlinebusetnad ligg i det lune området mot Straumane og Leinøya. Store delar av Bergsøya består av ope lende, med innslag av skogsområde og litt dyrka mark. Sørsida er relativt flat og dominert av eit større våtmarksområde i tilknytning til Myklebustvatnet. Nordsida av øya, der planområdet er lokalisert er dominert av eit aust/vest-gåande høgdedrag med bratte fjellsider og med fjellplatå på over 200 moh.

Planområdet ligg ope og utsett til mot Holmefjorden.



Figur 8. Plassering av planområdet

3.4 Vegetasjon, dyre- og planteliv

Ingen særskilte registreringar.

3.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor området.

3.6 Landskap og jordvern

Det er ikkje registrert viktige naturtypar, friluftsområde, kulturlandskap eller artsdata innanfor planområdet.

3.7 Forureining (støy, luft og vatn)

Etter det kommunen kjenner til er det ikkje registrert forureining innanfor området.

3.8 Lokalklimatiske forhold

Området er utsett til i høve til vind og bølger.

3.9 Risiko for havstigning

Området er sårbar for ekstremver inkl. havnivåstigning.

Fosnavåg 2.2.2016. Berit Sandvik Skeide

Herøy kommune
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Saksbehandler: Ole Einar Jakobsen
Telefon: 94135463
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region
Midt
Vår referanse: 16/1513
Deres referanse:
Vår dato: 08.02.2016
Deres dato: 02.02.2016

HERØY KOMMUNE MØRE OG ROMSDAL - UTTALELSE TIL VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED DETALJREGULERINGSPLAN OG OFFENTLIG ETTERSYN AV PLANPROGRAM FOR ETABLERING AV MASSEDEPONI PÅ GNR 35 BNR 31 MED FLERE I FOSNAVÅG

Vi viser til oversendelse av 02.02.2016 fra Herøy kommune med varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan og offentlig ettersyn av planprogram for etablering av massedeponi på gnr. 35 bnr. 31 med flere i Fosnavåg.

Formål og planstatus

Formålet med arbeidet er å utarbeide en detaljreguleringsplan som legger til rette for etablering av massedeponi i forbindelse med mudring av Fosnavåg havn. Det skal også planlegges for utfylling og utplanering for næringsareal på land.

Området som skal reguleres omfatter en del av gjeldende reguleringsplan for Sjøsidea Eigedom AS, en del avgjeldende reguleringsplan for Fosnavåg og deler av reguleringsplan for Fosnavåg sentrum. Reguleringsplan for Fosnavåg havn grenser til planområdet.

Generelt om planprogrammet

Planprogrammet er kompakt og oversiktlig. Det kommer tydelig frem hva som er formålet med planarbeidet og hvordan planprosessen skal gjennomføres. Det er også beskrevet et godt opplegg for medvirkning. Tema som skal fokuseres på er beskrevet på en god måte.

Vi vurderer det som nødvendig at det i forbindelse med utfylling i sjø og mudring gjøres vurderinger opp mot eksisterende prosessindustri som henter sjøvann i området. Fosnavaag Pelagic AS ligger i Fosnavåg indre havn, og knapt 800 meter fra planområdet. Det må være en klar forutsetning at eksisterende næringsvirksomhet ikke blir negativt berørt av tiltaket.

Innspill fra Fiskeridirektoratet region Midt

Det forutsettes at det benyttes siltskjørt/siltgardin eller tilsvarende under utfylling av masse i sjø for å redusere spredning av partikler. Dette er særlig viktig dersom utfyllingsområdet er i nærheten av oppvekstområder for fisk, for eksempel ålegressenger. Utfylling av masse bør primært skje på høsten og tidlig vinter. Dette er fordi det er den perioden av året hvor livet i kystsonen ligger mest i ro. Det må utvises særlig aktsomhet ved mudring i og lagring av forurensede sedimenter.

Vi har vurdert tiltaket i forhold til fiskeri- og havbruksinteresser, samt marint biologisk mangfold. Med unntak av Fosnavaag Pelagic AS kjenner vi ikke til at det i nærheten av planområdet er andre spesielle fiskeri- og havbruksinteresser eller marint biologisk mangfold som kan bli skadelidende av tiltaket.

Fiskeridirektoratet region Midt kan ikke se at planforslaget har direkte vesentlige konsekvenser for de interesser direktoratet skal ivareta, og har ingen ytterligere merknader til forslaget.

Med hilsen

Kristin Skarbøvik
seksjonssjef

Ole Einar Jakobsen
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten underskrift

Mottakerliste:

Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
---------------	--------------	------	----------

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal,	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Kystverket Midt-Norge			
Kystverket Midt-Norge	Miljøvernavdelinga	6404	MOLDE



Statens vegvesen

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
16/17020-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
17.02.2016

Herøy kommune – Gnr. 35 bnr. 1 m.fl. – Fosnavåg – Tilrettelegging for massedeponi – Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig høyring av planprogram – Uttale

Viser til e-post av 2.2.2016 frå Herøy kommune.

Saka gjeld varsel om oppstart av utarbeiding av detaljreguleringsplan og offentlig ettersyn av planprogram for etablering av massedeponi ytst ute i Fosnavåg sentrum.

Statens vegvesen har ingen merknad til varsla reguleringsarbeid og planprogrammet som ligg føre.

Med helsing
Plan- og trafikkseksjonen

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Til

Herøy Kommune, formannskapet

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Vedr. varsel om oppstart av planarbeid og offentlig høyring av planprogram. Tilrettelegging av deponi. Brev av 01.02.2016. Saksnr: 2015/1763

Merknad frå nabo Gnr34/22 Fosnavåg Rederipark AS

Vi tar Herøy Kommunestyre sitt / sine vedtak til etterretning og har til hensikt å tilpasse oss Herøy Kommune sine planar om utvikling i Fosnavåg sentrum på beste måte.

Vi forutset at Herøy Kommune tek hensyn til nokre forhold dersom deponiet vert plassert i området i sjøen framfor vår eigedom.

1. At vi ikkje vert påført skade / ubehag ved at «giftig masse» vert plassert framfor oss, tenkjer f.eks lukt eller annen miljøskade som kan gjere det utriveleg for firma som er etablert her både i etableringsfasa av deponiet og i ettertid.
2. At arealet vert sikra både mot «storbåra» og mot etablert land, kaiene.
3. At arealet vert planert ferdig og påført tilfredstillande toppdekke over tilført masse.
4. At arealet vert ferdigstilt i alle ender, både mot sjø og etablert landområde før entreprenørane forlet området. (altså at ikkje arealet vert liggande som eit øde uferdig areal slik t.d på Leinane og til dels på Kvalsund)

Vi ynskjer planane velkomne og ser fram til positivt samarbeid med Herøy Kommune i den vidare prosessen.

Fosnavåg 29.02.2016

Fosnavåg Rederipark AS

Paul Harald Leinebø



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	02.02.2016	6663/2016/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	08.03.2016

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for massedeponi gbnr 35/31 i Fosnavåg - fråsegn til varsel om oppstart - høyring av planprogram

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Vi har på noverande tidspunkt ingen særskilte merknader til oppstart av planarbeidet, men saknar at planprogrammet gjer meir greie for kva som skal utgreiast gjennom planarbeidet/konsekvensutgreiinga.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Fra: Eirik Herdlevær Søyland [<mailto:Eirik.Soyland@sjofartsmuseum.no>]

Sendt: 17. mars 2016 12:38

Til: postmottak

Kopi: arve.nytun@mrfylke.no

Emne: RE: Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig høyring av planprogram, tilrettelegging for deponi, Fosnavåg, Herøy kommune

Vedr. Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig høyring av planprogram, tilrettelegging for deponi, Fosnavåg, Herøy kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 02.02. 2016.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved innseglinga til Fosnavågen i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har tidligare anbefalt området for deponi i tidligare fråsegner.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinnngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland

Marinarkeolog

55 54 96 02

marinarkeologi@sjofartsmuseum.no

From: postmottak@heroy.kommune.no [<mailto:postmottak@heroy.kommune.no>]

Sent: Tuesday, February 02, 2016 7:37 AM

To: arve.moltubakk@tussa.com; camilla.storoy@heroy.kommune.no; firmapost@reinholdsverket.no; firmapost-midt@vegvesen.no; geiridar@cann.no; marinarkeologi@bsj.uib.no; mona-grethe.ryssevik@heroy.kommune.no; nve@nve.no; post@kystverket.no; post@mr fylke.no; postmottak@fiskeridir.no; postmottak@fmmr.no; postmottak@morenett.no; smyr54@hotmail.com

Subject: Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig høyring av planprogram, tilrettelegging for deponi, Fosnavåg, Herøy kommune

I samsvar med §§ 12-3 og 12-8 i plan- og byningslova vert det varsla oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for gnr. 35, bnr. 31 mfl. og offentlig ettersyn av planprogram for etablering av massedeponi i Fosnavåg, Herøy kommune.

Sjå vedlagte dokument for meir informasjon.

Frist for å kome med innspel / merknad til planarbeidet eller planprogrammet er sett til **21.3.2016.**

Helsing

BERIT SANDVIK SKEIDE

Planleggar/landskapsarkitekt
70 08 13 00 / 70 08 13 82

Vedlegg:

- Varsel om oppstart av planarbeid og planprogram på høyring, datert 2.2.2016.
- Forslag til planprogram, datert 2.2. 2016.

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 18.03.2016
Vår ref.: 201600701-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 02.02.2016
Dykkar ref.: Berit Sandvik Skeide

Sakshandsamar:
Terje Systad

Innspel til oppstart av tilrettelegging for deponi - GBnr 35/31 mfl Fosnavåg - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 2.2.2016. Saka gjeld oppstart av reguleringsplan for utdjupeing av hamn i Fosnavåg. Det skal leggest til rette for deponi av forureina og ureine massar. Det er i tillegg planlagt bygging av molo.

Ved utfyllingar i sjø må ein gjere ei geoteknisk vurdering av områdestabiliteten og grunnforholda slik at tiltaket ikkje medfører risiko for utglidingar eller setningskader.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune

Detaljregulering - reguleringsplan for etablering av massedeponi gnr35 bnr31 m.fl i Fosnavåg

Oppstart - offentlig ettersyn av planprogram

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

KONSEKVENSGREIINGA

I tillegg til alle dei tema som oppstartsmeldinga gjer greie for at skal konsekvensutgreiast, bør KU også belyse forureiningsfaren under sjølve tiltaket, spesielt med tanke på luktproblematikken. Dette mellom anna fordi sedimenta som skal mudrast inneheld mykje organisk materiale som kan gi luktplager under mudring og deponering. Sjå elles under punktet Forureining lenger ned i brevet, der vi tilrår at ein del problemstillingar knytt til behandlinga etter forureiningslova blir avklara i konsekvensutgreiinga til reguleringsplanen.

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Generelt

Bakgrunnen for planarbeidet er at Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn frå 6 meter til 8,3 meter. I samband med mudring av hamna, er det behov for å etablere eit lokalt deponi for forureina og reine masser. Hovudføremålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan som legg til rette for etablering av massedeponi i samband med mudring av hamna. Det skal planleggast for utfylling og utplanering for næringsareal på land.

Forureining

Mudring og/eller dumping i sjø må skje etter særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå fylkesmannen. Sjøkantdeponi krev og særskilt løyve etter forureiningslova § 11.

Spørsmål som det må svarast på før ein kan gi løyve etter forureiningslova, og som ein med fordel kan greie ut i samband med reguleringsplanen er:

- er området stabilt geoteknisk? Kan området bli utsett for ras og utglidningar?
- er sjøbotnen der deponiet skal ligge forureina? Det må takast prøver av sjøbotnen for å avklare dette.
- muddermassane må truleg avvatnast på ein eller annan måte. Korleis skal dette gjerast?

Samfunnstryggleik

Det skal gjennomførast ein ROS-analyse for planområdet. I forslaget til planprogram er det mellom anna nemnt at området er sårbart for ekstremvêr, inkludert havnivåstiging. Fylkesmannen føreset at det i samband med reguleringsplanen blir gjennomført ein meir grundig ROS-analyse av planområdet. Dersom ROS-analysen avdekkjer områder med fare, risiko eller sårbarheit skal desse markerast i planen som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6.

Konklusjon

Vi ber om at det blir tatt omsyn til våre merknader i det vidare arbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Fagsaksbehandlar:

Forureining: Anne Melbø, tlf.: 71 25 85 15

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf.: 71 25 84 15

Kopi:

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



KYSTVERKET
MIDT-NORGE

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Sendt pr e-post

Deres ref.:

Vår ref.:
2016/384-5

Arkiv nr.:
413.2

Saksbehandler:
Oddbjørn Sæther

Dato:
01.04.2016

Uttalelse - Oppstartvarsel reguleringsplan med forslag til planprogram for tilrettelegging av deponi - gnr 35 bnr 31 mfl i Fosnavåg - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til oversending fra kommunen, e-post 02.02.2016 med vedlegg.

Bakgrunnen for planarbeidet er behovet for deponering og sikring av opp mot 65000 m³ reine- og forurensende masser i forbindelse med utdyping av indre basseng i Fosnavågen.

Utdypingen er initiert av kommunen og bedrifter i vågen, som før utdypingsarbeidet kan starte, må ha sikra omkringliggende område mot ny forurensning og avløp/avrenning til indre basseng.

På bakgrunn av tidligere statlige investeringer i Fosnavågen som fiskerihavn, har Kystverket fremmet utdypingsarbeid i indre havnebasseng med statlig finansiering for å bedre anløpsforholda i fiskerihavna for mer dyptgående fiskefartøy, og derav tilrettelegge for videre fiskerivirksomhet i vågen. Prosjektet er tatt inn i nasjonal transportplan.

Som følge av massenes beskaffenhet og volum har flere deponeringsalternativer vært vurdert. Etter vedtak i kommunen er det nå varslet oppstart regulering av sjøområdet sørøst for innløpet til Fosnavågen. Det skal utredes med tanke på massedeponi bak molo/sjete, som etter oppfylling skal dekkes med stabilt topplag. Dette med tanke på senere bruk av arealet til næringsareal på land, uten videre spesifisering. Eventuell framtidig kaiareal er også nevnt.

Formålet med planprogrammet er å avklare vesentlige utfordringer i forhold til miljø, naturressurser og samfunn, herav hvilke tema som krever ytterligere kartlegging og/eller må utredes nærmere med tanke på konsekvenser.

Planprogrammet skal sikre at påfølgende konsekvensutredning fokuserer på forhold av vesentlig art i selve området. Dette, i tillegg til forhold som ligger utenfor planområdet, men som kan ha betydning for, eller kan påvirkes av, planleggingen/planlagte tiltak.

Detaljprosjektering av molo/sjete inkl utførelse av deponi med miljøsikring skal utføres/inkluderes i reguleringsplanen.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

I den forbindelse må det på et tidlig tidspunkt vurderes om det aktuelle planområdet har nødvendig størrelse i forhold til masse/volum som tenkes deponert her.

Med mindre området i forbindelse med tidligere planverk er klarert for marinarkeologi, vil det være et naturlig vurderingstema.

Geotekniske vurderinger må gjennomføres og alternative løsninger beskrives (planavgrensningen gjelder avskrånende sjøbunn fra område fra 0 til mer enn 20m dybde)

Miljøundersøkelser av eksisterende masser og valg av løsninger i forhold til anbefalinger i forannevnte punkt.

Luktproblematikk og avbøtende tiltak må beskrives. Eventuelt om spesielle årstider er bedre enn andre for utførelse.

Strømforhold, bølger og stormflo med tanke på skade på et miljøsikret deponi

Påkjøringsfare skip / skade på deponi

Bølgeanalyse og strømforhold med tanke på eksisterende innseilingsløp til havna. Dette for å kunne unngå eventuelle langsgående/forsterkende bølger inn mot løpet under prosjekteringsarbeidet for molo/sjete.

Manøvreringsrom ved inn/utseiling mellom Vågsholmen og nyutfylling. Bredde, dybdeforhold og eventuelle endringer av navigasjonsinstallasjoner.

Tilsvarende dersom det i framtid er tenkt kai(er) i området. Da også med fortøyde fartøy inn mot kaiene, som krever sin plass.

Dersom forannevnte kai(er) er aktuelt må aktuelle skipsstørrelser beskrives, av betydning både for dybder, bredder og manøvreringsrom ved et allerede trangt eksisterende inn/utløp.

Reduksjon av delvis skjerma kaier i ytre område av vågen (pga utfylling) og betydningen av dette for Fosnavågen som havn.

Økt bruk av indre havnebasseng, støy, farbarhet i innseilingsløpet kontra nærføring av småbåter/fritidsbåter langs innseilinga.

Ordinær tømning og transport skal utførast innafor tidsrommet kl. 0600-2300 mandag til fredag unntatt høgtidsdager. Unntaksvis kan tømning skje på laurdager innafor tidsrommet kl. 0600-1800.

Når tømning er utført skal abonnenten få overlevert ei erklæring i postkasse eller festa til inngangsdøra om at tømning er utført. Dette kan i framtida også bli elektronisk.

Entreprenør skal sjekke feil og mangler på slamavskiljarane og rapportere dette til SSR. SSR plikter å informere abonnenten og kommunen om feil og mangler som må rettast opp i. Kommunen kan gi abonnenten pålegg om utbetring.

§8 (abonnentens plikter)

- Abonnenten skal sørge for at anlegg som skal tømast er lett til tilgjengeleg for tømning.
- Lokk skal være køyresikre når dei kan verte utsatt for overkøyning.
- Snø, is, jord osv. over kumlokk o.l. må fjernast av abonnenten før tømning blir utført. Dersom ikkje dette er gjort må anlegget tømast utanfor tømepplan. Abonnenten vil då få eit tilleggsgebyr.

Abonnenten kan ikkje påleggast å tine opp grunnen for at slamtøminga skal kunne gjennomførast. Slamtøminga vil i slike tilfelle verte utført på oppsamlingsrunder utan ekstra kostnad for abonnenten.

- Kumlok må merkast med pinne/stikk for at det skal være lett å finne.

Nekting av tøming / fullstendig tøming av slamanlegget og nekting av tilbakeføring av rejecktvatn vil medføre tilleggsgebyr.

Del 3. Avsluttande reglar og gebyr

§9 (gebyr angående slam)

Alle eigarar og brukarar av slamavskiljarar / oppsamlingstankar / fellestankar som ordninga omfattar, skal betale årleg avgift for tøming til SSR. Kommunestyra fastset storleiken på avgifta etter innstilling frå SSR.

§10 (innkreving, renter m.v.)

Avgift for slamtøming med renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelovas § 6-1. Renteplikt ved for sein betaling og inndrivning av gebyret er regulert i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eiendomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarende.

§ 11 (fritak)

Etter skriftleg søknad sendt til SSR kan fritak innvilgast i følgande tilfelle:

- Hellårsbustad ubebodd i over eitt år.
- Eigedom som står til forfall og er ubeboeleg. Eigenerklæring må sendast til SSR.

§ 11 (klage)

Klager i forbindelse med slamordninga blir behandla av SSR sin administrasjon. Formannskapa i gjeldande kommune er ankeinstans.

§ 13 (brot på denne forskrifta)

Brot på denne forskrifta kan straffast med bot etter forureiningslova.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Seniorrådgivar Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Vår dato

25.11.2015

Dykkar dato

Rådun. Liangr.
Graf.

Vår ref.

2015/7016/FRJE/322

Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

	
HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Sj. nr.	Saksbeh. <i>ASU</i>
30.11.2015	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Rettleiing på temaet "oppheyr av interkommunalt samarbeid"

Om bakgrunnen for brevet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ønskjer med dette brevet å gje kommunane ei rettleiing på temaet «oppheyr av interkommunalt samarbeid». Dette var også tema på fylkesmannen si ordførarsamling den 11. november 2015.

Kommunereforma vil medføre endring av kommunestrukturen. Dette vil påverke behovet for interkommunalt samarbeid og dei samarbeid som vert overflødig, må bringast til oppheyr.

Mellom kommunane i Møre og Romsdal er det i dag etablert ei rekkje interkommunale samarbeid. NIVI sin rapport frå 2013 viser at det er registrert om lag 255 formelle interkommunale samarbeidsordningar. Den enkelte kommune deltek i mellom 23-55 ulike ordningar.

Den sittande regjering har i sin plattform frå Sundvolden (2013) uttala at:

«Fremveksten av interkommunale selskaper og samarbeid viser at dagens oppgaver allerede er for store for dagens kommunestruktur. Viktige beslutninger om kommunale oppgaver, som infrastruktur og grunnleggende velferdstjenester, er blitt flyttet vekk fra folkevalgte organer til interkommunale selskaper.»

Ekspertutvalget for kommunereforma peikar i sin delrapport frå 2013, på at:

«...interkommunalt samarbeid har vært kommunens strategi for å gjøre dem rustet til å ivareta lovpålagte tjenester med tilstrekkelig kompetanse og kapasitet. Interkommunalt samarbeid er likevel ikke et fullgodt alternativ til større og mer robuste kommuner. Det fører til en mer kompleks forvaltning og svekker den demokratiske kontroll.»

Ei målsetting om å redusere behovet for og omfanget av interkommunalt samarbeid, er i tråd med kommunereforma sine hovudmålsettingar om kommunar som gjev gode og likeverdige tenester, er økonomisk robuste og bærekraftige, ein samordna og heilskapleg samfunnsutvikling og ei styrking av lokaldemokratiet.

Dette går også klart fram i brev frå kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner til kommunene (oktober 2015):

«Vi ønsker kommuner som kan løse sine oppgaver selv og ikke er avhengig av nabokommuner for å løse lovpålagte oppgaver.»

Fylkesmannen rår kommunane til å skaffe seg ein total oversikt av omfanget av interkommunalt samarbeid og kva for kommunar ein samarbeider mest med, dette er også i samsvar med det som går fram av prosessrettleiaren «Veien mot en ny kommune». Ein slik oversikt er eit viktig bidrag i utgreiingsarbeidet, både for å synleggjere status for det interkommunale samarbeidet men også som førebuingar på vegen mot ein ny kommune. Det er naturleg at kommunane vurderer behovet for interkommunalt samarbeid ut i frå korleis ein eventuell ny kommune vil sjå ut.

Proessen frå vedtak er fatta og fram mot ny kommune

Etablering av nye kommunar inneber endring av kommunegrensene, enten det skjer som samanslåing av to eller fleire kommunar eller deling av ein kommune. Det blir aktuelt for fleire kommunar å seie opp eller oppløyse interkommunale samarbeidsordningar. Når ein kommune seier opp eit interkommunalt samarbeid inneber det at den enkelte deltakarkommunen trekk seg frå samarbeidet. Oppløysing av eit interkommunalt samarbeid inneber at heile samarbeidet vert avvikla.

Inndelingslova regulerer prosessen med grenseendringar og det er i § 16 gitt ein særregel med tidsfristar for opphøyr av interkommunale samarbeid i samband med etablering av ein ny kommune. Tidsfristane i § 16 gjeld eitt år frå iverksetting av ei grensendring og innanfor ein frist på 6 månader. Frå vedtak om kommunesamanslåing er treft til iverksettingstidspunkt for ny kommune, vil det vere god tid til å bringe dei interkommunale samarbeid til opphøyr etter dei ordinære reglane. Fylkesmannen vil derfor i det vidare gie ein kortfatta gjennomgang av korleis opphør (både oppseiing, oppløysing) gjennomførast for eit utval av dei mest vanlege modellane for interkommunalt samarbeid i fylket.

Utvalte modellar for interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid kan organiserast etter fleire modellar.

- Vertskommunesamarbeid, jf. kommuneloven (koml.) §§ 28-1 a flg.
- Samarbeid etter koml. § 27 (heretter omtala som § 27-samarbeid)
- Samarbeid etter lov om interkommunale selskaper (iks-loven)
- Avtalebasert samarbeid

Vertskommune-modellen

Vertskommunesamarbeid er organisert slik at ein vertskommune får overført mynde til å utføre oppgåver på vegne av ein eller fleire deltakarkommunar. Vertskommune-modellen er ein lovfesta samarbeidsmodell i kommuneloven. Føremålet med denne samarbeidsmodellen er samarbeid for lovpålagte og individretta tenester til dømes innanfor barnevernsområdet. Samarbeidet kan vere administrativt eller politisk organisert.

Om opphøyr av vertskommunesamarbeid

Samarbeidsavtalen kan fastsette tidspunkt for opphøyr av samarbeidet. Dersom samarbeidet ikkje er tidsavgrensa, vil reglar for uttreden og avvikling normalt gå fram av samarbeidsavtalen. Koml. § 28-1 bokstav i nr. 2, fastsett ein eittårsfrist for å seie opp samarbeidet men anna frist kan avtalast. Den enkelte deltakarkommune kan med augeblikkeleg verknad trekke seg frå samarbeidet men dei økonomiske forpliktingar vil gjelde ut oppseiingsfristen. Vertskommunen må fortsette sin del av samarbeidet ut oppseiingsfristen.

Dersom alle samarbeidskommunane er einige, kan oppløysing skje med augeblikkeleg verknad jf. koml. § 28-1 bokstav i nr. 1. Det er det enkelte kommunestyret som treff avgjerd om å seie opp eller oppløyse samarbeidet.

Samarbeid etter kommuneloven § 27

Koml. § 27 gir heimel for kommunane til å etablere eit interkommunalt styre for å løyse felles oppgåver. Regelen var utforma med sikte på etablering av driftsmessige og administrative samarbeidsordningar, til dømes oppgåver samarbeid om innkjøp, IKT, kontrollutvalssekretariat. Eit felles interkommunalt styre kan få mynde til å treffe avgjerd som gjeld verksemdas drift og organisering. Reine samarbeidsorgan som ikkje har fått noko mynde til å treffe avgjerd om drifta og som ikkje har eit sjølvstendig ansvar for denne, er ikkje å sjå som eit «styre til løsning av felles oppgaver» slik koml. § 27 omtaler. Eit § 27-samarbeid kan vere ein del av den enkelte deltakarkommunen eller eit eige rettssubjekt.

Om opphør av § 27-samarbeid

Alle § 27-samarbeid skal ha eigne vedtekter. Vedtektene skal mellom anna seie kva reglar som gjeld for oppseiing og oppløysing av samarbeidet. Koml. § 27 nr. 3, 1. ledd, fastsett ein eittårs frist for å seie opp samarbeidet. Kortare frist kan avtalast i vedtektene. Oppløysing av samarbeidet krev semje frå alle deltakarane. Det er det enkelte kommunestyret som treff avgjerd om å seie opp eller oppløyse § 27-samarbeidet.

Samarbeid etter lov om interkommunale selskaper

Eit selskap for interkommunalt samarbeid kan opprettast etter lov om interkommunale selskaper. Deltakarane er kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap. Eit interkommunalt selskap er eit eige rettssubjekt som er utskilt frå den enkelte deltakarkommune. Lov om interkommunale selskaper er utforma med tanke på verksemd som har eigne inntekter, typisk næringsverksemd. Eksemplar på verksemd organisert som interkommunalt selskap er revisjon, renovasjon, energi og vann- og avløp. Det er eit krav om at det interkommunale selskapet har eigen selskapsavtale jf. iks-loven § 4.

Om opphør av samarbeid etter iks-loven

Iks-loven § 30, fastsett ein eittårs frist for å seie opp samarbeidet men kortare frist kan avtalast i selskapsavtalen. Den deltakar som trekk seg frå samarbeidet, vil fortsette å hefte ovanfor kreditorane for sin del av selskapsforpliktingane slik dei er på tidspunktet for uttreden. Dette gjeld fram til deltakar har oppfylt sine forpliktingar og er fritatt frå kreditor. Dersom alle deltakarar er samd kan selskapet oppløysast jf. iks-loven § 32. Oppløysinga krev godkjenning frå departementet. Selskapet vil også verte oppløyst dersom talet på deltakarar vert redusert til ein.

Det er det enkelte kommunestyret som treff avgjerd om å seie opp eller oppløyse samarbeidet. Er deltakaren eit interkommunalt selskap er det representantskapet som treff avgjerda.

Dersom departementet godkjenner oppløysinga skal representantskapet opprette eit avviklingsstyre jf. iks-loven § 33. Selskapets styre trer ut av funksjon når avviklingsstyre er valt. Avviklingsstyre pliktar å sende ei melding om oppløysingsvedtaket og oppretting av avviklingsstyre til Foretaksregisteret. Det skal også gå fram av meldinga at departementet har godkjent oppløysinga.

Avtalebasert samarbeid

Kommunane står fritt til å inngå privatrettslege avtaler seg imellom om kjøp og sal av tenester. Det kan gjelde både tenester for å oppfylle lovpålagte og frivillige kommunale oppgaver. Slike avtalebaserte samarbeidsordningar har ikkje nokon organisatorisk overbygning og vil såleis vere regulert gjennom den konkrete avtalen.

Om opphøyr av avtalebasert samarbeid

Det er den konkrete avtalen som er inngått mellom samarbeidskommunane som regulerer vilkåra for å seie opp eller oppløyse samarbeidet. Dersom noko er uklart i samarbeidsavtalen vil det vere dei alminnelege kontraktsrettslege prinsipp som kjem til bruk ved tolking av avtalen.

Til slutt

Departementet har sagt at det skal kome ein ny rettleiar der temaet er; prosessen etter vedtak og fram mot ny kommune. Opphør av interkommunale samarbeidsordningar som følge av ny kommunestruktur vil vere eit naturleg element i denne prosessen. Rettleiaren er forventa innan utgangen av 2015.

Spørsmål knytt til opphøyr av interkommunalt samarbeid kan rettast til direktør Helge Mogstad, tlf. 712 58 444, e-post fmmrhemo@fylkesmannen.no eller seniorrådgivar Frida Farstad Brevik, tlf. 712 58 451, e-post fmmrfrje@fylkesmannen.no.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
Direktør

Frida Farstad Brevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:

Nordmøre næringsråd	Postboks 161, Kongens plass	6501	KRISTIANSUND N
Sunnmøre regionråd	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Romsdal regionråd	Torget 4	6413	MOLDE



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/12
		Arkiv:	Q80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
93/16	Formannskapet	10.05.2016
80/16	Kommunestyret	25.05.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING - TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK - ETABLERING AV LYS OG LEDEGJERDE I SÆVIKANE

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.05.2016

1. Prosjektrekneskapen 50014 for utbygging av belysning langs gangveg, vegkryss og oppføring av ledegjerde i Sævikane, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 171.771,-
2. Meirforbruket på kr 46.771,- vert dekt av midlar avsett i budsjett til trafikktryggingstiltak 2016.

Tilråding:

1. Prosjektrekneskapen 50014 for utbygging av belysning langs gangveg, vegkryss og oppføring av ledegjerde i Sævikane, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 171.771,-
2. Meirforbruket på kr 46.771,- vert dekt av midlar avsett i budsjett til trafikktryggingstiltak 2016.

Særutskrift:

Økonomiavdeling, her

Saksopplysningar:

Prosjektet gjeld oppfølging av eit tiltak i gjeldande kommunedelplan for trafikktrygging 2015-18. Tiltaket gjeld belysning av gangveg og vegkryss ved busslommer før tunnelen i Sævikane, samt oppføring av ledegjerde for å unngå at barn- og unge kryssar fylkesvegen for nær tunnelopninga.

I MTK-sak 62/15 blei det løyvd totalt kr 125.000,- (eks.mva) til prosjektet. Prosjektet er finansiert med avsette trafikktryggingsmidlar frå budsjett i 2015.

Prosjektet omfattar 5 nye lysarmatur, med oppføring av 3 nye lysmaster inkludert fundament, kablar, styringsskap, jording og trekkerør. I samband med oppføring av 3 stk nye lysmaster i stål og nye fundament, har det vore naudsynt å få utført gravearbeid for å kunne føre fram trekkerør for straumkabel og jordingsledning. Det har også vore sett opp nytt gardsgjerde langs gangvegen og fram til vegkrysset ved fylkesvegen.

Forbruket (eks mva) på prosjektet har vore slik:

Grunnarbeid, graving m.m	kr	68.500,-
+ Oppføring av gjerde	kr	3.434,-
+ Kjøp, montering av nye ledlys m.m	kr	99.837,-
= Netto anleggskostnad	kr	171.771,-

Prosjektrekneskapen for anlegget vert då slik:

Kommunal løyving	kr	125.000,-
-Anleggskostnad	kr	171.771,-
= Meirforbruk	kr	46.771,-

Vurdering og konklusjon:

Prosjektet har blitt endra noko i høve slik det blei skissert i MTK-sak 62/15. Det har kome noko høgare kostnader til grunnentreprenør sitt arbeid, som i hovudsak skuldast meisling av fjell for nedsetting av fundament til lysmast. Prosjektet har også blitt endra undervegs i høve lysdekning med blant anna tilleggskostnad for graving av grøft frå nytt fundament. Dette kom pga strengare krav til belysning rundt fylkesvegar og tunnelopninga. Dette er krav som er fastsett av Statens Vegsen Region Midt og som har medført at prosjektet har blitt noko utvida for å tilfredstille lysberekningane som vegvesenet krev for slike tiltak.

Ved utgangen av 2015 stod der att kr 4.385.000 av dei avsette trafikktryggingsmidlane. Desse midlane er vidareført i budsjett for 2016.

Fosnavåg, 07.12.20156

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarbergg



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2016/529
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
94/16	Formannskapet	10.05.2016
81/16	Kommunestyret	25.05.2016

TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK VED EINEDALEN SKULE - PROSJEKT 51300 - ØKONOMISK AVSLUTNING

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte.

Arnulf Goksøyr (H) framlegg om slik endring i pkt. 2:

«Mindreforbruk på»

Rådmannen si tilråding med endringsframlegget frå H vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.05.2016

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent.
2. Mindreforbruk på 55.391 kroner vert i rekneskapen tilbakeført til unytta lånemidlar.

Tilråding:

3. Prosjektrekneskapen vert godkjent.
4. Restløyvinga på 55.391 kroner vert i rekneskapen tilbakeført til unytta lånemidlar.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her
- Økonomiavdelinga, her

Bakgrunn

Saka gjeld økonomisk avslutning av prosjekt 51300 Trafikktryggingstiltak ved Einedalen skule som vart gjennomført vinteren 2013/våren 2014.

Saksutgreiing

Ved handsaming av budsjettet for 2013 vedtok Kommunestyret at unytta løyving på 2 mill. kroner til trafikktryggingstiltak i 2013 skulle overførast til 2013 budjettet. Det vart samstundes m.a. vedteke at 500.000 kroner av denne løyvinga skulle nyttast til trafikktryggingstiltak ved Einedalen skule.

Rammeavtalepart Aurvoll & Furesund AS gav tilbod på arbeida med ein samla sum på 439.304 kroner ekskl. mva.

Arbeida som er gjort er følgjande:

- Levering og montering av nye skilt iflg. utarbeidd skiltplan godkjent av Statens Vegvesen og kommunen
- Justering av kurvatur og kantstein i sving/kryss
- Omarbeiding av trafikkøy og justering av grøft
- Nytt gangfelt med skilt og merking
- Omarbeiding av trafikkøy for ny overgang
- Opparbeiding av «romlefeldt» på FV654 før avkøyring
- Opparbeiding av 50m med ny gangveg inkl. asfaltering
- Levering og montering av kantstein
- Levering og montering av 4 stk. gatelys inkl. grøft for kabel
- Etablering av sykkelstativ inkl. utgraving, støyping av plate, reasfaltering rundt plate og montering av stativ

Prosjektrekneskapen syner:

År	Forbruk kr.
2013	272 309,-
2014	172 300,-
Samla forbruk	444 609,-

Alle beløp ekskl.mva.

Forbruk i forhold til løyving:

	Kr.
Løyving 2013	500 000,-
Samla forbruk	444 609,-
Mindreforbruk/restløyving	55 391,-

Alle beløp ekskl.mva.

Vurderingar/konklusjon:

Entreprenør gjennomførte arbeida på ein god og profesjonell måte og til pris i følge tilbod. Differansen mellom inngitt tilbod og samla forbruk på vel 5.000 kroner skuldast kostnader i samband med søknad om byggeløyve som ikkje var inkludert i tilbod frå entreprenør. Prosjektrekneskapen syner eit mindreforbruk i forhold til løyving på 55.391 kroner.

Rådmannen vil med bakgrunn i saksutgreiing tilrå at prosjektrekneskapen vert godkjent og at restløyvinga på 55.391 kroner vert i rekneskapen tilbakeført til unytta lånemidlar.

Konsekvensar for folkehelse:

Gjennomførte tiltak gir betre trafikktryggleik og er såleis postivt for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 13.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2014/1186
		Arkiv:	M41

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
95/16	Formannskapet	10.05.2016
82/16	Kommunestyret	25.05.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51923 LEIDNINGSANLEGG MOLTU.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.05.2016

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr. 9.754.279,-
2. Prosjektet er finansiert med tidlegare løyvingar til kloakkrammeplanprosjekt.

Tilråding:

3. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr. 9.754.279,-
4. Prosjektet er finansiert med tidlegare løyvingar til kloakkrammeplanprosjekt.

Særutskrift:
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg

1 F-Sak 215/11.

2 Kartutsnitt over leidningstraseane og plassering av slamavskiljaranlegget.

Vedlegg:

F-sak 215/11

Kartutsnitt over leidningstraseane og plassering av slamavskiljaranlegget.

BAKGRUNN FOR SAKA:

Saka gjeld økonomisk avslutning av leidningsanlegg Moltu. Leidningsanlegget er ein del av Herøy kommune sin "kloakkrammeplan", no kommunedelplan for avløp. Leidningsanlegget er bygd ut etter politiske prioriteringar F-sak 215/11 og har vore rapportert til Herøy kommunestyre gjennom tertialrapportane på anleggsprosjekt sidan prosjektet vart oppstarta i desember 2014.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Prosjektet omfattar bygging av nytt kommunalt avlaupsanlegg langs sjøsida på Moltu. Det ferdige utbygde anlegget består av m.a. slamavskiljaranlegg, samt ferdig utbygd ca.1000 meter med nye avlaupsleidningar, ca. 400 meter med sjøleidningar og ein pumpestasjon. Denne utbygginga har gjort det mogleg å knyte til 3 eksisterande kommunale leidningar som tidlegare har gått i sjøen utan reinsing.

Det har vore eit prosjekt som har vore krevjande med omsyn til grunnspørsmål, tilkopling av leidningar til bustadhus langs med leidningstraseen og arbeid på og langs private eigedommar.

Prosjektet starta opp i 2014 og vert økonomisk avslutta i 2016.

Utførande grunntreprenør har vore:

- Aurvoll og Furesund AS.

Underentreprenører:

- Kvadratbygg AS (Betongarbeid)
- G. Øye AS (Sjøleidningane)
- G. Gjerde (Rekkverksarbeid)
- NCC (Asfaltarbeid)
- AG- Plan (Konsulentarbeid)

Det er ikkje gjort eigne løyvingar til dette prosjektet, då løyvingane til prosjektet har vore gjennom løyvingane til kloakkrammeplanen.

Kostnadsforbruket for anlegget har vore slik:

Forbruk 2014	kr	571.325,-
Forbruk 2015	kr	9.182.954,-
Totalt Forbruk	kr	9.754.279,-

VURDERINGAR:

Leidningsanlegget er ferdigstilt og kan avsluttast økonomisk.

Konsekvensar for folkehelse:

Reinsing av avlaup vil fremme folkehelsa, ved at ein får samla opp ureinsa avlaupsvatn som kan vere helseskadeleg.

Konsekvens for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

1 nytt slamavskiljarianlegg, 1 ny pumpestasjon og ca. 1000 meter med leidningsnett som skal driftast. Årleg auka driftskostnad vil vere om lag 250.000,-

Fosnavåg, 20.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Fred Arnesen



HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Arnfred Myking

6076 MOLTUSTRANDA

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2009/242	M30		FEL / HS	19.08.2011

F-SAK 215/11. KLOAKKPRIORITERING

Vedlagt følgjer F-sak 215/11.

Formannskapet handsama saka i møte 16.08.11 og gjorde slikt vedtak:


1. *Moltu I*
2. *Silanlegg i Grønhaugen*
3. *Moltu II*
4. *Fosnavåg aust*

Hilde Bringsvor Skinnes
e.f.

Kopi:
Moltustrandingen v/Andrè Tarberg
Økonomiavd. her
Anlegg- og driftsavdelinga

6076 MOLTUSTRANDA





HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2009/242
		Arkiv:	M30

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
215/11	Formannskapet	16.08.2011

KLOAKKPRIORITERING

Tilråding:

1. Det vert vedteke følgande prioritering og utbyggingstakt for nye kloakkanlegg framover:
 1. Moltu I
 2. Silanlegg i Grønhaugen
 3. Fosnavåg aust
 4. Moltu II

Møtebehandling:

Prosjektleder Lene Huldal møtte.

Olaug Andreassen kom med slikt framlegg:

1. Moltu I
 2. Silanlegg i Grønhaugen
 3. Moltu II
 4. Fosnavåg aust
-

Det vert halde gruppemøte.

Idar Tarberg kom med slikt framlegg:

1. Moltu I
2. Moltu II
3. Silanlegg i Grønhaugen
4. Fosnavåg aust.

Det vert halde prøverøysting over Idar Tarberg sitt framlegg:

4 røysta for og forslaget fall mot 5 røyster.
Forslaget blir trekt.

Det vart røysta over administrasjonen og Olaug Andreassen sitt framlegg.

Framlegget frå Olaug Andreassen vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.08.2011

1. Moltu I
2. Silanlegg i Grønhaugen
3. Moltu II
4. Fosnavåg aust

Særutskrift:

Anleggs- og driftsavdelinga, her

Økonomiavdelinga, her

Arnfred Myking, 6076 Moltustranda

Moltustrandingen v/Andrè Tarberg, 6076 Moltustranda

Vedlegg:

1. Kopi av handlingsprogram i sist vedteken Hovudplan avløp 2000-2004
2. Diverse brev/innspel inkl. svar
 - Brev frå Arnfred Myking datert 12.3.2010
 - Brev til Arnfred Myking datert 30.5.2010
 - Brev frå Moltustrandingen datert 8.3.2011
 - Brev til Moltustrandingen datert 30.3.2011
 - Brev frå Arnfred Myking datert 4.4.2011
 - Brev til Arnfred Myking datert 11.4.2011
3. Notat frå kommuneoverlege
4. Div oversiktskart
 - Moltu I
 - Grønhaugen
 - Fosnavåg aust
 - Moltu II

Bakgrunn:

Sist vedteken kommunedelplan for avlaup var *Hovudplan avløp 2000-2004* ("Kloakkrammeplanen") i K-sak 107/00 den 22.09.2000. Sidan planen vart vedteken har det vore gjort ei rekke omprioriteringar som har medført utbygging i andre område enn det som var prioritert i Kloakkrammeplanen. Dette m.a. med bakgrunn i akutte forureiningsproblem samt utbyggingar i både privat og kommunal regi som har medført behov for utbygging av hovudkloakk.

Arbeidet med rullering av "Kloakkrammeplanen" har ikkje vore prioritert. Planprogram med sikte på rullering av planen er imidlertid no lagt ut til høyring med sikte på vedtak av ny plan våren 2012.

Sidan sist vedteken plan er utdatert vert denne saka lagt fram for politisk godkjenning av vidare oppstartsrekkefølge for kloakkanlegg i 2011 og 2012. Ein føreset/reknar med at det i samband med godkjenning av ny Kloakkrammeplan vert sett opp eit meir omfattande handlingsprogram som går over ei lengre periode.

Saksopplysningar, vurderingar og konklusjon:

Etter fagavdelinga si samla vurdering bør følgjande prosjekt prioriterast ved vidare kloakkutbygging:

1. Moltu I
2. Silanlegg i Grønhaugen
3. Fosnavåg aust (Nørvågen)
4. Moltu II

Moltu I, silanlegget i Grønhaugen og Fosnavåg aust vil alle samle avlaup frå tett bebyggelse, der silanlegget vil dekkje det største området. Moltu II vil samle avlaup frå spreidd busetnad. Ved fagavdelinga si prioritering er det først og fremst vurdert kva område som forureinar mest i høve til mengde samt kvalitet på reseipienten utsleppet går til. I tillegg er det teke omsyn til korleis planane for dei ulike anlegg ligg an framdriftsmessig i forhold til førebuande arbeid som m.a. reguleringsplanar,

arkeologiske undersøkingar og grunnavtalar. Vidare er det teke med i vurderinga kvar det må påreknast størst auke i utsleppsmengda.

Nærare vurdering av fagavdelinga sitt forslag til prioriterte anlegg framgår nedanfor.

Moltu I

Moltu I består av hovudavlaupsanlegg med leidningar, slamavskiljar og utsleppsleidning i ei strekning frå butikken og om lag 500m vestover. Anlegget er tenkt å samle avlaup frå det mest konsentrerte området på Moltu, samt eigedomane på nedsida av fylkesvegen.

Resipienten for avlaup frå Moltu er Herøyfjorden, og den er samla sett vurdert som god. I området ved Moltu er det grunt inn mot land og utslepp her bør gå langt nok ut til å få tilstrekkeleg djupne. Dersom det ikkje vert gjort vil utsleppa kunne kome i konflikt med bading og rekreasjon samt gi luktproblem.

Pr. i dag ligg det tre hovudleidningar ned frå feltet som går i sjø, samt private løysingar som også går i sjø. Alle desse vil verte samla i ei utsleppsleidning på 20m djupne. Dette vil minske belastninga på resipienten og minske talet på punktutslepp som kjem i konflikt med bading og rekreasjon.

Denne utbygginga er estimert til 4 – 5 millionar kroner. Prosjektet var tenkt oppstarta i 2010, men vart utsett pga. ei hastesak på Eggesbøneset. Det vert her nokre nye abonnentar.

Prosjektet Moltu I er i startfasen, konsulent har utarbeidd planar, informasjonsskriv er sendt til berørte grunneigarar og arbeidet med grunnavtalar er starta opp. Antatt oppstarttidspunkt for prosjektet er 2011.

Silanlegg Grønhaugen

Anlegget består av bygg med tekniske installasjonar, samt framføringsleidningar til bygget og utsleppsleidning. Anlegget skal samle og reinse avlaup frå eit stort område på Bergsøya: Frå kyrkja og Bergshaugen i nord, Berge, Hjelmeseth og Eggesbøneset i sør til Myklebust og Vike/Toftedal i aust.

Resipienten for avlaup på denne delen av Bergsøya er Herøyfjorden, og den er samla sett vurdert som god. I området for utslepp er det også fiskeforedlingsindustri (Marine Harvest) som har sjøvassinntak. Dermed er det særskild viktig at ein ikkje har ureinsa utslepp som kan kome i konflikt med dette. Hovuddelen av alt utslepp på Bergsøya sør om Skarabakken bortsett frå Flusund kjem ut her.

I dekningsområdet har det sidan kommuneplanen for avlaup vart vedteken i 2000 vore større utbygging og fortetting av område enn ein hadde forutsett, samt at det er store areal under regulering til bustadføre mål.

Prosjektet er estimert til 8 – 10 millionar kroner, samanlikna med tilsvarande anlegg i Ulsteinvik. Det er ikkje rekna med nye abonnentar som følgje av utbygginga.

Silanlegget vert vurdert som eit viktig tiltak for å minske utslepp, då det er i dette dekningsområdet det er mest og tettast befolkning i kommunen.

Konsulent har utarbeidd prinsippsskisser av bygg, samt leidningstrase for eit silanlegg i Grønhaugen. Utbygginga av eit slikt anlegg må ein pårekne tek to år. Antatt oppstarttidspunkt for prosjektet er 2012.

Fosnavåg aust (Nørvågen)

I kommunedelplan avløp 2000-2004 er resipienten Fosnavåg Hamn beskriven som dårleg. Tiltak som er nemt i delplanen er å samle avlaupet kring Fosnavåg hamn til eit utslepp ved Kleivaneset og eit ved Vågsholmen. Avlaupa i området består av private løysingar og går rett i sjø (i hamnebassenget). Det vert vurdert ei løysing der ein samlar avlaupet og går med sjøleidning til Fosnavåg vest og koplar på det eksisterande avlaupet der. Dette gjer at det berre vert eit utslepp i staden for to.

Sidan det her kun er private løysingar vert det her ein del nye abonnentar.

Det er ikkje utarbeidd teikningar for prosjektet. Antatt oppstarttidspunkt for prosjektet er 2013.

Moltu II

Moltu II er forlenging av Moltu I austover mot Welcon (tidlegare SILFAS). Ei leidning her vil samle utslepp frå eigedomane i området, som pr. i dag har private løysingar som går i sjø.

Bebuarane i området har ved tre anledningar kome med innspel om at denne etappa må byggjast samstundes som Moltu I. Eit av desse innspela vart også sendt til helseavdelinga og kommuneoverlege har i sitt notat til anleggs- og driftsavdelinga uttalt følgande:

"Eg bed om at dei opplysingar og ønskjer som framkjem i brevet vert teke omsyn til ved den vidare planlegging og gjennomføring av kloakkutbygginga på Moltustranda."

Mykje av argumentasjonen frå bebruarane går på forhold som ikkje vert løyst ved å byggje ut hovudavlaupet, men at einskilde grunneigarar må sikre private anlegg.

Sidan det her kun er private løysingar vert det her ein del nye abonnentar.

Det er ikkje utarbeidd teikningar for dette prosjektet. Antatt oppstarttidspunkt for prosjektet er 2013.

Økonomi


Av løyving til gjennomføring av Kloakkrammeplanen for 2011 er det om lag 10 mill. resterande.

Utbyggingane må heile tida tilpassast tilgjengelege/løyvde midlar samt kor mykje årlege avlaupsgebyr kan dekke av avdrags- og rentekostnader. Med dei til dels store avlaupsutbyggingane som har vore gjorde siste åra samt nye utbyggingar som står for tur må det påreknast at avlaupsgebyra må aukast monaleg dei neste åra. Dette vil ein kome nærare attende til ved fastsetjing av avlaupsgebyret for 2012.

Fosnavåg, 04.08.2011

Rune Sjurgard

Jon Rune Våge
Sakshandsamar: Lene S. Huldal



Rev.	Revisjonen gjeld:	Sign:	Dato:
Byggherre:		Godkjent:	Dato:
Herøy kommune			11.07.2014.
		Sakshands.:KGJengedal	
Prosjekterande:			
AG Plan og Arkitektur AS Webjern Svendsengt. 12, 6150 Ørsta Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no		Sign. KG .	Dato:
Prosjekt:		Teikn. KG:	22.7.2014
Prosjektnr.: 1177		Sakshands.:	
VA-plan Moltu	VA-plan	Profil nr.	
Herøy kommune	situasjonsplan	Arkiv ref.	
		Målestokk: 1:1000 (A1)	
		Teikn. nr.:	Rev.
Kont.pers byggherre: Lene Huldal		1177-GH100	



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RK	Arkivsaknr:	2016/253
		Arkiv:	H01

Utdalsaksnr	Utval	Møtedato
16/16	Komite for Helse og omsorg	21.04.2016
96/16	Formannskapet	10.05.2016
83/16	Kommunestyret	25.05.2016

KVARDAGSREHABILITERING I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Komite for helse og omsorg si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.05.2016

1. Plan for kvardagsrehabilitering vert vedtatt.
2. Utviding av stillingar må takast opp i samband med budsjetthandsaminga.

Møtebehandling:

Leiar avd. barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for Helse og omsorg - 21.04.2016

1. Plan for kvardagsrehabilitering vert vedtatt.
2. Utviding av stillingar må takast opp i samband med budsjetthandsaminga.

Tilråding:

3. Plan for kvardagsrehabilitering vert vedtatt.
4. Utviding av stillingar må takast opp i samband med budsjetthandsaminga.

Særutskrift:

Vedlegg:

Kvardagsrehabilitering i Herøy kommune. Kortversjon
Kvardagsrehabilitering i Herøy kommune. Utvida plan.
1 høyringssvar.

Saksopplysningar:

På bakgrunn av den demografiske utviklinga med mange fleire eldre, endring av sjukdomsbiletet, ny helse og sosiallov og innføring av samhandlingsreforma ynskjer Herøy kommune å ha fokus på helsefremjande arbeid og tidleg intervensjon. Kommunen ser at etablering av kvardagsrehabilitering kan vere med å gjere det mogleg å oppfylle kommunen sine lovmessige forpliktingar. Kvardagsrehabilitering skal bidra til å endre den tradisjonelle måten å tenkje på i tenesteytinga.

Frå: Kva er problemet du treng hjelp til?

Til: Kva er viktige aktiviteter i ditt liv som du ynskjer å meistre?

Kvardagsmeistring vektlegg den enkelte sin meistring i kvardagen uansett funksjonsnivå. Dette inneber eit fokusskifte der ein går frå å spørje brukaren kva vedkommande treng hjelp med, til å spørje kva som kan leggas til rette og opptrenast, slik at brukar meistrar dagleglivet sjølv. I staden for å vere lengst mogleg i eigen heim skal brukaren kunne vere lengst mogleg aktiv i eige liv.

Dreining frå passiv hjelp til aktiv meistring: Det grunnleggande menneskesynet bak kvardagsrehabilitering går ut på at mennesket ønskjer å vere mest mogleg sjølvhjelpet og meistre sin kvardag i størst mogleg grad sjølv.

Arbeidsgruppa har valgt å lage ein kortversjon av planen og ein utvida plan. Den utvida om ein ynskjer å gå djupare i stoffet.

Planen gir ei oversikt over ein annan måte å tenkje og arbeide på som vil vere nødvendig med stadig auke i antal eldre.

Fosnavåg, 12.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Roger Kvalsvik



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kvardagsrehabilitering i Herøy Kommune

Kortversjon

Delplan i Rehabiliteringsplan

Roger Kvalsvik, Tommy Dahl, Marie Bendal og Gunn Helsem Leine

«Omsorgskrisen skapes ikke av eldrebølgen, men av forestillingen om at omsorg ikke kan gjøres annerledes enn i dag.» Kåre Hagen st. meld 29. morgendagens omsorg.

2015



Bakgrunn, mandat og opplegg for prosjektet

Oppnemning av arbeidsgruppe – Rehabiliteringsplan.

Pleie- og omsorgsleiar og Barn-, familie- og helseleiar oppnemnde med dette Roger Kvalsvik, Marie Bendal, Berit Aasen og Tommy Dahl som arbeidsgruppe til å arbeide fram rehabiliteringsplan. «Berit Aasen slutta i februar 2015, vi fekk inn eit nytt medlem i mars 2015 Gunn Helsem Leine.» Roger Kvalsvik vert oppnemnd som leiar av gruppa og Tommy Dahl som sekretær.

Gruppa får følgjande mandat

Kommunestyret har vedteke Helse og omsorgsplanen, sak 21/14.

I planen pkt. 4.5. Sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering er målet at brukaren skal kunne leve eit sjølvstendig liv.

Strategien for å nå dette målet er:

Felles haldning på «sjølvhjelp er velhjelp» samt fokus på tidleg intervensjon for rask tilbakeføring i eige liv, med hjelp til sjølvhjelp framfor behandling.

Tiltak for å nå målet er mellom anna utforming av ein ny rehabiliteringsplan med fokus på kvardagsrehabilitering.

På bakgrunn av dei føringane og prioriteringane som ligg i Helse- og omsorgsplanen ber vi om at gruppa lagar forslag til ein plan for rehabilitering generelt, samt ein eigen delplan for kvardagsrehabilitering. Forslaget må innehalde konkrete forslag til tiltak innbefatta økonomiske konsekvensar. Frist for arbeidet settast til 01.06.15 når det gjeld plan for kvardagsrehabilitering og 31.12.15 for planen for rehabilitering. Arbeidsgruppa har fått utsetting til 01.12.15 når det gjeld plan for kvardagsrehabilitering.

Arbeidsgruppa skal syte for nødvendig involvering av aktuelle partar basert på ei innleiande interessentanalyse.

Inntil vidare rapporter leiar av arbeidsgruppa til Pleie- og omsorgsleiar og Barn-, familie- og helseleiar. Det vert vurdert å oppnemne ei styringsgruppe, og saka vert drøfta med helse- og omsorgskomiteen i møte den 23.10.14.

Innleiing



Arbeidsgruppa har valt å lage 2 utgåver av plan for kvardagsrehabilitering i Herøy kommune. Ein kortversjon på 8 sider og ein utvida plan på 21 sider. Ved å lese kortversjonen får ein god oversikt over fagområdet. Om ein ynskjer å gå djupare så bør ein lese utvida plan.

Herøy vil få ein utfordring i framtida med fleire innbyggjarar som vil ha behov for helse- og omsorgstenester frå Herøy kommune. Noreg vil fram mot 2050 få ein betydeleg auke i tall på eldre. I følgje SSB vil tal på personar over 80 år og eldre kome til å auke frå 190 000 i 2000 til nesten 320 000 i 2030, og over 500 000 i 2050. Høg levealder betyr at folk er ved god helse og at Noreg har gode velferdsordningar, men fleire eldre betyr også at det blir fleire som er sjuke og som har behov for helse- og velferdstenester.

Vi ser også at det er ein auke av eldre i Herøy kommune i dag og veit at den vil auke med åra. Møre og Romsdal sin kommunestatistikk for 2015 syner at vi vil få ein auke av personer over 80 år frå 5% av befolkninga i 2015 til 9% av befolkninga i 2040. Vi ser også at etter samhandlingsreforma har pasient straumen frå spesialisthelsetenesta endra seg i form av at kommunen har fått meir ansvar, og at pasientar skrivast raskare ut av sjukehusa som tek av dei ressursane kommunen har. Dette samla krev auka ressursar av Herøy kommune. For å imøtekomme noko av dette må ein tenkje nytt.

Innføring av kvardagsrehabilitering vil gi betre kvalitative tenester, auka fokus på brukarperspektiv og utvikle eit meir førebyggjande og rehabiliterande syn på tenestene. Det er rapportert om økonomisk gevinst i kommunane ved innføring av kvardagsrehabilitering. Ved kvardagsrehabilitering gir ein rett behandling til rett tid. Innføring av kvardagsrehabilitering vil utsette innlegging i institusjon og minske bruk av heimetenesta. Vi veit at i framtida med dagens demografi blir det eit meirforbruk av helseteneste om vi ikkje endrar på organiseringa. Ved kvardagsrehabilitering vil vi kunne minske dette meirforbruket og vil få ein økonomisk innsparing ved mindre bruk av ressursar.

Kva er kvardagsrehabilitering?

Kvardagsrehabilitering er eit tidsavgrensa og tverrfagleg tilbod som skal bidra til at fleire kan leve eit mest mogleg sjølvstendig liv og bu heime så lenge som mogleg.

Kvardagsrehabilitering skil seg frå ordinær rehabilitering med ergoterapeutar og fysioterapeutar. Kvardagsrehabilitering er meir generelle rehabiliteringstiltak som i



utgangspunktet alle i omsorgstenesta kan hjelpe med. Det inneberer rask igangsetting av tiltak, med intensiv hjelp i ein tidsavgrensa periode. Tiltak vert utført i eller i tilknytning til eigen heim og nærmiljø, som tek utgangspunkt i den enkelte sine ressursar, ønskjer, moglegheiter og personlege mål.

Fokus er kva brukaren opplever som viktig i sitt liv, og kva som er vesentleg for å kunne oppnå meistring i eige liv. Motivasjon og å hjelpe brukaren til å sjå reelle moglegheiter er av stor betydning i forkant av oppstart med kvardagsrehabilitering.

Kvardagsrehabilitering – eit paradigmeskifte



livsløysoppstart - Hverdagsmestring og
hverdagsrehabilitering

Kvardagsrehabilitering inneberer oppsøkjande verksemd og tidleg oppsporing av potensielle utfordringar, slik at ein har moglegheit til å setje i verk tiltak før sjukdom og funksjonstap. Erfaringar har vist at tidleg kartlegging av rehabiliteringspotensiale hos brukar med tidleg og intensiv opptrening aukar meistringsevna og reduserer behov for hjelp frå det offentlege.

Kvardagsrehabilitering inneberer eit fokusskifte og haldningsendringar:

- Frå sjukeheim til bustad og nærmiljø
- Frå pleie og omsorg til rehabilitering
- Frå passivering til aktivisering
- Frå pasient til partner
- Frå heimeteneste til heimetrening
- Frå rehabiliteringsinstitusjon til heimerehabilitering
- Frå diagnose og hjelpebehov til meistring og ressursar



- Frå særslagleg til tverrfagleg

Kvifor innføre kvardagsrehabilitering i Herøy kommune?

Kvardagsrehabilitering skal bidra til å endre den tradisjonelle måten å tenkje på i pleie og omsorgstenesta.

Frå: Kva er problemet du treng hjelp til?

Til: Kva er viktige aktiviteter i ditt liv som du ynskjer å meistre?

Kvardagsmeistring vektlegg den enkelte sin meistring i kvardagen uansett funksjonsnivå.

Dette inneber eit fokusskifte der ein går frå å spørje brukaren kva vedkommande treng hjelp med, til å spørje kva som kan leggas til rette og opptrenast, slik at brukar meistrar dagleglivet sjølv. I staden for å vere lengst mogleg i eigen heim skal brukaren kunne vere lengst mogleg aktiv i eige liv.

Målet for kvardagsrehabilitering overfor den enkelte brukaren er at vedkommande skal kunne meistre kvardagen sine aktivitetar sjølv i den grad det fysiske, mentale og sosiale funksjonsnivået tillet det. Hjelp og støtte til kvardagsmeistring er derfor det sentrale utgangspunktet.

Dreining frå passiv hjelp til aktiv meistring: Det grunnleggande menneskesynet bak kvardagsrehabilitering går ut på at mennesket ønskjer å vere mest mogleg sjølvhjelpet og meistre sin kvardag i størst mogleg grad sjølv. Den tverrfaglege innsatsen i kvardagsrehabilitering tek utgangspunkt i brukaren sine ressursar.

Kvardagsrehabilitering;

- For å sikre verdig og aktiv aldring. Eldre har ressursar og bidreg i samfunnet.
- Fordi eldre kan, og ønskjer å være aktive og bu heime lengst mogleg, meistre dei kvardagslege oppgåvene og delta i sosialt liv.
- For å hindre "hjelpefeller" med passiviserande tenestar.
- For å førebygge fall i funksjon og dermed utsette behov for pleie og sjukeheim.
- For å sikre bærekraftige helse- og omsorgstenester.
- Det opnar for samarbeid med frivillege og pårørande.
- Kvardagsrehabilitering gir tilfredse brukarar og medarbeidarar og styrka kommuneøkonomi



- Det er godt eigna for eldre og andre med fare for fall i funksjon.

Organisering

Inklusjonskriteriet, ekskludering

Etablering av tverrfagleg team.

Arbeidsgruppa anbefaler integrerte modell, der ergo- og fysioterapeut og sjukepleiar i eit eget team har ansvar for planlegging og oppfølging av prosessen. Treningsaktivitetane med brukaren vert utført av medarbeidarane i heimetenesta (heimetrenerne) etter rettleiing frå teamet.

Iverksetting av tilbod om kvardagsrehabilitering

Arbeidsgruppa rår til at kvardagsrehabilitering som teneste blir gitt på kvardagar. For å få best effekt av treninga må ein arbeide intensivt med brukaren, minst 3-4 gongar i veka då dette gir meir effekt og størst framgang hos brukar. Arbeidsgruppa ser denne måten å arbeide med kvardagsrehabilitering på som nødvendig for å sikre eit godt resultat. Det vil bli nødvendig å sett opp ein tidsplan med forventa avslutning av trening etter kartlegging og utarbeiding av mål. Opptreninga blir tilpassa og justert i takt med utvikling hos brukar. Arbeidsgruppa anbefaler intensiv trening i 6 veker med evaluering undervegs, samt sluttevaluering.

Tilvising / val av brukarar og vedtak

Arbeidsgruppa ser at det kan vere ulike brukargrupper som får tilbod om kvardagsrehabilitering.

Pasientar som blir utskrivne frå sjukehus/rehabiliteringsinstitusjonar og ev. pasientar som reiser ut frå rehabiliteringsopphald / korttidsopphald på sjukeheim.

Kvardagsrehabiliteringsteamet kan kartlegge potensial og behov for rehabilitering før utskrivinga, og setje i verk dei aktuelle tiltaka umiddelbart ved heimkomst. Arbeidsgruppa ser ikkje behovet for å avgrense etter diagnosar.

Personar som søker om heimetenester for fyrste gong og eksisterande brukarar som søker om utvida hjelp som følgje av forverra funksjonsnivå. Dette inneberer at avdelingsleiarar, fastlegar og tiltaksnemnd vurderer alle nye søkjarar og dei som søker om utvida hjelp med tanke på potensiale og motivasjon for kvardagsrehabilitering. Dette krev opplæring utført av motorteam.



Merksemd på rehabiliteringspotensiale overfor alle brukarar av heimetenestene. Det betyr at heimetenesta sine medarbeidarar må lærast opp til å sjå rehabiliterings-potensialet hos alle brukarane. Heimetenesta må motivere brukarar med eit slikt potensial til aktivitet/meistring, og tenesta må ha tilgang til kompetanse som kan bidra til å sette i gang eigna tiltak.

Like viktig som å definere målgruppa, er det å definere brukarar som ikkje skal få tilbod om kvardagsrehabilitering. Viktige eksklusjonskriterier er;

- Brukarar som ikkje har eit rehabiliteringspotensiale (langt komne sjuke/terminalpasientar)
- Brukarar med omfattande kognitiv svikt eller stor mental svikt (demens)
- Brukarar som ikkje er motiverte / ikkje kan motiverast

Intensiv innsats overfor brukarar som ikkje kan nyttiggjere seg tilbodet er lite effektivt.

Ein tydeleg skildring av målgruppa– og ikkje minst ei samstemme om kva for brukarar som kvardagsrehabilitering ikkje er eigna for – har betydning for organisering og krava til kompetanse og leing av kvardagsrehabilitering. Det vil seie at dess breiare målgruppa vert definert, desto større krav vert stilt til leing og oppfølging av innsatsen i kvardagsrehabiliteringa.

Kva krev det av Herøy kommune å sette i gong med kvardagsrehabilitering?

Politisk og administrativ forankring

Dette betyr at politisk og administrativ leing må vere tydeleg på at det kommunale hjelpeapparatet skal arbeide for å forbetre og vedlikehalde brukarane si funksjonsevne. Dette må kommuniserast og følgjast opp både i forhold til brukarar, pårørande og tilsette. I tillegg er det viktig med politisk vilje til å avsette nok ressursar til kvardagsrehabilitering. Sjølv om siktemålet er å spare ressursar på sikt, vil det kunne vere behov for ein pukkel, dvs. ekstra ressursar ved oppstart; det tar lengre tid med tilrettelegging for brukaraktivitet enn det tar å utføre arbeidet for brukar.

Tverrfaglegheit

Motiverte medarbeidarar og møteplassar for medarbeidarane som er involvert i arbeidet overfor den enkelte brukaren, er ein viktig føresetnad for å sikre tverrfagleg praksis. Det er viktig at faggrupper som vektlegg brukar si meistringsevne framfor passiv hjelp, kjem tidleg inn i kontakten med brukar. Samtidig er det viktig at alle medarbeidarar som er involvert i



kvardagsrehabilitering definerer seg sjølv som rehabiliteringspersonell og utviklar ein rehabiliterande arbeidsmåte.

Tilstrekkeleg og rett kompetanse:

Mange norske kommunar har avgrensa ressursar innan ergo- og fysioterapi. Herøy kommune har i dag for lite ressursar innan fysioterapi og ergoterapi. På grunn av dette ser arbeidsgruppa at ein ikkje kan omdisponere eksisterande resursar inn i kvardagsrehabilitering.

Personell og økonomi, ressursar til kvardagsrehabilitering

Det er behov for eit kjernepersonale med, ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleier i 60 % kvar som er ressurspersonar i kvardagsrehabiliteringa. Dette kjernepersonale kaller vi motorteam. Disse bør ha kompetanse og vidareutdanning innan rehabilitering, der rolla er å kunne kartlegge behov, opplæring, holdningsendring, organisering.

- Områdeplan som syner tilkomst, parkering og andre utomhusforhold.
- Målsatte planteikningar som viser faktisk situasjon og situasjon etter eventuell tilpassing.

Øvrige avtalevilkår avklarast i forhandling med den einskilde tilbydar.

Mottakar

Tilbod om leige av lokale skal vere skriftleg og sendast til:

- Herøy kommune
Eigedomsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg
Att: Eigedomsleiar Robert Myklebust

Tilbodsfrist

Tilbod om innleige må vere Herøy kommune i hende innan mandag 18.04.2016 kl 12:00.

Val av tilbydar

Eigedomsavdelinga vel det økonomisk mest fordelaktige tilbod, vurdert særleg mot fylgjande moment:

- lokalisering
- planløyising, kvalitet og anna funksjonalitet innvendig og utvendig.
- leigepreis
- avtalevilkår elles

Atterhald

Herøy kommune har rett til å føre forhandlingar med ein eller fleire av dei aktuelle tilbydarane og tek etterhald om å kunne forkaste eitt eller samtlege tilbod.

Herøy kommune tek etterhald om politisk godkjenning av ein eventuell framforhandla leigeavtale. Ein leigeavtale er difor ikkje bindande for Herøy kommune før den er signert av ordføraren.

Publisert av Robert Myklebust. Sist endra 08.04.2016

Fann du det du leita etter?

Ja

Nei



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2016/658
		Arkiv:	A22

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/16	Komite for oppvekst	24.05.2016
89/16	Kommunestyret	25.05.2016

REVISJON SFO-VEDTEKTER

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner endringane i vedtekter for SFO, gjeldande frå 1.august 2016.

Særutskrift:

Vedlegg:

Reviderte SFO-vedtekter

Saksopplysningar:

Dagens situasjon

Skulefritidsordning (SFO) er etablert etter § 13-7 i Opplæringslova, og kommunane skal ha eit skulefritidstilbod før og etter skuletid for 1. – 4. trinn, og for barn med særskilde behov. Det er ikkje eit krav at tilbodet skal leggjast til rette ved alle skular. Kommunen kan krevje utgiftene til SFO dekt gjennom eigenbetaling frå foreldra. Skal ein gjere dette fullt ut, vert derimot satsane vesentlege høgare enn i dag.

I Herøy har vi SFO-tilbod ved alle skulane, og det varierer kor mange barn som er ved dei forskjellige avdelingane. Det er to store avdelingar, Bergsøy skule avd, Blåhaugen og Einedalen med anslagsvis ca 120 og 90 born. Ved dei andre skulane ligg talet mellom 20 – 30 born årleg.

Det er størst pågang i SFO om hausten, og på trinna 1. – 3. Det har vorte meir vanleg å seie opp plassen til barnet når dei blir 4.klassingar, eller i løpet av det året dei går i 4. klasse. Det viser seg også at fleire søker om plass i gruppe 1(inntil 10 t/v) og gruppe 2 (11 – 14 t/v). Og mange som nyttar seg av full plass frå skulestart, søker om endra opphaldstid i løpet av året. Vidare ser vi ei avtrapping i behovet for å nytte seg av ordninga i feriane (sommar – haust og vinter). Slike variasjonar gjennom året skaper utfordringar i høve det økonomiske og tilsetjingsmessige. Vi må ta høgde for desse endringane ved tilsetjing om hausten, og vi ynskjer å vedtektsfeste eit krav om eit minimum av barn som er påmelde SFO både i feriane og om morgonen for at det skal svare seg økonomisk. Vi ynskjer også at ein skal ha behov for eit større antal timar for å kunne nytte seg av tilbod om morgonen. Ressursen til SFO vert utrekna etter antal timar foreldre vel å nytte seg av. For rektorane, som er ansvarlege for tryggleiken, blir det eit spørsmål om forvaltning av den tildelte ressursen ved vurdering av slikt tilbod.

Henting etter stengetid

Det hender at foreldre ikkje rekk å hente barnet sitt før SFO stenger om ettermiddagen. Det har ikkje vore regulerte økonomiske tiltak i høve desse tilfella. Dei SFO-tilsette forlèt ikkje borna før foreldra kjem. Det er ikkje innarbeidde rutinar for ekstra kompensasjon, eller straffegebyr overfor desse foreldra. Som eit preventivt tiltak, vil vi innføre eit gebyr pr. påstarta halve time. Det er ikkje høve til å oppbevare pengar verken på SFO eller ved bruk av konto. Gebyret skal difor krevjast inn med ved fakturering.

Trivselstiltak/matpengar

Som eit ekstratilbod og trivselsfremjande tiltak, har dei fleste SFO hatt ein økonomisk buffer dei har brukt til ulike aktivitetar. Pengane blir innbetalt av foreldra, og som regel blir dei nytta til eit utvida måltid, baking el.l. Det har til no vore ymse måtar å krevje inn og forvalte desse pengane på. Vil vil ha denne ordninga inn i ryddige former, for å unngå oppbevaring av pengar på avdelinga eller kontoar utanom det kommunale systemet. Dei avdelingane som har slike tiltak, skal heretter krevje inn pengane via faktura. Kvar skule skal avtale fakturering med økonomiavdelinga.

Rutinar ved endring og oppseiing av plass

Det har bygt seg opp nokre uregelmessige rutinar kring endring og oppseiing av plass ved SFO. Sjølv om rutinane er klare i utgangspunktet, har det likevel vorte praktisert noko ulikt rundt om på skulane. Dette kan skuldast forskjellige ting, men mangel på god nok informasjon til rektorane kan vere litt av årsaka. Dette er no innskjerpa, og Økonomiavdelinga vil også gjerne konkretisere dette ved å få inn i vedtektene saksgangen ved oppseiing og endring av plass.

Forslag til endringar i dagens vedtekter:

§ 4 – endring punkt b:

SFO har i tillegg ein dagleg leiar, eller ein assistent med koordineringsansvar. Det vert ikkje stilt krav om høgskuleutdanning for dagleg leiar, men utdanning innan barne- og ungdomsarbeid eller tilsvarande.

§4 - fjerning av punkt c:

Til kompetanseheving disponerer dei tilsette i SFO årleg ei tid tilsvarande sin jobbprosent av ei arbeidsveke (37,5 t).

§4 – nytt og endra punkt c:

Leiar for skulefritidsordninga bør skal kallast inn til møte i SU ved skulen i saker som gjeld skulefritidsordninga. Han/ho har då tale- og forslagsrett.

§5 – endring punkt b:

Skulane står fritt til å organisere SFO innanfor skulen sine tildelte ressursar til ordninga. Bruk av ressursar må til ei kvar tid vegast opp mot tryggleiken til borna. Som utgangspunkt for tilbod om morgonen må det vere minst tre born kvar dag, og ein må nytte seg av alternativ 2 eller 3, jfr. § 7b

§7 – endring punkt c:

SFO kan ha tilbod om morgonen før skuletid. Eit slikt tilbod må vegast opp mot ressursar i det totale tilbodet jfr. §7b.

§8 – endring punkt a:

Mot ekstra betaling har SFO ved Bergsøy skule ope ca. 5 veker i skulane sine feriar. Tilbodet krev minimum 6 påmelde born dagleg.

- frå 1. august og til skulestart
- i haust- og vinterferien
- frå skuleslutt og ut juni månad

§8 – endring punkt d:

Dette tilbodet er ope for elevar frå alle krinsane. Søknad skal rettast direkte til Bergsøy skule.

§9 – nytt punkt e:

I dei avdelingane der ein nyttar seg av foreldrebetalte trivselstiltak og/eller matpengar, skal slik betaling fakturerast. Avtale om faktureringstidspunkt skal avtalast mellom skulen og økonomiavdelinga.

§9 – nytt punkt f:

Dersom barnet blir henta for seint, slik at det utløyser utvida opningstid, vil ein bli belasta med eit gebyr på kr 100,- pr. påstarta halve time.

§ 10 OPPSEIING OG ENDRING AV Plass – endring i overskrift og punkt b:
Ved innmelding bind ein seg til periodar på minimum 3 – 3,5 mnd. Jfr § 6b-c

§10 – nytt punkt d

Kommunen kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for. Innkrevjing av uteståande beløp skal skje etter kommunen sine retningslinjer ved at Økonomiavdelinga sender varsel om oppseiing av plass, og varslar rektor og Skuleavdelinga om at plassen er oppsagt. Det skal betalast for heile perioden rekna frå oppseiingsdato, jfr § 10 c. Alle spørsmål vedkomande betaling, skal rettast til Økonomiavdelinga.

Involvering i revisjonsprosessen:

- Korrigeringane er gjort i samråd med SFO-leiar ved Bergsøy skule avd. Blåhaugen og med hovudtillitsvald i Fagforbundet, samt med rektorane. Økonomiavdelinga har også vore medverkande undervegs i prosessen.
- Endringsforslaget har også vore sendt til Økonomiavdelinga, som hadde sine forslag til endringar.
- Forslaget vart sendt til alle FAU/SU den 22. april 2016 med frist for svar 5. mai.

Det er er ikkje motteke motsegner til forslaga om endring.

Vurdering og konklusjon:

Dei føreslegne endringane vil medføre både auka tryggleik for borna og betre kontroll på kostnader.

Administrasjonen vil dermed tilrå at endringane vert vedtatt, slik at dei kan gjelde frå og med starten av eit nytt skuleår, frå 1.august 2016.

Fosnavåg, 11.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy
Avd.leiar

Sakshandsamar: Brit-Synnøve Torvik



Forslag om ny revidering gjeldande frå skuleåret 2016-17, endringar markert med raud skrift.

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE (SFO).

§ 1 RETNINGSLINER

- a. Drifta av skulefritidsordningane (SFO) skal vere i samsvar med lov og forskrift. (Jfr. Opplæringslova § 13-7)
- b. SFO skal drivast etter retningslinjer som er vedtekne i kommunestyret.
- c. SFO er eit tilbod til elevar på 1. – 4. trinn, og for born med særskilde behov på 1. – 7. trinn.
- d. Areal ute og inne skal vere eigna til formålet.
- e. SFO er eit frivillig tilbod i elevane si fritid, og foreldre må sjølve syte for ev. skyss av elevane.

§ 2 FORMÅL

- a. SFO skal legge til rette for lek , kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna.
- b. SFO skal gi borna omsorg og tilsyn.
- c. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

§ 3 EIGARTILHØVE

- a. Herøy kommune eig og driv skulefritidsordningane i kommunen.
- b. Ordninga vert administrert av skuleavdelinga.

§ 4 LEIING, STYRING OG ANSVAR

- a. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFO ved sin skule.
- b. SFO kan i tillegg ha ein dagleg leiar/assistent med koordineringsoppgåver. Det vert ikkje stilt krav om pedagogisk utdanning for dagleg leiar.

Ny b.
SFO **har i tillegg** ein dagleg leiar, eller **ein assistent med koordineringsansvar**. Det vert ikkje stilt krav om **høgskuleutdanning** for dagleg leiar, **men utdanning innan barne- og ungdomsarbeid eller tilsvarande**.

Punkt c blir fjerna. Uvesentleg for foreldre! Skal inn i arbeidsavtalen.

- c. **Til kompetanseheving disponerer dei tilsette i SFO årleg ei tid tilsvarande sin jobbprosent av ei arbeidsveke (37,5 t).**
- c. Leiar for skulefritidsordninga ~~bør~~ **skal** kallast inn til møte i SU ved skulen i saker som gjeld skulefritidsordninga. Han/ho har då tale- og forslagsrett.

§ 5 BEMANNING

- a. I tillegg til dagleg leiar/assistent med koordineringsoppgåver skal det tilsetjast assistentar etter behov.
- b. Skulane står fritt til å organisere SFO innanfor skulen si tildelte totalramme.

Nytt punkt b:

Skulane står fritt til å organisere SFO innanfor skulen sine tildelte ressursar til ordninga. Bruk av ressursar må til ei kvar tid vegast opp mot tryggleiken til borna. Som utgangspunkt for tilbod om morgonen må det vere minst tre born kvar dag, og ein må nytte seg av alternativ 2 eller 3, jfr. § 7b

- c. Rektor er ansvarleg for at SFO-tilbodet vert organisert på ein forsvarleg måte.
- d. Personalet må legge fram politiattest før tilsetjing. Jfr. § 10-9 i Opplæringslova.

§ 6 INNTAK AV BORN

- a. Foreldre sender søknad på elektronisk skjema. Søknadsskjema og vedtekter ligg på kommunen sine heimesider. Søknadsfrist er 1.april.
- b. SFO-året er delt i 3 periodar 1) aug.-nov. 3,5 mnd. 2) des.-feb. 3 mnd. 3) mars-juni 3,5 mnd.
- c. Rektor gjer opptaket og gir melding. Når ein elev har fått plass, har barnet plassen til føresette seier den opp (automatisk oppseiing etter 4.trinn). Eventuell klage skal leggjast fram for leiar i skuleavdelinga. Kommunen tek atterhald om at det er nok søkjarar til at SFO kan kome i gang i krinsen.
- e. I dei høve SFO ikkje har plassar nok til alle som søker i krinsen, må det gjerast ei prioritering etter følgjande kriterium:
 - Born som treng spesiell omsorg og støtte.
 - Borna sin alder, 1. årstrinn får prioritet.
 - Born av einslege forsyttarar.
 - Sjukdom i heimen.
 - Vanskelege bu- og leiketilhøve.
- d. Born som ikkje får plass etter hovudopptaket, vert sette på venteliste i den rekkefølge søknadene kjem inn.
- e. Det bør setjast av plassar til klage.

§ 7 OPNINGSTIDER

- a. SFO si opningstid er i samsvar med skuleruta for grunnskulen.
- b. Opningstida er inndelt i 3 alternativ:
 - Alternativ 1 (inntil 10 t/v)
 - Alternativ 2 (11 – 14 t/v)
 - Alternativ 3 (15 t/v og meir)
- c. SFO kan ha tilbod om morgonen før skuletid. Tid til dette må reknast inn i skulen si tildelte ramme.

Nytt punkt c:

SFO kan ha tilbud om morgonen før skuletid. Eit slikt tilbud må vegast opp mot ressursar i det totale tilbudet jfr. §7b.

§ 8 FERIE

a. Mot ekstra betaling har SFO ved Bergsøy skule ope ca. 5 veker i skulane sine feriar :

b. Mot ekstra betaling har SFO ved Bergsøy skule ope ca. 5 veker i skulane sine feriar.

Tilbudet krev minimum 6 påmelde born dagleg.

- frå 1. august og til skulestart
- i haust- og vinterferien
- frå skuleslutt og ut juni månad

d. Dette tilbudet er ope for elevar frå alle krinsane. Søknad skal ~~leverast til skulen eleven går på til vanleg. Denne skulen sender søknadene samla til~~ **rettast direkte til** Bergsøy skule.

e. Opningstida i SFO utanom skuleruta er 8 timar pr. dag.

§ 9 FORELDREBETALING

a. Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetalinga i samband med budsjett-behandlinga kvart år. Satsane følgjer skuleåret.

b. Betalinga er rekna ut etter 38 veker – som skuleruta, og er fordelt på 10 utsende krav: Ingen krav for august, 1 ½ krav for september, vanlege krav vidare til og med mai, ½ krav i juni.

c. Det vert gitt 25% søskenmoderasjon for 2. og ev. fleire barn frå same heim.

d. Tilbod i ferien ~~(§7)~~ **(§ 8)** kjem i tillegg til dei 38 vekene ein betalar for etter § 8 b. Det er eigne satsar og eigne krav for opphald i feriane.

Nytt punkt e:

I dei avdelingane ein nyttar seg av foreldrebetalte trivselstiltak og/eller matpengar, skal slik betaling fakturerast. Avtale om faktureringstidspunkt skal avtalast mellom skulen og økonomiavdelinga.

Nytt punkt f:

Dersom barnet blir henta for seint, slik at det utløyser utvida opningstid, vil ein bli belasta med eit gebyr på kr 100,- pr påbegynt halve time.

§ 10 OPPSEIING OG ENDRING AV Plass

a. Oppseiing/endring av plass skal skje elektronisk via [www.heroy.kommune.no/ skule og utdanning/ SFO](http://www.heroy.kommune.no/skule-og-utdanning/SFO)

b. Ved innmelding bind ein seg til periodar på minimum 3 – 3,5 mnd. **Jfr § 6b-c**

Periode 1: frå skulestart til 31. november.

Periode 2: frå 1. desember til 28./29. februar.

Periode 3: frå 1.mars til ut skuleåret.

c. Oppseiingsdatoar - **seinast:**

1) 31. mai (for periode 1 = dei som har automatisk plass til 2. - 3. og 4. trinn)

2) 30. september (for periode 2)

3) 31. desember (for periode 3)

d. Kommunen kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for, etter gjeldande prosedyrar for dette. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil elles bli lagt til grunn som avslag ved seinare søknad om opptak.

Nytt punkt d:

Kommunen kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for. Innkreving av uteståande beløp skal skje etter kommunen sine retningslinjer ved at Økonomiavdelinga sender varsel om oppseiing av plass, og varslar rektor og Skuleavdelinga om at plassen er oppsagt. Det skal betalast for heile perioden rekna frå oppseiingsdato, jfr § 10 c. Alle spørsmål vedkomande betaling, skal rettast til Økonomiavdelinga.

§ 11 NEDLEGGING AV SFO-ORDNING

Kommunen kan legge ned/endre drifta av ei skulefritidsordning i skuleåret med ei månads varsel.

§ 12 ANSVAR

- a. Skulefritidsordningane har ansvar for eleven i den tildelte opphaldstida.
- b. Herøy kommune har kollektiv ulykkesforsikring for elevane i den tida dei er i SFO.
- c. Internkontrollsystemet for skulen omfattar også SFO.

§ 13 FORELDREMØTE

Det bør haldast minst 2 foreldremøte pr. år. Første møtet skal haldast tidleg i haustsemesteret.

§ 14 TEIEPLIKT

Alle som arbeider i skulefritidsordningane, har teieplikt etter Forvaltningslova § 13.

Sist endra K.sak 120/13 26.09.13 Redigert 10.februar 2014
Herøy kommune skuleavdelinga.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 114/16 Hege og Geir Notøy 40/72 - Ferdigattest 11.05.2016 00:00:00

DS 115/16 Gnr 4 Bnr 288 Frådeling av to bustadtomter 04.04.2016 00:00:00

DS 116/16 Ferdigattest tilbygg 26/100 25.04.2016 00:00:00

DS 117/16 Ferdigattest garasjedel - 83/80 25.04.2016 00:00:00

DS 118/16 Marte Susann Remøy 38/227 seksjon 1 - Løyve til tiltak

19.04.2016 00:00:00

DS 119/16 Mellombels bruksløyve -34/244 - 1 og 3 etg. 27.04.2016 00:00:00

DS 120/16 Fosnavåg Butikkeiendom as - 38/2 m fl - IG heile tiltaket

25.04.2016 00:00:00

DS 121/16 Ferdigattest Heid tursti del 1 27.04.2016 00:00:00

DS 122/16 Radoslaw Uszynsici - 60/110 - Tilbygg 27.04.2016 00:00:00

DS 123/16 Hjalmar Frøystad - 20/32+97 - Garasje 28.04.2016 00:00:00

DS 124/16 Jan Truelsen - 60/32 - riving av bygg 28.04.2016 00:00:00

DS 125/16 Jarle Berge og Vidar Furesund - 29/12 og 353 - Endra plassering av bygg 02.05.2016 00:00:00

DS 126/16 Jarle Berge og Vidar Flusund - 29/12 - Endring ansvarsrett

27.04.2016 00:00:00

DS 127/16 Anja Bendal - 29/300 - carport/terrasse 02.05.2016 00:00:00

DS 128/16 Rose-Marie Kvalsund og Jan Erik Myrseth 29/349 - Mellombels bruksløyve 04.05.2016 00:00:00

DS 129/16 Ferdigattest - molo 25/77 04.05.2016 00:00:00

DS 130/16 Glenn Huldal - 34/358 - Tilbygg 09.05.2016 00:00:00

DS 131/16 Johanna Runde og Kjetil Olsen 9/118 - Ferdigattest 09.05.2016 00:00:00

DS 132/16 Bjørnar Leine Kvalsund - 36/97 - Garasje 11.05.2016 00:00:00

Referatsaker

Referatsaker



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunane i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		30328/2016/Q13	Heidi Nerland, 71 25 80 00 77	28.04.2016

Informasjon om vedtatt investeringsprogram for fylkesvegar 2017 - 2023

Investeringsprogram for fylkesvegar vart behandla i fylkestinget den 11.04.16 (sak T-10/16).

Samrøystes vedtak i Fylkestinget - 11.04.2016:

Fylkestinget vedtek investeringsprogrammet slik det no vert lagt fram, med følgjande endringar:

*Rassikring: Fv 63 Eidsdal - Geiranger
2017- 2018- 2019- 2020
35 - 80 - 150 - 150 mill. kroner.*

Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at nødvendig rassikring av fylkesveg 40 Lauvstad-Folkestad kjem med i rassikringsplanen for fylkesvegar i Møre og Romsdal.

*Trafikktryggingstiltak
9. Hasundkrysset Ulstein*

*Mindre utbetringar 15. Teige/Teigeneset Fv 20 - Nerlandsøybru.
Utbetring bruer (div. bruer) skal leggjast fram som eiga prioriteringssak, der flaskehalsar på grunn av nedskriving også skal vurderast. Eventuell omprioritering av løyvinga til Holte bru-Løfall vert å komme tilbake til i eiga sak. Som nye prosjekt prioriterer fylkestinget som nr 6 Tunheim i Vanylven kommune og nr 7 Kleive-Nesbøen i Molde kommune. Organisering av arbeidet og framdrift for Nerlandsøybrua vert å komme tilbake til i eiga sak.*

Om investeringsprogram, økonomiplan og plan- og byggeprogram

Investeringsprogrammet er ein rullerande plan over fylkesvegprosjekt som er prioriterte for realisering. Programmet er i utgangspunktet 10-årig med hovudrullering kvart fjerde år. Rulleringa i år er ein mindre omfattande gjennomgang kor ein ikkje har sett på vilkår for prioriteringar. Det er berre i dei tilfella der det har komme vesentleg ny informasjon om prosjekt at det er gjort omprioriteringar. Neste hovudrullering kjem neste år.

Det er gjeldande økonomiplan som avgjer dei økonomiske rammene og dermed kor langt vi kjem på prioriteringslista (investeringsprogrammet). Økonomiplan blir vedtatt av fylkestinget i desember kvart år.

Prosjekt som kjem til realisering inneverande og kommande år vert vedtatt ved årleg behandling av plan- og byggeprogrammet. Samferdselutvalet behandla plan- og byggeprogram for 2016-2017 i møte den 03.02.16 (sak SA-12/16).

Saksdokument til alle politiske møte er å finne i fylkeskommunen sin møtekalender: <http://mrfylke.no/Politikk/Moeteplan>

Samla vurderingar av årets investeringsprogram

Dei stramme økonomiske rammene gjer at berre ein liten del av prosjekta på prioriteringslista kjem til realisering innafor denne investeringsprogramperioden (tom 2023). Ein konsekvens av at mange prioriterte prosjekt ikkje ligg inne med løyving i perioden, er at kommunane ikkje kan søke om å få forskottere.

Fylkeskommunen er likevel langt frå å legge fram eit investeringsprogram i balanse. Samla underskott for investeringsprogramperioden (2017- 2023) inkludert tillegg vedtatt i fylkestinget er over **1, 4 mrd. kroner**.

Storparten av kostnadene er økonomiske bindingar i form av forskriftskrav (som tunnelsikkerheitsforskrifta) og/eller nødvendige tiltak for å halde veglenkjer opne. Dersom Møre og Romsdal fylkeskommune skal kunne ha økonomisk berekraft til å handtere store investeringar i m.a. tunnelsikkerheit, må vi skaffe oss økonomisk handlingsrom ved å halde igjen på andre investeringar i tillegg til å redusere det generelle driftsnivået.

Førsteprioritet i investeringsprogrammet er å halde veglenker opne. Nedprioritering av vedlikehald på det noverande tidspunktet vil gjere kostnadene til vedlikehald større på lang sikt. Som ein ansvarleg vegeigar må vi ta vare på det vegnettet vi har. Å fjerne forfall på dagens vegnett er naudsynt for samfunnet. Samtidig skal Møre og Romsdal fylkeskommune vere ein regional utviklingsaktør. I dette ligg at vi bør satse på prosjekt som styrkar bu-, arbeids- og serviceregionane våre. Det store vedlikehaldsetterslepet på vegnettet i Møre og Romsdal gjer det særst vanskeleg å ivareta dette omsynet i prioriteringar av fylkesvegprosjekt.

Vedtatt investeringsprogram 2017-2023 er vedlagt dette brevet.

Med helsing

Arild Fuglseth
samferdselssjef

Heidi Nerland
rådgivar

Investeringsprogram fylkesvegar 2017–2023 og forslag til prioritering etter 2023 (el. tidlegare ved høgre rammer)

Beløp i mill 2016–kroner inklusiv mva. [Moglege bypakkeprosjekt i blått.](#)

Anslag/ bh-overslag
Forenkla anslag, snittprisar
Grove estimat

Kostnadsramme for prosjekta = Prisjustert anslag (P50) + 10 % usikkerheit.
Prisjustering frå 2015 til 2016 er sett til 2,9 %

IA Ikkje aktuelt

Prioritet i sist inv.program	Ny prioritet	Fv nr	Kommune	Prosjekt	2017	2018	2019	2020–2023	SUM 2017–23	Venta totalokostnad/ kostnadsramme prosjekt	Merknad
Store prosjekt											
1	1	659	Haram/ Sandøy	Nordøyvegen	100,0	700,0	700,0	2 049,0	3 549,0	3 670,0	Venta totalokostnad = P85–kostnad (kostnadsramme), jf. KS2–rapport, i 2015–kr. . Jf. tidlegare vedtatt investeringsprogram. Kostnaden er basert på gjennomsnittleg kostnad av dei vurderte alternativa og har ein usikkerheit på +/- 40 %.
2	2	670	Sunndal/ Surnadal	Trollheimstunnelen/ Kryssing av Todalsfjorden.				25,0	25,0	2 550,0	
3	3	Div.	Div.	Fjordkryssingar: Langfjordtunnelen, Talgsjøtunnelen, Storfjordsambandet, Rovdefjordbrua, Sande Fastlandssamband, Aukra – Midsund.					0,0	IA	Planleggingsmidlar til dei store fjordkryssingane. Uprioritert liste. Ikkje talfesta.
Sum store prosjekt					100,0	700,0	700,0	2 074,0	3 574,0	6 220,0	
Mellomstore prosjekt											
Sum mellomstore prosjekt					0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	
Bypakkar i Møre og Romsdal											
1	1	Div.	Kristiansund	Bypakkane i Møre og Romsdal					0,0	96,0	Kollektivtiltak i Kristiansund, jf. T–37/14. Investeringsstiltak i Molde og Ålesund ligg allereie i inv.programmet, fordelt på andre programområde (mindre utbetringar og trafikktryggingstiltak).
Sum bypakkar					0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	96,0	
Programområda											
Mindre utbetringar (Ferjekaier)											
2	1	650	Stranda	Liabygda ferjekai. Fornying av anlegg	5,5				5,5	53,5	Ferdigstilling av anlegget i 2017.
3	2	668	Molde	Mordalsvågen ferjekai. Fornying av anlegg	15,0				15,0	79,2	Løyving i 2017 er knytt til føresetnad om minimumsløysing på Mordalsvågen fk, dvs. utbetring av eks. kai. Framleis uavklara om statleg tilskott på 38 mill. 2015–kr for bruk av kaia som reservekai for Molde – Vestnes er aktuelt. Totalokostnad gjeld nytt anlegg.
Nytt	3	413	Molde	Molde fk. Vest (Sekken)					0,0		Forprosjekt i 2016 vil synleggjere investeringsbehovet.
4	4	63	Norrdal	Linge ferjekai. Fornying av anlegg					0,0	50,0	Prioriteringa av ferjekaier er basert på vurdering av tilstanden på ferjekaiene og venta restlevetid. Vi vil i 2016 ha ein større gjennomgang av tilstanden på ferjekaiene i Møre og Romsdal, og det vil truleg bli endringar i prioriteringane etter dette. Fleire ferjekaier har tidlegare ikkje vore prioritert m.a. pga. planar om ferjeavløysing.
5	5	63	Norrdal	Eidsdal ferjekai. Fornying av anlegg					0,0	50,0	
6	6	216	Aukra	Småge ferjekai. Ny tilleggskai (den kaia ferja legg til ved)					0,0	20,0	
7	7	413	Molde	Sekken ferjekai. Ny tilleggskai (den kaia ferja legg til ved)					0,0	20,0	
8	8	682	Aure	Arasvika ferjekai. Fornying av anlegg					0,0	50,0	
9	9	682	Halsa	Hennset ferjekai. Ny tilleggskai (den kaia ferja legg til ved)					0,0	20,0	Beredskap/ samfunnssikkerheit. Driftsavbrott har store samfunnsmessige konsekvensar. Ny kai gir auka beredskap, betre trafikkavvikling og auka trafikkssikkerheit, samt innsparte driftskostnader (kortare overfart).
10	10	216	Aukra	Aukra reserveferjekai.					0,0	50,0	
11	11	61	Sula	Sulesund ferjekai. Ny kai og tilhøyrande landområde					0,0	136,0	
Sum mindre utbetringar (Ferjekaier)					20,5	0,0	0,0	0,0	20,5	528,7	
Mindre utbetringar (Bruer)											
Nytt		Div.	Div.	Div. utbetringstiltak, bruer	5,0	5,0	5,0		15,0	IA	Ekstraløyving for å kunne oppretthalde same bereevne/bruksklasse på ein del bruer som i dag, og ev. for å legge til rette for tømmetransporten, jf. vedtatt øk.plan. Vedtak i FT: Utbetring bruer (div. bruer) skal leggjast fram som eiga prioriteringssak, der flaskehalsar på grunn av nedskriving også skal vurderast.
Nytt		254	Averøy	Babrua	2,0				2,0	2,0	Spesialinspeksjonsrapport datert 2.2.2016 tilseier behov for ny bru med det første.
1	1	62	Sunndal	Drivabrua	19,0				19,0	124,0	Oppstart 2015. Ferdigstilling i 2016. Sluttoppgjer m.m. i 2017.

Prioritet i sist inv.program	Ny prioritet	Fv nr	Kommune	Prosjekt	2017	2018	2019	2020–2023	SUM 2017–23	Venta totalkostnad/ kostnadsramme prosjekt	Merknad
2	2	654	Herøy	Herøybrua	15,0	2,0			17,0	17,5	Betongarbeid – hovedsøyler har alvorlege skadar. Val av teknisk løysing pågår.
3	3	390	Ålesund	Steinvågbrua		15,5			15,5	15,5	Betongarbeid. Val av teknisk løysing pågår
4	4	658	Giske	Giskebrua			32,0		32,0	32,0	Stor kloridbelastning. Val av teknisk løysing pågår. Alternativer er: Kle inn eller KB–anlegg (Ikkje kostnadsrekna).
5	5	64	Rauma	Vikelvbrua				2,0	2,0	2,0	Utskifting av rør
6	6	64	Eide	Brandseterbrua				2,0	2,0	2,0	Utskifting av rør
8	7	61	Herøy	Sætrebrua				8,0	8,0	8,0	Val av teknisk løysing pågår. Alternativ er ombygging/ forsterking eller ny bru.
9	8	680	Aure	Sållåsundbrua (Solheimssundbrua)				8,0	8,0	8,0	Betongarbeid. Val av teknisk løysing pågår
10	9	18	Herøy	Rundebrua				53,0	53,0	53,0	Betongarbeid – hovedsøyler har alvorlege skadar. Skifte av KB–anlegg. Val av teknisk løysing pågår
11	10	20	Herøy	Nerlandsøybrua	20,0	24,0	140,0	239,3	423,3	423,3	Ny bru. P50 er 374 mill. 2015–kr for brualternativ 10. Midlane kan ikkje fordelast som i øk.planen. Vedtak i FT: Organisering av arbeidet og framdrift for Nerlandsøybrua vert å komme tilbake til i eiga sak.
12	11	64	Rauma	Åndalsnes				10,0	10,0	10,0	Ny bru. Behov for reguleringsplan. Anslag på heile prosjektet er ikkje gjennomført.
13	12	680	Aure	Mjosundbrua				16,0	16,0	16,0	Overflatebehandling av stålkonstruksjoner
14	13	18	Herøy	Remøybrua					0,0	423,3	Ny bru. Føresetnad om tilsvarande kostnader som på Nerlandsøybrua.
15	14	64	Eide	Hulvågbrua				32,0	32,0	32,0	Nytt KB–anlegg. Stor kloridbelastning. Bør ev. kombinrast med fleire vedlikehaldstiltak. Omfang og naudsynt tidspunkt for gjennomføring må kartleggast betre.
16	15	191	Neset	Osbrua					0,0	32,0	Ny bru pga. lågare bereevne enn vegnettet rundt (flaskehals for tungtrafikken). Behov for reguleringsplan. Anslag på heile prosjektet er ikkje gjennomført.
17	16	64	Molde	Bolsøybrua					0,0	32,0	Kle inn, alternativt KB–anlegg (Ikkje kostnadsrekna). Val av teknisk løysing pågår
18	17	65	Rindal	Bolmebrua					0,0	53,0	Ny bru. Behov for reguleringsplan. Anslag på heile prosjektet er ikkje gjennomført.
19	18	669	Smøla	Kulisvabrua					0,0	16,0	Rekkverk, stål, betong
20	19	60	Stranda	Ørvollsbrua					0,0	2,0	Utskifting av rør
21	20	669	Smøla	Verjeskiftbrua					0,0	21,0	Skifte av eks. KB–anlegg.
22	21	61	Vanylven	Åheimsbrua					0,0	26,0	Viser til fylkestingsvedtak i sak T–61/13, der Åheimsbrua vert flytta fram til perioden 2018–2023. Må vurdere prioritering i nytt investeringsprogram 2018–2027.
23	22	61	Ulstein	Dragsundbrua					0,0	126,0	Ny bru. pga trafikale tilhøve. (Eks. bru er smal og er uoversiktleg pga skarp høgbrekk)
24	23	650	Ørskog	Steinholtbrua					0,0	21,0	Brua er ei ettfelts bru som står i Bk8. Det er mogleg med omkjøring, men dersom brua skal ha ei anna lastklasse er det behov for ny bru. Dette vil i så tilfelle avlaste fv 103, Giskemovegen. Det er behov for reguleringsplan, og totalkostnader basert på anslag for heile prosjektet er ikkje rekna på. Prosessen har ikkje starta.
25	24	397	Ålesund	Tjørsundbrua					0,0	47,0	Brua er ei ettfelts bru som står i BkT8. Dersom brua skal over i anna lastklasse el. ha fleire felt med fortau, er det behov for ny bru. Behov for reguleringsplan og totalkostnader basert på anslag for heile prosjektet er ikkje rekna på. Prosessen har ikkje starta.
26	25	661	Haram	Vatne bru					0,0	3,0	Eittfeltsbru.
27	26	65	Rindal	Holte bru					0,0	0,0	Trafikale tilhøve.
28	27	655	Ørsta	Høgebrua					0,0	0,0	Ny bru med tilstøytande vegar. Smal bru og skarp kurvatur er hinder for tungtrafikken.
Sum mindre utbetringar (Bruer)					54,0	41,5	172,0	370,4	637,9	1 545,8	
Mindre utbetringar (Tunnelar)											
2	1	658	Giske	Godøytunnelen	120,0	156,0	31,5		307,5	314,0	Det er gjennomført eit overslag, basert på naudsynt opprusting og krav i tunnelsikkerheitsforskrifta. Det er usikkerheit knytt til marknad, risikovurdering, trafikkavvikling m.m. Det er ein føresetnad at tiltaket vert utført samstundes med og organisert i same prosjekt som rehabilitering av Ålesundstunnelane.
Nytt	2	Div.	Div.	DAB–fv–tunnelar	16,0				16,0	16,0	FM–nettet skal fasast ut og erstattast med DAB. Radiosamband er ein del av den naudsynte sikkerheitsutrustinga i tunnelane, og vil uansett vere eit krav etter tunnelsikkerheitsforskrifta i aktuelle tunnelar. Det er i februar 2016 lyst ut ein regional konkurranse for riksvegtunnelane, der fylkesvegtunnelane inngår som opsjon i kontrakten.
Nytt	3	Div.	Div.	Tiltak etter tunnelsikkerheitsforskrifta				642,0	642,0	800,0	Jf. øk.plan 2016–2019, samt eiga sak om oppfylling av tunnelsikkerheitsforskrifta.
Sum mindre utbetringar (Tunnelar)					136,0	156,0	31,5	642,0	965,5	1 130,0	

Prioritet i sist inv.program	Ny prioritet	Fv nr	Kommune	Prosjekt	2017	2018	2019	2020–2023	SUM 2017–23	Venta totalkostnad/ kostnadsramme prosjekt	Merknad
Mindre utbetringar (Andre investeringar)											
Nytt		Div.	Div.	Div. mindre utbetringar	5,0				5,0	10,0	Ekstraløyving til utbetring av div. punkt, t.d. for å hindre utgliding o.l., jf. vedtatt øk.plan.
Nytt		Div.	Div.	Adresseskilting	2,7				2,7	3,3	Lovpålagt skilting, jf. eiga sak.
3	1	404	Molde	Knausenlinja					0,0	205,0	Prosjektet vil truleg inngå som del av bypakken i Molde, der ein stor del av kostnaden vert finansiert med bompengar.
5	2	680	Aure	Kjørsvikbugen	16,0				16,0	22,0	Breiddeutviding.
6	3	654	Herøy	Skarabakken i Fosnavåg	10,5				10,5	27,5	Breiddeutviding, fortau. Kommunen forskotterer i 2016. Refusjon av forskottert beløp i
7	4	654	Herøy	Indre Herøy u.skule – Stokksund					0,0	58,4	Byggje ca 600 m ny veg, nytt kryss med fv. 10. + gang- og sykkelveg.
8	5	61	Hareid	Oppgradering stikkrenner, Hareidsdalen					0,0	10,5	Flomproblematikk – behov for auka dimensjon på stikkrenner.
9	6	61	Sande	Årvik fk, landområde					0,0	21,0	Utbetring av landområdet.
10	7	64	Rauma	Åfarneset					0,0	5,0	Breiddeutviding, siktutbetring (ferjekøa kan stå der)
11	8	18	Herøy	Leinebygda					0,0	42,0	Breiddeutviding. Kommunen må dekkje kostnader til g/s-veg langs fylkesvegen.
12	9	661	Skodje	Palmesvingen, utretting					0,0	42,0	Utretting og opparbeiding av g/s-veg på strekninga.
13	10	650	Stranda	Overå–Liabygda (ved utsiktspunkt)					0,0	10,5	Breiddeutving av smalt parti (sving)
14	11	60	Stranda	Ringstad					0,0	0,0	Nytt kryss (rundkjøring)
Nytt	12	20	Herøy	Teige/Teigeneset – Nerlandsøybrua					0,0	0,0	Ikkje kostnadsrekna. Vedtak i FT: Prioritet 12.
Sum mindre utbetringar (Andre investeringar)					34,2	0,0	0,0	0,0	34,2	457,2	
Gang- og sykkelvegar											
		Div.	Div.	Tiltak etter sykkelveginspeksjoner	3,1	4,5			7,6	1A	Utbetring av eksisterande gang- og sykkelvegar.
4	1	65	Surnadal	Vindøla – Røv		22,5	20,0		42,5	42,5	
5	2	61	Sande	Almestad–Gurskebotn	5,0				5,0	26,4	Gang-og sykkelveg. Oppstart 2016, ferdigstilling i 2017.
6	3	65	Rindal	Holte bru–Løfall					0,0	31,8	Gang-og sykkelveg. Anslag gj.ført før ferdig reg.plan/ grunnundersøking. Reg.plan ferdig mai/juni 2016. Øvre Rindal skole skal leggst ned frå skuleåret 2016/2017. Vedtak i FT: Eventuell omprioritering av løyvinga til Holte bru–Løfall vert å komme tilbake til i eiga sak. Som nye prosjekt prioriterer fylkestinget som nr 6 Tunheim i Vanylven kommune og nr 7 Kleive–Nesbøen i Molde kommune.
7	4	60	Stranda	Ringstad				4,1	4,1	4,1	Tilskott til kommunen (refusjon for utbygd fortau)
8	5	61	Ulstein	Garnes–Dragsund					0,0	10,0	Gang- og sykkelveg på ei kort strekning, inkl. 2 busslommer (1 mill. kr). Ikkje regulert.
9	6	62	Molde	Kleive–Nesbøen	5,0	18,0	3,0		26,0	26,2	Gang- og sykkelveg, breiddeutviding av fv. Reg.plan ferdig mai/juni 2016.
10	7	61	Vanylven	Tunheim	9,0	3,5			12,5	13,5	Delvis kombinert gsv og tilkomstveg. Kommunen har regulert.
11	8	61	Herøy	Djupvika–Nykrem					0,0	17,0	
		61	Herøy	Leikong krk.–X kv Leikongbakken					0,0	14,0	
12	9	60	Stranda	Ringstad – Korsbakken x fv 81					0,0	31,0	
		62	Neset	Brekken–Toven (x fv 660)					0,0	57,0	
13	10	62	Neset	Jevika – Hargaut–Hammervoll (utvida oppr. strekn.)					0,0	70,0	Gang- og sykkelveg (må kanskje bruke kommunal veg som gangveg delar av strekninga). (Ny pris= Hammervold – Rød)
14	11	64	Averøy	Bruhagen (Ak–banen–Kverneskrysset)					0,0	27,0	
		64	Averøy	Hol – Ba					0,0	47,0	Kommunen har regulert.
15	12	64	Averøy	Bådalen – Veбенstad					0,0	50,0	Kommunen har regulert.
16	13	664	Fræna	Gule – Bud (kyrkjegarden)					0,0	36,0	
17	14	655	Ørsta	Dalane skule					0,0	3,5	Gang- og sykkelveg ved skulen (400 m)
		61	Vanylven	Eidsåbakken					0,0	14,5	
18	15	61	Vanylven	Eidså					0,0	9,5	Fortau / gang-sykkelveg
											Må legge inn midlar i 10-årsperioden sidan kommunen har fått løyve til å forskottre inntil 21 mill. kr.
19	16	650	Ørskog	Amdam–Giskemo (kryss med fv 103)				21,0	21,0	31,0	
20	17	680	Aure	Tømmervåg–Engvika					0,0	23,0	
21	18	63	Norddal	Sylte – Berdalsbrua (x veg til Jamtegard)					0,0	9,5	
22	19	666	Gjemnes	Batnfjordsøra (ved Løvoll)					0,0	7,0	
23	20	656	Skodje	Valle – Jovikhaugen					0,0	69,4	Gang- og sykkelveg og undergang Valle. Undergangen isolert sett er rekna til ca. 10 mill.
24	21	61	Vanylven	Åheim–Tue					0,0	9,5	Gang- og sykkelveg, inkl. ca 60 m gsv-bru over Åheim-elva
25	22	669	Smøla	Innsmøla (Rossvollkrysset–skolen)					0,0	9,0	
				Samanhengande g/s-veg ved bilopphoggeri					0,0	3,0	Samanbinding av eks. gang- og sykkelveg
26	23	64	Fræna	Malmevfjorden (Shell–x bustadfelt)					0,0	8,5	
				Sandvegen (x Bj.Bjørnsonsgt.– x Julsundvegen)					0,0	5,5	Tosidig fortau.
27	24	662	Molde						0,0		
28	25	60	Sykkylven	Ørsneset–Hjellegjerde					0,0	19,5	
29	26	661	Skodje	Straumen – Digernes krysset					0,0	22,0	
30	27	650	Stordal	Mo–Øvrebust					0,0	44,0	
Sum gang- og sykkelvegar					22,1	48,5	23,0	25,1	118,7	791,9	
Trafikktryggingstiltak											

Prioritet i sist inv.program	Ny prioritet	Fv nr	Kommune	Prosjekt	2017	2018	2019	2020–2023	SUM 2017–23	Venta totalkostnad/ kostnadsramme prosjekt	Merknad
		Div	Div.	Div. mindre TS-tiltak MR	3,1	2,1			5,2	IA	Jf. sak 3/14 i FTU.
1	1	64	Molde	Årødalen, Molde	35,8	48,2			84,0	85,0	Ombygging av kryss med fv 405/ Tustentunnelen. Byggherreoverslag for dette prosjektet er ikkje klart enno, men ligg truleg rundt 20 mill. over tidlegare avsett beløp.
2	2	663	Fræna	Elnesvågen		16,2			16,2	27,0	Tilskott til rundkjøring nr. 2. I tillegg skal 11 mill. kr refunderast til Fræna kommune for forskottert rundkjøring (2012). Refusjon i 2018.
3	3	662	Molde	Kvam/Kringstadvegen					0,0	27,5	Ombygging til rundkjøring. Føresetnad om at kommunen tek ein stor del av kostnaden. Beløp må avklarast med kommunen.
4	4	662	Molde	Sandvegen ved A.Krohgs gt. og kryss med Bj.stjerne Bj.sonsveg.					0,0	33,0	Utbetre linjeføring, kryssutbetring 2 kryss, fortau
5	5	654	Herøy	Frøystadtoppen	4,1				4,1	26,0	Gsv-undergang. Kommunen forskotterer utbygging i 2016. Refusjon av forskottert beløp i 2018.
6	6	656	Skodje	Valle					0,0	28,0	Det er rekna samla kostnad for gang- og sykkelveg Valle – Jovikhaugen og undergang Valle. Sjå over. Kostnaden her er for 1. bst. og inngår i totalkostnaden.
7	7	61	Sula	Furneskrysset (kryss fv 61/ fv 657)				22,0	22,0	22,0	Ombygging av krysset. Kommunal forskottering?, jf. eiga sak.
8	8	659	Haram	Hagen					0,0	18,0	Gangvegundergang og 130 m gsv
11	9	61	Ulstein	Hasundkrysset (Dimna)					0,0	17,0	Ombygging av krysset, venstresvingefelt. Vedtak i FT: Prioritet 9.
9	10	60	Ålesund	Blindheimshallen–Hatlehol					0,0	250,0	Kryssombygging, undergangar. Reg.plan inneheld også løysingar for sykkel og kollektivtrafikk. Inngår i bypakke Ålesund.
10	11	62	Sunndal	Sunndalsøra – Håsenkrysset					0,0	24,0	Kryssombygging til rundkjøring. Kommunen/ utbygger bør delta i finansieringa når det gjeld arma til næringsarealet. Beløp må avklarast.
12	12	64	Rauma	Åndalsnes (x E136 til sentrum)					0,0	34,5	TS-tiltak (m.a. oppstramming av kryss)
13	13	61	Hareid	Hareidsdalen					0,0	5,5	Avkjørselssanering
14	14	60	Sykkylven	Aure bru (kryss fv 60/ fv 73)					0,0	16,0	Rundkjøring
15	15	60	Stranda	Ringstad skule, Stranda					0,0	16,0	Fotgjengarundergang
16	16	61	Sula	Mauseid					0,0	10,5	Gangbru over fylkesvegen
17	17	60	Ålesund	Emblemsvåg					0,0	21,0	Kryssombygging, undergangar – byggesteg?
Sum trafikktryggingstiltak					43,0	66,5	0,0	22,0	131,5	660,9	
Miljø- og servicetiltak											
		Div.	Div.	Støyreducerande tiltak	0,4	0,4	8,0		8,8	IA	Tiltak med utg.pkt i krav i forureiningslova. Ny kartlegging i 2016. Binding.
		Div.	Div.	Tiltak for universell utforming	0,6	0,6			1,2	IA	Tilskott til kommunane.
1	1	659	Haram	Brattvåg		5,5			5,5	5,5	Tettstadtiltak – opprusting gangareal, fartsdempande tiltak, busslommer. Kommunen står for utbygging. Tilskott til kommunen vert utbetalt i 2018.
2	2	64	Eide	Skarvøya, Atlanterhavsvegen		1,0			1,0	1,0	Opprydding og fjerning av kiosk for å legge til rette for nytt utsiktspunkt.
3	3	62	Neset	Eidsvåg					0,0	10,5	Tettstadtiltak – fartsreducerande tiltak, kantstein, flytting av fartshumpar/ oppheva gangfelt. Tilskott til kommunen.
4	4	64	Averøy	Bruhagen					0,0	16,0	Tettstadtiltak – fartsreducerande tiltak, inkl. rundkjøring. Tilskott til kommunen.
5	5	64	Eide	Eide					0,0	5,5	Tettstadtiltak – fartsreducerande tiltak. Tilskott til kommunen.
6	6	60	Stranda	Stranda sentrum					0,0	4,1	Tilskott (refusjon) til kommunen
7	7	655	Ørsta	Sæbø					0,0	4,5	Tettstadtiltak, ikkje konkrete planar, ikkje kostnadsrekna.
8	8	661	Haram	Vatne					0,0	4,5	Tettstadtiltak, ikkje kostnadsrekna.
9	9	650	Stordal	Stordal sentrum					0,0	4,5	Tettstadtiltak, ikkje konkrete planar, ikkje kostnadsrekna.
Sum miljø- og servicetiltak					1,0	7,5	8,0	0,0	16,5	56,1	
Kollektivtiltak											
			Div.	Diverse stader (busslommer og knutepunkt)	3,1	3,1			6,2	IA	80–90 % av årleg løyving til kollektivtiltak går til oppgradering og universell utforming av busslommer og knutepunkt, i samsvar med prioriterte strekningar. 10–20% av årleg løyving til kollektivtiltak bør nyttast til oppsetting av leskur, etter vurdering av innkomne søknader/ reg. behov.
Sum kollektivtiltak					3,1	3,1	0,0	0,0	6,2	0,0	
Planlegging											
		Div.	Div.	Planlegging	4,3	6,0	2,0	8,0	20,3	IA	Burde vere 10 mill. kr i året til planlegging. Fylkestinget har vedtatt følgjande: Planleggingsmidlar må avsetjast slik at etterslepet kan gjentakast, m.a. bruer. Det er ikkje talfesta kva behovet for midlar til planlegging av ettersleppsprosjekt er.
Sum planlegging					4,3	6,0	2,0	8,0	20,3	0,0	
Grunnerverv											
		Div.	Div.	Grunnerverv	1,0	1,0			2,0	IA	Om lag 1 mill. kr i året til grunnerverv utanom definerte prosjekt.
Sum grunnerverv					1,0	1,0	0,0	0,0	2,0	0,0	
Sum programområda					319,2	330,1	236,5	1 067,5	1 953,3	5 266,6	
Sum investeringar (eksklusiv rassikring)					419,2	1 030,1	936,5	3 141,5	5 527,3	11 486,6	Programområda + store prosjekt

Prioritet i sist inv.program	Ny prioritet	Fv nr	Kommune	Prosjekt	2017	2018	2019	2020-2023	SUM 2017-23	Venta totalkostnad/ kostnadsramme prosjekt	Merknad
Prioritet i sist inv.program	Ny prioritet	Fv nr		Prosjekt	2 017	2 018	2 019	2020-2023	SUM 2017-23		Merknad
Rassikring											
1	1	60		Røyr – Hellesylt, byggesteg 3	39,0				39,0	640,0	Ingen endringar i totalprognose, samanlikna med opprinneleg overslag; 590 mill. 2013-kr.
Nytt	2	63		Eidsdal – Geiranger (Indreeide-Korsmyra)	35,0	80,0	150,0	150,0	415,0	782,9	Anslag 2015
Sum rassikring					74,0	80,0	150,0	150,0	454,0	1 422,9	
Økonomisk ramme					984,6	1 032,2	929,5	1 620,5	4 566,8		
Avvik (skal vere null)					491,4	77,9	157,0	1 671,0	1 414,5		
År					2 017	2 018	2 019	2020-2023	SUM 2017-23		
Økonomisk ramme, programområde (jf vedtatt økonomiplan):					189,5	271,3	157,0		617,8		
Estimert økonomisk ramme 2020-2023:								460,0	460,0		Føresetnad om 115 mill. kr i årleg ramme.
Ramme Nordøyvegen:					756,1	760,9	772,5	1 160,5	3 450,0		
Ramme Rassikring:					39,0				39,0		
Disponibel økonomisk ramme					984,6	1 032,2	929,5	1 620,5	4 566,8		